



## FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

### MASTEROPPGÅVE

Studieprogram:	Haust- og vårsemesteret, 2019/2020
Lektorutdanning for trinn 8-13 LMHIMAS – Historiedidaktikk masteroppgåve	Open
Forfattar: Livar Apeland	.....Livar Apeland..... (signatur forfattar)
Rettleiar: Roald Berg	
Tittel på masteroppgåva: Eit stykke Israel i Noreg: Arthur Berg og Midtausten-konflikten, 1957-1985	
Engelsk tittel: A piece of Israel in Norway: Arthur Berg and the Middle East-conflict, 1967-1985	
Emneord:  Dagen, Arthur Berg, Israel, Midtausten, Jødefolket, Bedehuskulturen, Bedehusfolket, Tru, Politikk	Tal på sider: 101 + vedlegg/anna: 105  Stavanger, 25.08.2020 Dato/år

## **FORORD**

Omsider kom dagen det skulle bli satt eit punktum for denne masteroppgåva. Slik min rettleiar sa til oss studentar han skulle rettleie, så er ei masteroppgåve verkeleg eit arbeid. Dette arbeidet har vore lærerikt, samstundes som det òg har vore strevsamt. Det at eg har kome med hit, skuldar eg fleire ein takk for.

Først og fremst vil eg takka min rettleiar, professor Roald Berg, for all hjelp han har gjeve meg på vegen. Utan han hadde eg ikkje denne oppgåva funne stad. Han har gav meg eit spennande spor å følgje som skulle vise seg å bli sjølve senteret for denne oppgåva. Hans innsikt og kunnskap har vore til umåteleg hjelp for arbeidet mitt. Sjølv om oppgåvas progresjon let seg prega av pandemien som råka landet, skal han ha stor del i æra for at eg nå står med vegs ende med denne oppgåva.

Eg vil òg takka Odd Sverre Hove og Johannes Kleppa for deira innsikt og innspel om Arthur Berg og bedehuskulturen. Det har vore til stor hjelp å kunne diskutere og spør dei til råds om spørjemål eg måtte underveis. Ei stor takk skal òg rettast til Anders Nilsen og personalet hjå Bergen Byarkiv for all hjelp og tilrettelegging under arkivarbeidet der. Sivert Fredly skal òg takkast for hjelpen han gav i korrekturarbeidet i oppgåvas sluttfase, og for naudsynte sosiale friminutt underveis i arbeidet.

Til slutt vil eg takke min kone for all hennar stønad under arbeidet med masteroppgåva. Utan ho hadde eg ikkje kome i mål. Takk for at du løyste opp tankane når dei gjekk i stå. Takk for at du støtta meg og oppmuntra meg, og for at du alltid hadde tru på at eg vil greie dette, sjølv når eg ikkje gjorde det. Det er eg evig takknemleg for.

## SAMANDRAG

Denne oppgåva tek føre seg forholdet mellom tru og politikk blant det norske bedehusfolket i møte med Midtausten-konflikten. Innfallsvinkelen min er den tidlegare sjefredaktøren i Dagen, Arthur Berg, og korleis han meinte kristne utifrå eit bibelsk perspektiv og politisk perspektiv burde tilnærma seg Midtausten-konflikten. Tidsrommet eg ser på er Arthur Bergs sjefredaktørtid, altså 1957 til 1985.

Forholdet tru og politikk er eit tema som i stor grad har blitt neglisjert innføre akademisk forsking. Eg meiner tru i politikken er noko som må bli tatt på alvor. Noreg bærer preg av å ha vore eit svært kristent land, noko eg meiner folks haldning til Midtausten-konflikten, og då særleg Israel, har lete seg påverke av. Midtausten-konflikten har vore gjenstand for debatt i ei årrekke. Blant kristne er det usemje om korleis ein skal tilnærma seg Israel og Midtausten-konflikten. Kristnes politiske vurdering av Midtausten-konflikten og haldning til Israel har ofte lete seg påverke av eins bibelske overtyding.

Arthur Berg var blant dei sterkeste forsvararane av Israel. Han var overtyda om at visse landlovnader var blitt gjeven til Israel av Gud, som etter denne teologiske læra vart oppfylte ved opprettinga av staten Israel. Sjølv om Berg haldt eit slikt bibelsk syn, let han ikkje bibelske argument danna grunnlaget for si politiske vurdering av Midtausten-konflikten. Til dette blei krigsetikk brukt, og då i hovudsak «rettferdig krig»-tradisjonen.

Arthur Berg var klar på at kristne burde støtta Israel, sjølv om dei ikkje delte hans teologiske syn på profetianes aktualitet for samtidas Israel. Jødane har opplevd mykje fælt, og av den grunn hevda Berg at kristne skulda dei å leve i eit land med trygge grenser. I tillegg har kristne arva Bibelen, sine tradisjonar og sin kultur frå jødane, noko Berg meinte kristne burde vere evig takksam for. Berg meinte òg at kristne plikta å støtte forfølgde folk. Når det så var jødane som nå var i trengsel, burde kristne verkeleg kjenna seg plikta å støtta dette folket.

Kva gjennomslag Arthur Berg hadde med sine tankar, er eit vanskeleg spørjemål å gje svar på. At han hadde påverknadskraft, er noko eg ikkje tvilar på. Sjølv om Berg og hans meiningsfrendar nok ofte blei sett på som mørkemenn og fanatikarar i nyheitsbilete, representerer dei likevel ei gruppe kor det har blitt rekrutert fleire sentrale politikarar, der trua har vore sentralt for deira politiske virke. Av den grunn er dette eit felt som krev nærmare forsking, noko eg med denne oppgåva ynskjer å bidra med.

# Innholdsliste

<b>FORORD .....</b>	<b>II</b>
<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>III</b>
<b>INNHALDSLISTE .....</b>	<b>IV</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1    UTGANGSPUNKT OG PROBLEMSTILLINGAR .....	1
1.2    TEORETISK TILNÆRMING .....	4
1.3    HISTORIOGRAFI OG HØVE FOR NY FORSKING .....	7
1.4    KJELDER OG METODE.....	12
1.4.1    Aviser, redaktørar og leiarartiklar .....	12
1.4.2    Arkiv .....	14
1.4.3    Metode.....	14
<b>2 SOLDATEN ARTHUR BERG I KAMP GARDEN, BEDEHUSET OG FLAGGET .....</b>	<b>16</b>
2.1    BEDEHUSET – EIN MOTKULTUR.....	18
2.2    BERGS OPPVEKST OG MILITÆRTENESTE.....	20
2.3    EIN BROKETE START I DAGEN.....	24
2.4    EIT ÅETTESVIK MOT FORFEDRANE .....	29
2.5    OPPSUMMERING.....	31
<b>3 MIDTAUSTEN-KONFLIKTEN SETT FRÅ TRE ULIKE PERSPEKTIV.....</b>	<b>33</b>
3.1    ISRAEL FRÅ 1948-1985 .....	34
3.1.1    1945-1948: Då staten Israel vart til.....	34
3.1.2    1956-1967: Frå Suezkrisen til seksdagarskrigen.....	35
3.1.3    1967-1973: Ein ny aktør i Midtausten-konflikten .....	38
3.1.4    1973-1985: Midtausten-konflikten eskalerer .....	39
3.2    NORSK MIDTAUSTENPOLITIKK FRÅ 1956 TIL 1985.....	43
3.2.1    Ein Israelsven i nord .....	43
3.2.2    Frå Suezkrisen til seksdagarskrigen .....	45
3.2.3    Noreg inn i ei brytningstid .....	47
3.2.4    Israelsvenen vaklar? .....	49
3.2.5    Kvífor vart Noreg ein sterk Israelsven? .....	51
3.3    DAGEN OG MIDTAUSTEN FRÅ 1957 TIL 1985 .....	54
3.3.1    I takt med nasjonen .....	54
3.3.2    Blomstringstid for Berg som Midtausten-komentator? .....	56
3.3.3    Ein Israelsven nå i opposisjon? .....	60
3.4    OPPSUMMERING.....	62
<b>4 MIDTAUSTEN-KOMMENTATOREN BERG .....</b>	<b>64</b>
4.1    ULIKE TEOLOGISKE SYN PÅ DEI GAMALTESTAMENTLEGE PROFETIANE .....	64
4.2    DEBATTEN MELLOM BERG OG MICHAELSEN .....	69
4.3    «DEN RETTFERDIGE KRIGEN» .....	73
4.4    ARTHUR BERGS TILNÆRMING TIL MIDTAUSTEN-KONFLIKTEN .....	82
<b>5 AVSLUTNING.....</b>	<b>88</b>
<b>KJELDER .....</b>	<b>94</b>
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>95</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Utgangspunkt og problemstillingar

I dei siste åra har min interesse auka for konflikten i Midtausten mellom Israel og dei arabiske nabostatane. Dette er ein vanskeleg konflikt som ein i fleire tiår har strevd med i internasjonal politikk å løyse. I takt med tida har aktørane i konflikten endra seg, og pendelen har svinga fram og tilbake mellom kven som har hatt merkelappen «skuldig» og kven som har hatt merkelappen «skuldlaus». Sidan opprettinga av staten Israel har dette landet skapa stort engasjement både internasjonalt og her i Noreg. I dei første tiåra etter opprettinga var sympatiens stor til Israel blant det norske folk. Fleire reiste ned og vitja Israel, og fortalte ved sin heimkomsten med stor entusiasme om kva som hende der. Særleg var entusiasmen stor blant det norske kristenfolket. Noko overraskande var beundringa til Israel i byrjinga òg stor i den norske arbeidarrørsla, meiner den norske historikaren Hilde Henriksen Waage. I følgje Waage kunne denne beundringa grensa mot ein religiøse ærbødigheit. Den religiøse «omdanninga» meiner ho var tydelegast å sjå hjå i det dåverande regjeringspartiet, Arbeidarpartiet.<sup>1</sup>

Denne «religiøsiteten» er noko eg meiner er verdt å bite seg merke i. Frå akademisk hald har forholdet mellom religion og politikk vore ein tematikk som har blitt neglisjert i fleire år. Ser ein til historiefaget, har det eksistert ein skepsis til forskingsprosjekt som tek utgangspunkt i aktørane sin religiøse overtyding. Religion, og trua sin betydning, er noko urasjonelt og uhandgripeleg, noko som fleire akademikarar vil hevde stridar mot forskaren sin jakt etter den rasjonelle forklaring.<sup>2</sup> Likevel er dette ikkje ein faktor som bør bli satt til sides, då den er for mange den grunnleggjande drivkraft for korleis ein handlar og tenkar i møte med samfunnet. I Noreg har befolkninga i stor grad blitt prega av å vere eit kristent samfunn, noko som kom til syne ved opprettinga av staten Israel; «Ingen sosialist kunne tenke en annen tanke enn at det var vår selvfølgelige plikt å hjelpe jødene til et hjemland – *på fedrenes jord.*»<sup>3</sup> Perspektivet om at det var *fedrenes jord* jødane skulle tilbake til, seier oss noko om det sterke Bibel-tilhøve ikkje berre blant kristne, men generelt blant det norske folk. Blant fleire kristne eksisterte det ei tru på at Gud gav jødanes stamfar Abraham spesifikke landlovnadar.

<sup>1</sup> Waage, Hilde H. “*Peacemaking Is a Risky Business*”: Norway’s Role in the Peace Process in the Middle East, 1993-1996. (Oslo: International Peace Research Institute (PRIO), 2004): 39.

<sup>2</sup> Berg, Roald. «Misjonshistorie og samfunnsforskning». *Nytt Norsk Tidsskrift* 25, no. 3-4 (2009): 323.

<sup>3</sup> Lie, Haakon. ...*slik jeg ser det*: 2: 1975-1983. (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1983): 118. Uthevinga er gjort av underteikna.

Når staten Israel kom til, var det fleire som hevda at det var desse lovnadane som nå vart oppfylt. Sjølv om Lie først og fremst såg med store auge på det sosialistiske prosjekt som var i emning i Midtausten, var han ikkje blind for at det kunne vere ein bibelsk dimensjon over det heile.

Noreg har lang tradisjon som ein kristen nasjon, kor det kristne miljøet i stor grad har fått vore med å prege samfunnet her til lands. Blant desse har bedehus-kulturen fått prega mangt eit lokalsamfunn her i Noreg. Bedehuset har i mangfaldige år vore ein sentral institusjon i bygde-Noreg. I sin store studie av «bedehusfolket» skriv Olaf Aagedal, professor i kultur- og religionssosiologi, at bedehuset var ved sida av kyrkja, den viktigaste religiøse institusjonen i fleire av Noregs lokalsamfunn. Ordet bedehus er namnet ein som oftast brukar på forsamlingshuset for lekmannsrørsla sitt religiøse arbeid.<sup>4</sup> Forutan å vere eit religiøst samlingspunkt, var bedehuset, med den kulturen og tradisjonen det bringa med seg, eit sosialt samlingspunkt som fekk prega omgjevnadane sine.<sup>5</sup> Sjølv om desse husa har hatt ulike namn, og gjerne har hatt ulikt tilhøve til norske kristne organisasjonar, vil Aagedal hevde at bedehusa har representert ein tydeleg avskilt religiøs kultur i Noreg.<sup>6</sup> Denne bedehuskulturen som Aagedal talar om i sin studie er noko eg vil sjå nærmare på i denne avhandlinga. Med denne oppgåva ynskjer eg å vise korleis bedehus-kulturen såg på og vurderte situasjonen i Midtausten mellom Israel og omland. Aagedal siterer Axel Sandemose, ein dansk-norsk forfattar, som skreiv på slutten av 1960-talet at han var under oppfatninga av at få, og då kanskje særleg pressefolk, ville heller hengja ut bedehusfolket enn å forstå dei. Hjå kultureliten har det gjerne vore manglande vilje eller ynskje om å forstå bedehusfolket.<sup>7</sup> Denne oppfatning er noko eg vil seia gjeld framleis den dag i dag, og er ein av grunnane mine til å gjennomføre dette arbeidet. Sjølv om det eksisterer ein del studiar og akademiske arbeid om bedehusa og lekmannsrørsla, er det lite som har blitt gjort om forholdet mellom bedehuskulturen og Israel-Palestina-konflikten. Dette er eit tomrom eg ynskjer å prøve og fylla.

Med tanke på omfanget av denne avhandlinga, er det naudsynt for meg å gjera nokon avgrensingar. Slik som tittel avslørar, vil denne studien omhandle Arthur Berg. Han var ei mangeårig redaktør i den kristne avis *Dagen*, ei avis som er eit utskot frå Den Vestlandske

---

<sup>4</sup> Aagedal, Olaf. *Bedehusfolket: Ein studie av bedehuskultur i tre bygder på 1980- og 1990-talet*. (Trondheim: Tapir akademiske forlag, 2003): 4.

<sup>5</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 3.

<sup>6</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 4.

<sup>7</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 3.

Indremisjonen.<sup>8</sup> Kor stor påverknadskraft den har hatt på Israel-synet hjå det kristne lekfolket, er noko som ikkje skal undervurderast. I følgje Karl Egil Johansen er Israelsvenene i dag, forutan i Den Norske Israelsmisjon, å finne hjå Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband.<sup>9</sup> Storparten av dei solidariske oppslaga i forsvar av Israel kom medan Berg var redaktør. Dag Kullerud hevder i si jubileumsbok om Dagen at etter at Arthur Berg vart sjefredaktør i *Dagen*, har avisa vore «som et stykke Israel i Norge».<sup>10</sup> Denne linja har *Dagen* haldt sidan den gong gjennom sjefredaktørane Finn Jarle Sæle, Odd Sverre Hove og i dag gjennom Vebjørn Selbekk. Av den grunn meiner eg Arthur Berg er ein mann som er verdt ein nærmare studie, då han i stor grad har vore med å påverka «bedehusfolket» og *Dagen* sin haldning til Israel i seinare tid. Dagen var og er ein stor distributør av informasjon om jødefolket og konflikten i Midtausten for det vestlandske kristenfolk.

Fleire kristne leste dei bibelske profetiane inn i hendingane i Midtausten, og vurderte den politiske situasjonen på grunnlag av desse. Dette er noko me skal få sjå Arthur Berg ikkje var tilhengar av. Han mente at ein måtte skilje mellom det åndelege og politiske. I denne oppgåva ynskjer eg å sjå nærmare på akkurat dette. Dette gjer meg følgjande problemstilling;

*Korleis meinte Arthur Berg at kristne burde tilnærma seg konflikten i Midtausten utifrå eit bibelsk perspektiv og eit politisk perspektiv?*

I byrjinga av Arthur Berg si sjefredaktørtid var ikkje Midtausten-dekning i *Dagen* like omfattande som den seinare skulle bli. Noko av grunnen for dette kom av at ein her i Noreg lenge hadde eit svært pro-israelsk syn på situasjonen i Midtausten. Av den grunn kan det tenkast at Berg ikkje såg noko høve for å uttrykke sin stønad til Israel i *Dagen*. Denne tilstanden skulle ikkje vare evig. Etterkvart vendte opinionen seg vekk frå den tidlegare pro-israelske haldninga, til i staden å auke sin stønad til dei palestinske flyktningane sin sak. I møte med det gryande haldningsskiftet, byrja Arthur Berg meir hyppig enn før å syna sin solidaritet for Israel og jødefolket i *Dagen*. Kva årsakar som låg bak dette, er noko eg vil sjå nærmare på. I tillegg vil eg prøve å definere eit blomstringpunkt for Berg som ein tydeleg Midtausten-kommentator.

---

<sup>8</sup> Dei skifta i 2000 namn til Indremisjonsforbundet (ImF).

<sup>9</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 265. I 100-årsjubileumsboka til Den Vestlandske Indremisjon hevder Johannes Kleppa og Paul Odland at folk tilhøyrande organisasjonen har historisk sett stått nær til Dagen. Haldninga har heilt til slutten av 1980-talet vore stort sett positiv til *Dagen*. Kleppa, Johannes & Paul Odland. *Ordets Folk: Det Vestlandske Indremisjonsforbund 1898-1998*. (Straume: Sambåndet, 1998): 306.

<sup>10</sup> Kullerud, Dag. *Dagen: 1919-2019: Kulturell motstemme i hundre år*. (Oslo: Cappelen Damm, 2019): 180.

Til dette vil eg sjå nærmare på dei ulike teologiske tolkingane i det kristne miljøet rundt staten Israel. Alle kristne vurderer ikkje denne saken likt. I det gamle testamentet er det nokre profetiar som talar om korleis Gud skal frelse menneska. Korleis denne frelsingsplanen vil tre i kraft, er det usemje om. Dette punktet meiner eg er særsviktig for å forstå korleis kristne vurderer den politiske situasjonen i Midtausten. Teologen Bjørn Øyvind Fjeld meiner det her er eit spenningsfelt blant kristne. På eine sida er dei som hevder at opprettinga av staten Israel ikkje har noko tilknyting til dei gamaltestamentlege profetiane. På andre sida er dei som meiner det er ein bibelsk dimensjon over at staten Israel vart til.<sup>11</sup> Eg vil her prøve å definere dei mest vanlege teologiske tolkingane, og kva dei har å seie for kristne si tilnærming til Midtausten. Til dette vil eg òg vise til ein debatt mellom Berg og Leif M. Michelsen, som tydeleg illustrerte spenninga mellom to motstridane teologiske syn, samstundes som den synte korleis Berg nærma seg Midtausten-konflikten både politisk og teologisk.

## 1.2 Teoretisk tilnærming

Med å ta utgangspunkt i ein enkeltperson som representant for eit bestemt miljø, er eg naudsynt å seia noko om biografisjangeren innføre historiefaget. I følgje historikaren Knut Kjeldstadli er det sjeldan at historikarar skriv om enkeltpersonar. Om ein så gjere det, kjem det av at denne personen har hatt stor påverknad på sine omgjevnader. Historikaren kan også sjå på denne personen som ein representant for eit miljø, som han eller ho gjennom denne personen får ein avspegling av.<sup>12</sup> Nå vil ikkje dette bli ein fullverdig biografi, då rammeverket for denne avhandlinga sett sine avgrensingar. Det ville vore i overkant ambisiøst for meg å ta fatt på ein biografisk avhandling om Arthur Berg og hans livshistorie. Ei heller var det eit mål i seg sjølve. Likevel er det naudsynt å seie noko om biografi som sjanger, då denne oppgåva til ein viss grad vil ha ei biografisk tilnærming, med fokus på Bergs forsvar av jødane og staten Israel.

Om ein ser til definisjonen av *biografi*, omhandlar dette å beskrive ein person sin livshistorie.<sup>13</sup> Sagt på ein annan måte handlar biografisjangeren om å konsentrere seg om eit enkeltindivid sin historie og påverknad individet hadde på omgjevnadane. Sjølv om biografisjangeren kan vere tilsynelatande stuerein i historieskrivinga, har den ikkje alltid blitt

<sup>11</sup> Fjeld, Bjørn Ø. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge». I *Livssyn og politikk: Kåre Kristiansen 70 år*. (Oslo: Schibsted Forlag, 1995): 61.

<sup>12</sup> Kjeldstadli, Knut, *Fortiden er ikke hva den en gang var: En innføring i historiefaget* (2. utg.). (Oslo: Universitetsforlaget, 2013): 31.

<sup>13</sup> Engelstad, Kirsten. «Biografi». *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/biografi>.

oppfatta slik i historikarmiljøet. Den danske professoren Birgitte Possing beskrev biografisjangeren som eit såpestykke; ein vanskeleg handgripeleg sjanger.<sup>14</sup> I den seinare tid har historikarar fått ein større interesse for biografisjangeren.<sup>15</sup> Til dette kom det òg nokre kritiske røyster for at det på ny kom verk med fokus på enkeltindividet i historieforskinga. Eit døme på dette er diskusjonen som kom på 1990-talet i Danmark. Bergitte Possing som eg siterte over, skreiv sjølv ein biografisk doktorgradsavhandling. Den utløyste ein omfattande diskusjon om biografiens plass i historievitskapen. Den danske historikaren Niels Thomsen innleia denne diskusjonen med spørjemålet «Historien om frk. Zahle - er det historie?». Med dette uttrykka han ein bekymring for tendensen med historikarar som skreiv biografiar. Det har vore tidlegare bølgjer med historier om personlegheiter, sa Thomsen. Likevel håpa han at dette ikkje ville vere noko historikarar i framtida skulle oppta tida si med.<sup>16</sup> I følgje Marianne Egeland, professor i litteraturvitenskap ved Universitet i Oslo, skal Bergitte Possing på si side meint at historiefaget var blitt for spesialisert. I dette kunne biografien «gjenhumanisere» historieskrivinga, meinte Possing, og med dette gje eit «heilheitsperspektiv».<sup>17</sup>

Her til lands er ikkje biografi ein ukjent sjanger blant norske historikarar, og fleire anerkjente norske historikarar har skrevet historiebiografiar.<sup>18</sup> Som Knut Kjeldstadli skriv, kan det i visse tilfelle vere høveleg å fremje eit enkeltindivid sin historie som representant for eit større miljø. Den norske historikaren Jens Arup Seip har skreve at i møte med ein biografi, står historikaren ovanfor to oppgåver. Det særeigne og sjølvstendige i individet skal koma fram, samstundes som dette skal settast inn i samtida individet lev og handlar i. Desse to er avhengige av kvarandre.<sup>19</sup> Biografien kan bli brukt, i følge Dag Jenssen, professor ved Høgskulen i Oslo og Akershus, til å framstille individet som symptom på ein struktur.<sup>20</sup> Nettopp dette er noko av mitt formål med å ha ei biografisk tilnærming. Med å bruke Arthur Berg som symptom for ein struktur, i dette tilfelle bedehuskulturen, kan han gje oss større innsyn i bedehusfolket si tilnærming til Midtausten-konflikten.

<sup>14</sup> Jølle, Harald Dag. *Innledning til en historiefaglig biografi: Tillegg til Nansen. Oppdageren.* (Norges Arktiske Universitet, 2013): 27.

<sup>15</sup> Jensen, Dag. «Noen trekk i den historiske biografiens landskap»: *Historisk Tidsskrift* 81, nr. 2-3 (2002): 273.

<sup>16</sup> Egeland, Marianne. «Biografi og historieskrivning». *Historisk Tidsskrift* 81, nr. 2-3 (2002): 253; Jølle, *Innledning til en historiefaglig biografi*: 28.

<sup>17</sup> Egeland, «Biografi og historieskrivning»: 253.

<sup>18</sup> Døme på dette er Halvdan Koht om Henrik Ibsen og Johan Sverdrup, Jens Arup Seip om Ole Jackob Broch, Berge Furre om Lars Oftedal og Hans Fredrik Dahl om Vidkun Quisling. Jølle, *Innledning til en historiefaglig biografi*: 30..

<sup>19</sup> Seip, Jens Arup. *Problemer og metode i historieforskningen.* (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1983):136.

<sup>20</sup> Jenssen, «Noen trekk i den historiske biografiens landskap»: 280.

Som sagt vil eg fokusere på Midtausten-konflikten og Arthur Bergs forsvar av staten Israel og jødane. I dette vil eg prøve seia noko om trua sin rolle i politikken, og viktigheita i å forstå påverknaden den har på folk sin politiske vurdering. Forholdet mellom tru og politikk er noko som særleg har vore på agendaen innanfor samfunnsforskinga dei siste åra. Lenge var det ein konsensus om at religion hadde utspelt eller var i ferd med å utspele si rolle i samfunnet. I dag er det forskarar som vil hevde at religion har byrja å få ein meir sentral plass i samfunnsbiletet.<sup>21</sup> På 1960-talet var fleire samfunnsforskurar sterkt prega av sekulariseringsteoriane sitt inntog. Fleire hevda at religionen hadde utspelt, eller var i ferd med å utspela si rolle i samfunnet.<sup>22</sup> Som følge av sekulariseringsteorianes dominans, meiner den amerikanske religions- og politikkprofessoren Jonathan Fox at religion vart neglisjert i samfunnsforskinga.<sup>23</sup> I dag meiner Fox at det har skjedd eit skifte innføre samfunnsforskinga. Ein har gått frå ein sekulariseringsteoretisk dominans til at ingen seriøs samfunnsforskar vil motsette seg viktigheita av religion som ei sentral sosial, politisk og økonomisk røyst.<sup>24</sup> Fox grunngjev attreisinga for forsking på religion si betyding i samfunnsforskinga ligg i religionens dynamikk. Den har aldri forsvunne, meiner Fox, men har heller tilpassa seg samfunnet si utvikling. I tillegg meiner Fox at sekulære ideologiar ikkje greidde å få eit skikkeleg gjennomslag, særleg då i den tredje verda. Manglande økonomisk velstand og sosial rettferd laga eit vakuum som religionen i fleire samfunn har fullt inn. Forutan om dette meiner Fox at sekularisering har stått fram som eit elite-fenomen, som den meinige mann ikkje aksepterte. I staden haldt den meinige mann på si religiøsitet.<sup>25</sup>

Denne tematikken har den norske samfunnsforskaren Pål Repstad brukt mykje tid på.<sup>26</sup> Repstad meiner religion i dag ikkje påverkar det norske samfunnet i same grad som før.

---

<sup>21</sup> Blant desse står filosofen Jürgen Habermas og sosiologen José Casanova. Casanova vil hevde at det er ein tendens til at religion og politikk i større grad i dag blir blanda saman. Politikarar appellerer til religiøse grupper og prøvar å påverke dei i sin favor for å få medhald i si sak. Denne tendensen til samanblanding av religion og politikk meiner Casanova lett kan gje politiske aktørar stor makt som ikkje er demokratisk. Botvar, Pål Ketil & Sunniva E. Holberg. «Religion i politikken – gammelt tema, nye konflikter». I *Religionens tilbakekomst i offentligheten? : Religion, politikk, medier, stat og sivilsamfunn i Norge siden 1980-tallet*. Redigert av Inger Furseth. (Oslo: Universitetsforlaget, 2015): 38.

<sup>22</sup> Fox, Jonathan, *An Introduction to Religion and Politics: Theory and Practice* (2. Utg). (Abingdon: Routledge, 2018): 12. Blant desse er Anthony F. Wallace, som meinte at ei tru på overnaturlege krefter er dømt til dø ut. Dette argumenterte Peter Berger òg for. I 1968 påstod Berger at religion ville berre finnast i små grupperingar når verda gjekk over i det 21. århundre. Fox, *An Introduction to Religion and Politics*: 10. Sjølv om religionen sin plass i Vest-Europa ikkje står like sterkt, kan ein trygt seie at den ikkje har blitt degradert til sekteriske forhold. Eg vil meine at den framleis, slik som Jonathan Fox, har stor påverknad på samfunnet og politikken i dag.

<sup>23</sup> Fox, *An Introduction to Religion and Politics*: 10.

<sup>24</sup> Fox, *An Introduction to Religion and Politics*: 17.

<sup>25</sup> Fox, *An Introduction to Religion and Politics*: 16-17.

<sup>26</sup> Repstad har i fleire verk behandla religion sin rolle i vårt samfunn. Av dei eg vil trekke fram er blant anna studien *Fra ilden til asken. En studie i Religiøs passifisering* frå 1984, . I denne studien ville han beskrive fenomenet religiøs passivisering blant kristne. Studien omfatta 21 menneske. Repstad seier han sjølv ikkje hadde

Eit døme han trekk fram er korleis pressa i dag behandlar religiøse leiarar sine ytringar når samfunnsendringar går på kostnad av kristeleg tankesett og tradisjonar. Når religiøse ved eit slikt tilfelle går i mot slike radikale endringar, meiner Repstad vegen er kort for at den sekulære pressa stemplar dei religiøse som fanatikarar eller mørkemenn. Samstundes meiner Repstad at effekten religiøse leiarar eller personlegheitar har på folk, ikkje er noko ein kan undervurdera. Mange får styrke og legitimitet i religiøse meiningsrammar, meiner Repstad.<sup>27</sup> Difor må slike ytringar bli tatt seriøst, då det som oftast står eit heilt miljø bak dei.

Mørkemannstatusen var noko Arthur Berg fekk på seg i si tid som sjefredaktør i *Dagen*.<sup>28</sup> Dette er noko eg tvila Berg let seg affektera av. Svein Brurås skreiv det slik i boka om Arthur Berg at «det er vel nettopp med slike [dårlege] odds at Berg bokser best. Han trives i utfordrerens hjørne av ringen.»<sup>29</sup> At han gjekk føre og ofte tok mindretallet si side, fekk ein effekt, slik Repstad beskriv over, som var med å styrke meiningsfrendane til Berg si tru på saken Berg gjekk i front inn i. Mange av desse meiningsfrendane høyrt til det konservative kristenfolket, som tradisjonelt kan seiast å ha hatt sin heim i bedehus-kulturen.

### 1.3 Historiografi og høve for ny forsking

Bedehusfolket og bedehuskulturen har vore gjenstand for forsking ved tidlegare anledningar. Slik eg nemnte innleiingsvis, har blant anna Olaf Aagedal gjort eit større arbeid i boka *Bedehusfolket om bedehuskulturen i Noreg*.<sup>30</sup> Arbeidet Aagedal føretok seg her er ein studie

---

mål om å slå fast omfanget av religiøs passivisering. Likevel gjer denne studien eit representativt innblikk i kva som påverkar dette. Repstad var del av ei makt- og demokratiutgreiing, kor han bidrog med ei bok om religiøs makt i Noreg i dag. Gjennom denne prøver han å vise kva påverknad religion har hatt, samt korleis forholdet mellom religion og makt. Repstad gjer også innblikk i korleis eit meir sekularisert har påverka denne forholdet. Eit av dei nyare verka som eg vil nemna til slutt som han har bidrige i, er boka *Mellom gammelt og nytt. Kristendom i Norge på 1800- og 1900-tallet* frå 2016. Med denne ynskja ein å gje ei fleirfagleg orientering om den norske kristendomshistoria. Redaktørane i boka skriv at dei vil ta orde for at kristendommen har spelt ein større rolle i Noreg enn kva tidlegare forsking har formidla. I denne skriv Repstad eit kapittel om kva verknader kristendommen har hatt på samfunnet. Her skriv han blant anna om i kva grad sekulariseringsprosessen har overteke for kristendommen sin plass i Noreg. Han betviler ikkje kristendommen sin påverknad, men seier at det er metodiske utfordringar å måle omfanget. Likevel vil han ikkje, som tidlegare samfunnsforskjarar har gjort, avskrive religionen sin rolle i dag.

<sup>27</sup> Repstad, Pål. *Dype, stille, sterke, milde: Religiøs makt i dagens Norge*. (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2002): 69.

<sup>28</sup> Erling Lægreid, ein mangeårig journalist i NRK og forfatter, omtala blant anna Arthur Berg i sin samling av miniportrett i boka *Nærgående Skisser*. Han sjølv hadde mange fordommar mot Berg og lesarane hans. Dette endra seg etter eit potrettintervju, kor Lægreid nok fekk større respekt for han. «Han var stempla som mørkemann, det fekk eg aldri til å stemma. Eg trur at han elskar livet og kampen han måtte kjempa». Lægreid, Erling. *Nærgående skisser*. (Oslo: Samlaget, 2011): 53-55. Mørkemann- og fanatikarstempla er noko Karl Egil Johansen også vil hevda Berg ofte vart møtt med i massemassa. Han skriv, slik eg også har inntrykk av, at han i svært liten grad let seg affektera av kritikken og dette stempelta. Johansen, «Jødefolket inntar en særstilling: 265.

<sup>29</sup> Brurås, Svein. *Arthur Berg*. (Oslo: Nye Luther Forlag, 1987): 87.

<sup>30</sup> Han har også gjeve ut fleire verk, som til dømes *Rapport frå Bedehusland* (1988),

av den moderne bedehuskulturen, med utgangspunkt i tre ulike bygder på 1980- og 1990-talet på Sør-Vestlandet. Målet her var i hovudsak ikkje ei kartlegging eller ei analyse av bedehusverksemda, men å prøva og forstå den norske bedehuskulturen.<sup>31</sup> I løpet av 1980- og 1990-talet opplevde Noreg store strukturelle og kulturelle endringar. Aagedal prøver gjennom dette omfattande og grundige arbeidet og sjå på korleis desse endringane påverka bedehusmiljøet. I etterkrigstida, frå 1940- til 1970-talet, såg Aagedal konjunkturane av ein bedehuskultur som byrja å mista si sentrale posisjon i lokalsamfunna. På 1970-talet gjekk bedehusa frå å vere del av grendebedehuskulturen, til eit hus for «vedkjenningsfellesskapet».<sup>32</sup> Utover 1990-talet hevdar Aagedal at grendebedehuskulturen er stort sett borte, og at det ikkje pregar bygdefolket slik det gjorde før. Gjennom denne studien er fokuset som sagt på å forstå bedehusfolket og bedehuskulturen. Aagedal seier ikkje noko om det sterke forholdet mange innanfor bedehuskulturen har hatt til jødane og Israel.

Eit anna verk som gjer innsikt i bedehuskulturen er historikaren Bjørg Seland sin bok frå 2006.<sup>33</sup> Gjennom denne ville ho sjå det sosiale samspelet og motsetningane i lokalsamfunn med ein sterk bedehuskultur. I tillegg ville ho sjå på kva som ført til at lekmannsrørsla fekk gjennomslag i lokalsamfunna. Det var ikkje alle plassar lekmannsrørsla fekk same rotfeste, og ho ville finne årsakene til dette vekslande gjennomslaget. Tidsperioden ho fokuserte på var 1900 til 1940, noko som gjere denne studien noko ukurant med tanke på perioden eg vil halda meg i.

Olaf Aagedal og Bjørg Seland har gått saman og sett på den norske vekkingsrørsla på 1800- og 1900-talet.<sup>34</sup> Vekkingstradisjonen innanfor bedehuskulturen er satt i hovudsetet.. Dei vil hevde av vekkingsrørslane appellerte til meiningssøkande ungdom og kunne tilby ein sosial forankring. Under dei største vekkingsbølgjande frå 1870-åra og utover i mellomkrigstida var vekkingspredikantar å sjå på som den tids idol.<sup>35</sup> Ein tendens dei såg var

<sup>31</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 518.

<sup>32</sup> Med grendahuskulturen meiner Aagedal bedehusverksemda som fungerte som ein samlingsplass for bygdefolket, om det vere seg basar, julefestar, foreningsarbeid med meir. Når så Aagedal seier at bedehus gjekk meir over til å bli ein samlingsplass for vedkjenningssamfunnet, meiner Aagedal at dei som gjekk på bedehuset nå i hovudsak var vedkjennande, aktive kristne, og i mindre grad «heile» bygdemiljøet. Aagedal, *Bedehusfolket*: 459.

<sup>33</sup> Boka *Religion på det fire marked : Folklig pietisme og bedehuskultur* er ei omarbeidd utgåve av Seland si doktogradavhandling i historie frå 2002., Seland, Bjørg. *Religion på det fire marked : Folklig pietisme og bedehuskultur*. (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2006): 14.

<sup>34</sup> Vekking innføre ein kristen kontekst omhandlar eit menneske sin overgang frå vantru, som vil seja manglande religiøs tru, til ei tru på Gud og å bli viss på si eiga synd. Eit menneske som lev eit liv i vantru blir i kristne samanhengar sett på som ein åndeleg søvn eller død som ein blir vekka opp frå, derav namnet «vekking». Rasmussen, Tarald. «Vekkelse». *Store norske leksikon*. 9. november 2018. <https://snl.no/vekkelse>.

<sup>35</sup> Seland, Bjørg & Olaf Aagedal. *Vekkelses vind: Den norske vekkingskristendommen*. (Det Norske Samlaget, 2008): 136-137.

når ein ny generasjon kom til, noko dei omtalar som «vekkelsens barnebarn», var at dei byrja å stilla spørjemål til foreldra sitt livssyn. Vekkingsstraumen påverka bygdesamfunna, men når ein særleg i etterkrigstida stod i konkurranse med ein sekularisert og kommersialisert ungdomskultur, måtte vekkingspredikantande sjå seg slegne.<sup>36</sup> Ei heller her blir bedehuskulturen sitt forhold til jødane og Israel tala om. Likevel er dette, saman med studien til Aagedal og studien til Seland, eit godt grunnlag for forståinga av den norske bedehuskulturen. Sidan ingen av desse studiane i særleg grad tek føre seg bedehuskulturen sin påverknad på den norske, og då særleg kristne si, haldning til Israel, meiner eg denne oppgåva vil kunne vere eit tilskot til seie noko om dette.

Til slutt vil eg nemne boka *Religionens tilbakekomst i offentligheten*, som diskuterer i kva grad religionen påverkar den offentlege sfære i Noreg i dag. Med utgangspunkt frå 1980-talet og fram til 2015 prøvar dei ulike forfattarane av boka å gje svar på dette spørjemålet. Ein utvikling dei påpeiker er at ein har gått frå at den motkulturelle konfliktlinja i norsk politikk i hovudsak omfatta lekmannsrørsla, til nå å dreie seg om ei breiare spekter av religiøse motkulturar.<sup>37</sup> I følge denne undersøkinga, er hovudintrykket at religion i offentligheita er mest prega av kontinuitet, med ein til dels svak auke, i politikk og mediar. Det kjem fram i studien at religion aldri har forsvunne, og har kontinuerleg forholda seg til samfunnet si utvikling, men gjerne ikkje like synleg som før.<sup>38</sup>

Når det gjeld Arthur Berg, har det til nå ikkje blitt produsert særleg mange verk om han. Einaste boka som har omfatta Arthur Berg som hovudobjekt er boka til professor i journalistikk ved Høgskulen i Volda, Svein Brurås, som bærer same namn; *Arthur Berg*. Boka gjer eit godt innblikk i personen Berg, vegen han sin inn i Dagen og hans virke i avis. Boka har behandla mange av sakane Berg engasjerte seg i. I boka er det avsett eit kapittel til «Israel-vennen», som gjer eit innblikk i korleis Berg stilte seg til ulike tematikkar omhandlande Israel. Slik som Brurås skriv i forordet er dette «Arthur Bergs bok», noko som òg påverkar innhaldet. Derimot presiserer Brurås at boka ikkje var meint som ein monolog frå Berg som Brurås berre hadde transkribert, men ei samanføyning av intervju med Arthur Berg, informantar og Brurås sine eigne vurderingar.<sup>39</sup> Boka vart skiven to år etter Berg gjekk av

<sup>36</sup> Seland & Aagedal. *Vekkelsesvind*: 137.

<sup>37</sup> Fureseth, Inger, red. *Religionens tilbakekomst i offentligheten? : Religion, politikk, medier, stat og sivilsamfunn i Norge siden 1980-tallet*. (Oslo: Universitetsforlaget, 2015): 170-171.

<sup>38</sup> Furuset, *Religionens tilbakekomst i offentligheten*: 172. Dette er noko som Jonathan påpeiker, då han meiner at religionen dynamiske evne har gjort att greidd å bli med i moderniseringsprosessen. Fox, *An introduction to religion and politics*: 16.

<sup>39</sup> Brurås 1987: 7–8.

som sjefredaktør i Dagen, og er basert på munnlege samtalar og intervju med Arthur Berg, samt nokre andre munnlege kjelder og material frå *Dagen*.<sup>40</sup> Dette gjere at mange andre sine oppfatningar av hendingar beskrive i boka ikkje er tatt med, noko ein må vere bevisst på med ein slik bok.

I arbeidet med å finne empiri til denne oppgåva oppdaga eg at det skulle koma ut ei jubileumsbok om *Dagen*. *Dagen 1919-2019* er ei bok kor den norske journalisten og forfattaren Dag Kullerud har hatt som mål å beskrive korleis *Dagen* har vore ei motkulturell stemme innanfor norsk samfunns- og kulturhistorie.<sup>41</sup> I boka brukar ikkje Kullerud mykje tid på forholdet mellom *Dagen* og Israel. Denne avskriv likevel ikkje boka si relevans, då denne er nyttig bidrag til å få eit heilskapleg bilet av *Dagen* si historie og som ei motkulturell røyst i Noreg.

Forutan om desse to, er det blitt skrive tre andre bøker som kan hjelpe meg til å få ei større forståing av personen Arthur Berg. Den eine er *Bygg Jerusalems murer: Et festskriv til Arthur Berg* som er eit festskriv med artiklar om Arthur Berg eller om sakar som låg hjarta hans nær. Den andre boka er *Med Israel i kamp for fred*, ei samanfatning av eit utval redaksjonelle kommentarar av Berg om Israel sine mange utfordringar og kampar i perioden 1965 til 1979. Kommentarane er ikkje strukturert kronologisk, men etter kapittel og emne slik at ein lettare skal skjøna samanhengen og konteksten til leiarane. Denne har vore særleg nyttig til å få ei oversikt av tematikkane som prega dekninga av Israel i *Dagen* i perioden 1965 til 1979.

Arthur Berg har sjølv vore med og gjeve bidrag til nokre bøker. Blant desse er festskriftet til Kåre Kristiansen 75-årsdag, kor Berg skrev eit stykke med tittelen «Bedehus-kulturen i norsk politikk». Berg skriv her om opphavet til bedehuskulturen, som han sjølv meiner har ei arv frå den «judeo-kristne»-kulturen. Dette omgrepet er noko han ofte tok i bruk når han tala om kristne sitt forhold til Israel. Med dette siktet han til at den vestlege kristne kulturen og dei kristne verdiane stammar frå jødane og jødedommen. I festskriftet skriv Berg at Kåre Kristiansen sitt forsvar av Israel kunne stamma frå lärdommar bedehuskulturen hadde gjeve. Avslutningsvis i sitt bidrag meiner Arthur Berg at høve for ein djerv bedehuskultur i dag er stort. Den hjelpe det norske folket til å halda seg til Bibelen og stå imot holocaust-hatet i verda. Vidare skriv Berg at bedehuskulturen kan berga folket frå å mista den judeo-kristne

---

<sup>40</sup> Personleg kommunikasjon i e-post frå Svein Brurås, 28. august 2019.

<sup>41</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 5.

kulturarva.<sup>42</sup> Som ein kan sjå, meinte Berg at bedehuskulturen sine lærdommar kan ha lvore avgjerande for Kåre Kristiansens avgjersle om å trekke seg frå Nobelkomiteen på grunn av fredspristildelinga til Arafat. Av den grunn er dette ein peikepinn på påverknadskrafta bedehuskulturen har hatt på det norske folk, og då særleg kristen-Noreg. Dette omgrepet er noko eg vil kome tilbake ved ulike høve seinare i oppgåva.

Når det gjeld avisa *Dagen*, gjennomførte Silje Marie Hirsch i sin mastergradsavhandling ein studie av vinklinga i leiarartiklane til *Dagen* og *Vårt Land* i perioden 1967 og 2000 om Israel-Palestina-konflikten. Hirch fokuserte på åra 1967, 1982, 1987/88, 1993 og 2000.

Fellesnemnaren for desse åra var at det var år med krig i Midtausten. Ho seier at desse avisene sementerer to ulike idealtypar; *Dagen* som «bokstavtro, fundamentalistiske israelsvenner» og *Vårt Land* som «kritiske israelsvenner». Ho vil hevde at *Dagen* brukar Bibelen konsekvent som sitt primære argumentasjonsgrunnlag. Mitt utgangspunkt er som sagt *Dagen* i tida under Arthur Berg sjefredaktørperiode. Med dette utgangspunktet, vil eg hevde at denne påstanden gjer eit einsidig bilet av Berg si tilnærming til konflikten. Ved fleire høve uttala Berg at han ikkje la bibelske profetiar til grunn for den politiske vurderinga av Midtausten-konflikten. Eg vil vere samd i at ein kan kalla han ein kristen-fundamentalist. Likevel, sjølv om han var av dei som såg opprettinga av staten Israel som ein oppfylling av dei bibelske landlovnadane, meinte han at å nytte profeti-tekstane i Bibelen for å vurdere krigane i Midtausten var uheldig. Dette er noko eg vil koma tilbake til. Likevel vil eg seie at avhandlinga gjer eit bidrag til å rette fokus på trua sin rolle for det norske kristenfolk si vurdering av konflikten i Midtausten.

Det har blitt utarbeida fleire verk om norsk Midtausten-politikk og den norske opinionen si haldning til Israel. Blant dei mest krediterte på dette området er historikeren Hilde Henriksen Waage, som gjennom verka *Da staten Israel ble til: norsk Midtøsten-politikk 1949-1956* (1989), *Norge – Israels beste venn: norsk midtøstenpolitikk 1949-1956* (1996), «Norwegians? Who needs Norwegians?»: *explaining the Oslo back channel* (2000), «*Peacemaking is a risky business*»: *Norway's role in the peace process in the Middle east, 1993-96* og *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtøsten* (2013), har ho stått for mykje av forskinga om den norske haldninga til og den norske utanrikspolitikken i møte med Israel-Palestina-konflikten. Her gjer ho oss innsikt i behandlinga av denne konflikten frå eit norsk plan og korleis ulike

---

<sup>42</sup> Berg, Arthur. «Bedehus-kulturen i norsk politikk». I *Livssyn og politikk: Kåre Kristiansen 75 år*. Redigert av Grimsmo, Ivar, Guttorm Hansen, Henrik Bargem, Per Magnar Arnestad, Anne Johanne Kvale, Bjørn Øyvind Fjeld, Kristian Rambjør, et al. (Oslo: Chr. Schibstseds Forlag, 1995): 123-126.

hendingar har påverka Noreg i møte med konflikten. Forutan om desse, vil verka i *Norsk utenrikspolitikkens historie* vere ei hjel til å få innblikk i den norske utanrikspolitikken mellom 1950- og 1980-talet.<sup>43</sup>

Forutan om Hilde Henriksen Waage, gjev Karl Egil Johansen gjennom boka *Jødefolket inntar en særstilling* ein god gjennomgang av den norske haldningsendringa til jødane og staten Israel i Noreg frå 1948 og fram til 2008. Johansen tek føre seg periodevis Noreg sin haldning, men då med hovudvekt på norsk presse. Her visar han korleis pressa på eit tidleg tidspunkt byrja å ta avstand frå den pro-israelske haldning, og korleis det kom til uttrykk i media. Dette vil vere til stor hjelp då den vil gje eit overordna bilet av norsk presse sin posisjon ovanfor Israel-Palestina-konflikten i tida Arthur Berg var i *Dagen*.

## 1.4 Kjelder og metode

### 1.4.1 Aviser, redaktørar og leiarartiklar

For å få svar på min problemstilling, har eg gått gjennom avis *Dagen* frå Arthur Bergs sjefredaktørtid, som vil seia perioden 1957 til 1985.<sup>44</sup> Å ta i bruk avis som ei primærkjelde kan i ei historisk framstilling både gje moglegheiter og avgrensingar. Praksisar, normar og sjangerkrav for pressa har endra seg frå 1950-talet og fram til i dag. Mange av tekstane mangla forfattar og kjeldeopphav, samt at mange av dei presenterte opplysningane var ikkje mogleg å verifisera. Det viktigaste for denne oppgåva var likevel avis *Dagens representativitet* og *validitet* som talerør for den vestlandske bedehuskulturen. *Dagen* har vore ei viktig røyst for verdigrunnlaget til denne kulturen, og er dermed eit godt utgangspunkt for å fange den vestlandske bedehuskulturens vurdering av Midtausten-konflikten.

Eg har i tillegg valt å fokusera på redaktören Arthur Berg. Redaktørrolla, og den redigerande makt redaktören sitt på, er i dag ikkje like lett å få auge på samanlikna med eit par tiår tilbake. Martin Eide, professor ved Institutt for medievitskap ved Universitet i Bergen, vil hevde redaktørens makt i nyare tid har blitt meir indirekte samanlikna dei store norske redaktørlegendenes tid. I lange tider var redaktørrolla ei mektig stilling, kor redaktören ofte

<sup>43</sup> For mitt tilfelle vil det seg vere vol 5, *Kald krig og internasjonalisering* av Knut Einar Eriksen og Helge Øystein Pharo, og vol 6, *Oljealder* av Rolf Tamnes.

<sup>44</sup> Det skal seiast her at han byrja som med-redaktør allereie i 1955, kor han skulle ha ansvar for kristelege avdelinga. På denne tida satt Odd Strand som sjefredaktør. Etter ei usemjø med Strand, leverte Berg ei oppseiling same år. I etterspelet av denne usemjøa, gjekk Strand òg av som sjefredaktør. Styret ville ha Berg tilbake att, og sjølv etter at Berg hadde vist noko motvilje til dette, vart han overtyda til å koma tilbake sommaren 1957. Difor finn eg det mest relevant å starte i 1957 og arbeide meg fram til han sin avgang i 1985.

hadde ei styring med meir enn berre si avis. Fleire redaktørar rundt om deltok aktivt i samfunnsdebatten, kor dei ikkje berre avspeglar samfunnsutviklinga, men grep formeleg inn i den.<sup>45</sup> Redaktøren var ein sentral samfunnsaktør, som stod i spissen som meiningsbærer for sin avis og sine lesarar.

I dag ser me derimot eit skifte der redaktøren kan synast å ikkje lenger vere like framtredande som før. Dette syner den siste tids debatt om leiarartikkels rolle i dagens samfunn. Bransjenettstaden Medier24 meldte i år at Morgenbladet legger ned leiarartikkelen. Leiarartikkelen har representert redaksjonen sin kommentar på eit aktuelt samtidsspørjsemål. Tradisjonelt sett har desse vore usignerte.<sup>46</sup> Ansvarleg redaktør Sun Heide Sæbø i Morgenbladet sa til Medier24 at avgjersla for å legga ned leiarartikkelen byggja på at leiarartikkelen som sjanger, i følgje ho, hadde utspelt si rolle.<sup>47</sup> Trygve Aas Olsen, fagmedarbeidar ved Institutt for Journalistikk, var blant dei som sa seg einig i Morgenbladet si avgjersle. Han hevda avisar som kjem med sterke meininger på leiarplass er med på å svekke tillitsforholdet til lesarane.<sup>48</sup> Journalist John Olav Egeland utrykka seg meir kritisk til Morgenbladets val. Han meinte at «medier uten verdier eller politisk forankring er skip i natta uten kompass». Egeland meinte i tida me nå er i kan ikkje avisene overlata samfunnsdebatten til politikarar og særinteressene. Han meinte at høve nå var stort for mediar med tydlege verdiar og sterke meininger.<sup>49</sup> *Dagen*-redaktør Vebjørn Selbekk var djupt ueinig i Morgenbladets val om å kutta ut leiarpalta. Han sa seg heller einig i Egeland, og skreiv at *Dagen* framleis trur på ei framtid med leiarartiklar «som faktisk mener noe».<sup>50</sup>

Som me ser har redaktørrolla endra seg over dei siste tiåra. Martin Eide hevder det i dag er vanskelegere for ein redaktør å setja sitt preg på avisar. «Det er sjeldnere enn før at redaktøren *er* avisen», skriv Eide.<sup>51</sup> For Arthur Bergs del, for å bruke Eides biletet, så var han *Dagen*. Det

<sup>45</sup> Eide, Martin. *Den redigerende makt : Redaktørrollens norske historie*. (Kristiansand: Høyskoleforlaget/IJ-forlaget/Norsk redaktørforening, 2000): 145.

<sup>46</sup> Solheim, John. «Leder». *Store Norske Leksikon*. 5. september 2018. Henta frå <https://snl.no/leder-avisartikkeli>.

<sup>47</sup> Aurdal, Jan Magnus Weiberg. «Morgenbladet legger ned lederartikkelen: - Føles radikalt, og til dels ubekvemt». *Medier24* 9. januar 2020.

<sup>48</sup> Trygve Aas Olsen skreiv det slik at «lesere som trenger å bli opplyst, vil ikke bli det av avisar som de er rykende uenige med. Hva skal da redaktørene skrive i lederen?». Olsen meinte at leiarartiklane i dag ofte berre innheld «selvfølgeligheter». Med det tilsynelatande målet om å bli gjera fleirparten av lesarane, meinte Olsen at poenget med leiarartikkelen var borte. Olsen, Trygve Aas. «Jeg vil ikke savne lederartiklene i Morgenbladet». *Medier24* 13. januar 2020. <https://www.medier24.no/artikler/jeg-vil-ikke-savne-leaderartiklene-i-morgenbladet/482716>.

<sup>49</sup> Egeland, John Olav. «Medier uten kompass». *Dagbladet* 15. januar 2020. <https://www.dagbladet.no/kultur/medier-uten-kompass/72025857>.

<sup>50</sup> Selbekk, Vebjørn. «Til forsvar for lederartikkelen». *Dagen* 13. januar 2020.

<sup>51</sup> Eide, *Den redigerende makt*: 299.

var liten tvil om at *Dagen* sin meinings samanfall med hans meinings. Av den grunn har eg arbeidd utifrå at alle leiarartiklane var skriven av Berg og representerte hans meinings. Når eg refererer til leiarartiklar i *Dagen* frå sjefredaktørperioden til Berg, vil eg ikkje skrive opp forfattar, då eg tek utgangspunkt i at alle desse er skrivne av Berg. Dette vil ikkje gjelde for andre innlegg og artiklar Berg hadde i *Dagen*. I tilfelle han hadde innlegg på trykk som ikkje var leiarartiklar, vil eg referere til Arthur Berg som forfattar.

#### 1.4.2 Arkiv

Arkivmaterialet som inneheld korrespondansen til Arthur Berg frå han sin sjefredaktørtid, dekker tida frå 1970 til Berg sin avgang. Kvifor det ikkje var noko i arkivet datert før 1970, kunne verken *Dagen* eller Byarkivet i Bergen gje meg svar på. I tillegg, når eg gjekk gjennom dette, oppdaga eg at dette er frå ein pre-digital tid, og korrespondansen difor gjekk føre seg på skrivemaskin og for hand. Ein del innsending har blitt sendt i retur av ulike grunnar, og er heller ikkje kopiert og lagt til arkivet. Difor er det ein del materiell som kunne vore relevant å ha med, som eg berre har fått sett stykkevis av i form av innhaldet frå kopi-arket, som ofte berre innehaldt svaret Berg gav til innsendar. Å søke opp og finne desse innsendingane er eit arbeid som ville krevja langt meir tid enn det eg har på dette arbeidet. Difor vil eg i hovudsak berre forholda meg til det som var i arkivet.

#### 1.4.3 Metode

*Dagen* er ei dagsavis, noko som førte til at eg måtte gjera ei avgrensing. Arbeidsmåten eg val var å skilja ut leiarartiklar, innlegg og artiklar som sa noko om Israel, jødane og Midtaustenkonflikten. For å finna artiklar som kunne vere relevant for min oppgåve, har eg systematisk gått gjennom kvar avis i min valde tidsperiode i *Dagens* digitale arkiv. Eg har berre stansa opp for artiklar som sa noko om dei nemnte emna ovanfor. I dei tilfella kor eg fann tekstmaterial av stor relevans, stoppa eg opp og tok ei meir grundig lesing.

Ein metodisk utfordring eg fekk i dette arbeidet var at i nokre tilfelle mangla visse utgåver av avisa i det digitale arkivet. På grunn av korona-epidemien let det seg heller ikkje gjera å vitja *Dagens* arkiv der kor papirutgåvane var. Derimot var prosentandelen av avisar som mangla såpass liten at det har ikkje hemma min studie. Ein annan utfordring er at sjølv om eg gjorde ei avgrensing i kjeldematerialet, var kjeldeomfanget mitt framleis stort. Å presentere alt av materialet som stod på trykk ville ikkje vere mogleg med tanke på oppgåvas

omfang. Derfor presenterer oppgåva berre eit representativt utval avisartiklar og arkivmaterial som er med og dannar grunnlaget for den seinare analysen og drøftinga.

## 2 Soldaten Arthur Berg i kamp garden, bedehuset og flagget.

I dette kapittelet vil eg ta føre meg livet til Arthur Berg fram til han vart ein del av *Dagen*. For å forstå personen Berg og tilnærminga hans til situasjonen i Midtausten, meiner eg det er viktig å sjå på perioden før han byrja i *Dagen*. Her vil eg blant anna ta føre bedehus-kulturen si betyding for Arthur Bergs oppseding. For dette kapittelet vil eg i hovudsak ta utgangspunkt i boka til Svein Brurås om Arthur Berg. I boka fortel Berg sjølv om han sin barndom, sitt ungdomsliv, si tid i militæret og vegen derifrå til *Dagen*. Her vil eg særleg ta føre meg perioden han var i militærtjeneste, og seinare deltakinga i andre verdskrig, då eg meiner dette forsterka eit allereie sterkt etablert engasjement for jødane. Lærdommane frå krigen skulle òg få prega Arthur Berg i si tilnærming til korleis situasjonen i Midtausten utvikla seg etter krigsslutt.

Som eg skreiv innleiingsvis, meiner eg at mykje av tankegodset til Arthur Berg stammar frå bedehus-kulturen. Før eg går vidare på korleis Israel-forsvaret kom til uttrykk i *Dagen* sine spalar, er det naudsynt å seie noko om denne saken. I følgje Pål Ketil Botvar, professor i religionssosiologi ved Universitetet i Agder, vil enkelte hevde at omgrepene «kristen» er så og seia synonymt med det å vere norsk, svensk, dansk eller finsk.<sup>52</sup> Denne haldninga kan seiast å stamma frå ei tradisjonelt sett sterk kristen tradisjon og kultur i Noreg. For mange var det bedehuskulturen som vart representanten for det kristne nærværet i Noreg. Olaf Aagedal seier at omgrepene «bedehuskultur» kan bli forstått på ulike måtar. Den eine måten å forstå dette omgrepene omfattar meiningsdimensjonen i bedehusverksemda. Den andre omfattar den strukturelle og materielle sida, som seier noko om aktivitetar, medlemstal, bygningar og så vidare innanfor bedehuskulturen. I Aagedal sin studie var det meiningsdimensjonen, og då gjerne dette i kontekst av eit kulturelt fenomen, som var i fokus.<sup>53</sup> Slik som Aagedal, vil eg i hovudsak i denne oppgåva fokusere på bedehuskulturen som eit meiningsbærande kollektiv kulturelt fenomen her i Noreg.

Omgrepet bedehuskultur brukte Arthur Berg sjølv. Forutan om å snakka om ein bedehuskultur, tok han òg i bruk omgrepene «bedehusarv». Det sistnemnte vart ofte satt i samanheng med omgrepene «den judeo-kristne arv», noko som ofte vart brukt i hans forsvar av Israel. Berg meinte det var ein forbindelse mellom den kristne kulturarva og den jødiske

---

<sup>52</sup> Botvar, Pål Ketil. «Kristen tro i Norden. Privatisering og svekkelse av religiøse dogmer». I *Folkkyrkor och religiös pluralism – den nordiska religiösa modellen*. Redigert av Gustafsson, Göran & Thorleif Pettersson. (Stockholm: Verbun Förlag, 2000): 78.

<sup>53</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 4-5.

kulturen, kor på han meinte den kristne kulturen var ei arv frå den jødiske kulturen. Kva dette hadde å seie for kristne i dag, er derimot noko eg vil koma meir tilbake seinare i denne oppgåva.

Når det gjeld bakgrunnen og livet til Arthur Berg, vil dette i hovudsak basere seg på to bøker. Som eg skreiv over er det særleg biografien som vart skreven av Svein Brurås eg vil bruke. Brurås var sjølv journalist i fleire periodar mellom 1977 og 1985 under Arthur Bergs tid i *Dagen*.<sup>54</sup> Som eg skreiv tidlegare, er denne boka i hovudsak basert på Berg sine vurderingar, noko som er med og farge innhaldet. Av den grunn vil eg også bruke Dag Kullerud si jubileumsbok, *Dagen 1919-2019*, for å få nokre andre perspektiv på tematikkar Brurås behandle i si bok. Til framstillinga av Arthur Bergs liv fram til *Dagen*, vil festskriften som vart laga i anledning Arthur Berg sin 70-årsdag vere eit godt supplement. Eit festskrift er eit skrift, eller ei bok, som blir utgjeven anten til ære for ein person eller institusjon, eller til minne om ein hending. Oftast er dette ei samanfatning med bidrag av forskjellige forfattarar.<sup>55</sup> Desse har i tillegg som regel ein positiv eller vennleg relasjon til objektet som får festskriften. Når det gjeld festskriften til Berg, er skribentane tidlegare redaktørar for kristne blad og avisar, samt leiarskikkelsar frå ulike kristne organisasjonar. Redaktørane for dette skriften skriv det sjølv slik i forordet:

Sammen med mange andre har vi ønsket å hedre og takke vennen, inspiratoren og vekkeren Arthur Berg. Her skjer det ved en samling artikler om mannen. Noen omtaler mannen, men de fleste handler om saker som har opptatt ham gjennom et langt liv. Tittelen på boken, «Bygg Jerusalems murer», uttrykker noe av den tjeneste vi har sett virkeligjort i Arthur Berg.<sup>56</sup>

Slik ein kan lesa her, er det folk som held med Arthur Berg i dei sakane dei skriv om i festskriften. Som ved boka til Brurås, må eg også her vere bevisst på bidragsytarane ikkje vil reise kritiske røyster mot Berg sitt syn på dei gjeldane sakane. Det er sjeldan ein historikar skriv om ein enkelperson. Likevel, slik som i dette tilfelle, vil eg hevde Arthur Berg kan vere ein representant for miljøa med eit positiv Israel-syn, særleg i bedehuskulturen. Av den grunn, før eg seie noko meir om Arthur Berg, er det naudsynt at eg seie noko om bedehuskulturen i Noreg.

---

<sup>54</sup> Brurås, Svein. «Arthur Berg: Urvestøendingen fra Østlandet». *Svein Brurås* (blogg). 25. april 2013. [https://bruraas.wordpress.com/foredrag-presentasjoner/arthur-berg-urvestlendingen-fra-ostlandet/#\\_ednref3](https://bruraas.wordpress.com/foredrag-presentasjoner/arthur-berg-urvestlendingen-fra-ostlandet/#_ednref3).

<sup>55</sup> Det norske akademiske ordbok, *festskrift*, henta 4. mars 2020 frå <https://www.naub.no/ordbok/festskrift>.

<sup>56</sup> Paulsen, Reidar, Finn Jarle Sæle, Odd Sverre Hove & Erling Severinsen. «Bygg Jerusalems murer»: *Festskrift til Arthur Berg*. (Bergen: Visjon, udatert): 4.

## 2.1 Bedehuset – ein motkultur

Bedehuset har vore ein sentral institusjon i fleire lokalsamfunn i Noreg. I større eller mindre grad, har bedehuset vore med og påverka nærmiljøet rundt. Det er variasjonar mellom bedehusa, både i medlemstal, aktivitet, og organisasjonar som drifter husa. Slik som Olaf Aagedal, er eg ute etter eit kollektiv fenomen. Problematikken med omfanget på oppgåva, møter meg atter ein gong her. Dette har gjort at eg har fokusert på eit enkeltindivid, for å gjennom det seja noko om eit større kulturelt fenomen; nemleg bedehuskulturen. I studien til Aagedal var det òg fleire av informantane som brukte dette omgrepet. Måten Aagedal sjølv brukar det er og to-delt; for å forstå kulturen og for å namngje ein heil livsform.<sup>57</sup> Slik vil eg òg vidare meg omgrepet.

Når ein snakkar om bedehuset sin plass i lokalsamfunna, og korleis ein kan snakka om ein bedehuskultur, vil eg gjera ei oppdeling. Olaf Aagedal påpeiker i sin studie korleis historikarar og valforskarar har skilt mellom Vestlandet og Austlandet. Grunngjevinga for dette ligg i følgje Aagedal i at Vestlandet har vore meir egalitært.<sup>58</sup> I Noreg er det ingen plass der bedehusa ligg så tett som i Rogaland.<sup>59</sup> Studia Aagedal og Bjørg Seldal gjennomførte er alle lagt til Vestlandet og Agder. Ofte er dette området omtala som «bibelbeltet», som igjen gjer ein indikator på den kristne tradisjonen og kulturen si stilling her.<sup>60</sup> Sjølv om det eksiterer område på Austlandet kor det religiøse livet har stått sterkt, har den kristne aktiviteten vore mest utbreidd på Sørlandet og Vestlandet. Dette meiner historikaren Gabriel Øidne er eit resultatet av ein sterk lekmannsrørsle, og eit konservativt og pietistisk kristendomssyn.<sup>61</sup> Når eg vidare skriv om bedehuskulturen, vil det i hovudsak vere bedehuskulturen på Vestlandet eg siktar til.

Eit anna skilje som eg meiner er viktig å påpeike, er skiljet mellom bedehus og kyrkje. I følgje historikaren og etnologen Andreas Ropeid, meinte han at dette skilje kunne karakteriserast som eit skilje mellom sakralmental kristendom og subjektiv kristendom, kor

---

<sup>57</sup> Aagedal, *Bedehuskulturen*: 5.

<sup>58</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 61.

<sup>59</sup> Furre, Berge. *Soga om Lars Oftedal* : 1. (Oslo: Samlaget, 1990): 865.

<sup>60</sup> Seland, *Religion på det frie marked*: 330.

<sup>61</sup> Øidne, Gabriel. «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet». *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Redigert av Aagedal, Olav. (Oslo: Den Norske Samlaget, 1986): 43. Pietisme er ei retning som kom til i Europa på 1700-talet, som i Noreg er best kjent gjennom haugianerane og indremisjonsrørsla. Innanfor denne retninga er haldninga at trua er ein personleg sak, og den personlege omvendinga er sentral. Livet skal levast gudfryktig og etter dei retningslinjer Bibelen gjer. Pietismen er ofte sett på som ein konservativ kristendom. Molland, Einar. «Pietisme». *Store Norske Leksikon*. 19. august 2019. Henta frå <https://snl.no/pietisme>.

bedehusa representerer den sistnemnte.<sup>62</sup> Med bedehuset fekk det norske samfunnet ein ny aktør for det religiøse livet i dei ulike lokalsamfunna. Kyrkja si tidlegare dominante rolle i lokalsamfunna vart broten med bedehuset sitt inntog. Etter at bedehusa kom til var kyrkja framleis den som stod for gjennomføring av kristne ritual og sakrament, som til dømes gravferd, dåp og ekteskapsinngåing, medan bedehusfolka stod for indre- og ytre misjon og barne- og ungdomsarbeid.<sup>63</sup> I dag kan ein tydeleg sjå skilje mellom desse to, kor mange med lågkyrkjelege tilhørsle har meldt seg ut av Den Norske Kyrkje grunna ideologiske og bibelske usemjer.<sup>64</sup>

Bedehus- og lekmannsrørsla har lange røter i vårt samfunn. Denne rørsla har historisk sett representert ein motkultur i vårt land, gjerne då representert til dømes med avhaldsrørsla på tidlig 1900-tal.<sup>65</sup> I møte med kulturpolitiske debatter der det kristne verdigrunnlaget har blitt utfordra, har kristenfolk, med eit konservativt verdisyn, blitt sett på som bakstreverske.<sup>66</sup> Slike skuldingar, saman med merkelappar som mørkemenn og fanatikarar, vil eg meine har farga nordmenn sitt syn på kristenfolket og bedehusfolket si påverknad historisk sett. Satt i samspel med moderniseringsprosessen Noreg har vore gjennom, kan ein spør seg, kvifor ein då skal fremje denne motkulturen. På grunnlaget av nyare forsking, vil ho hevde at sjølv om det har skjedd ein institusjonell moderniserings- og sekulariseringsprosess, har ikkje religion svekka seg, men heller ført til ein reaksjon mot denne prosessen.<sup>67</sup> Modernitet, då gjerne forstått som

---

<sup>62</sup> Ropeid, Andreas. «Misjon og bedehus». I *Det gjensøkte Norge. Norges kulturhistorie*. Redigert av Semingsen, Ingrid, Nina Karin Monsen, Stephan Tschudi-Maden og Yngvar Ustvedt. (Oslo: H. Aschehoug & Co). I Aagedal, *Bedehusfolket*: 64.

<sup>63</sup> Kyrkja har gjerne òg stått for seremonikyrkja, som Aagedal beskriv som kollektiv i sin tenkjemåte, og som byggjar på tilslutnad til livs- og dødsrituala. Bedehusa, som gjerne blir sett på som ei vedkjenningskyrkje, byggar på kvar einskild si tru og vedkjennning. Dermed kan bedehusa opplevast som meir snever i kven som blir del av dette kristne samfunnet. Kyrkja har òg gjerne blitt sett på som eit offentleg og løna religiøst embete, medan bedehusa har representert ei privat og frivillig religiøs verksemd. Teologisk usemje har gjerne vore grunn for skepsis til kyrkja blant lekfolk, kor ein i ulike tilfelle kan ha funne kyrkja for liberal. På grunn av denne skepsisen har fleire kristne, kanskje særleg av dei som hører til bedehuskulturen, tatt avstand til kyrkja. Aagedal, *Bedehusfolket*: 64-67.

<sup>64</sup> Eit tydeleg skilje kom særleg fram då Den Norske Kyrkje anerkjente vigsling av homofile. Dette skapte store motreaksjonar blant mange lågkyrkjelege og lekmannsfolk. Storparten av Noregs folk er medlem av Den Norske Kyrkje, ofte representert gjennom døyping av spebarn i kyrkja. Lenge stod dei fleste kristne i Den Norske Kyrkje sitt register. Etter at Den Norske Kyrkje tillet vigsling av homofile, valte fleire melde seg ut. Tandstad, Bent. «3000 utmelding etter homofili-vedtak». NRK 9. mai 2016. Henta frå <https://www.nrk.no/norge/3000-utmeldingar-etter-homofili-vedtak-1.12938034>; NTB. «Over 25.000 meldte seg ut av Kirken i august». NRK 1. september 2016. Henta frå <https://www.nrk.no/sorlandet/over-25.000-meldte-seg-ut-av-kirken-i-august-1.13116077>; Eikje, Ove. «NLM-generalen melder seg ut av kirken». Dagen 17. februar 2016.

<sup>65</sup> Dette kom til uttrykk blant anna med ein oppslutnad på 3/4 av det totale røystetalet hjå veljarane på Agder og Vestlandet. Øidne, «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet»: 43-44.

<sup>66</sup> Seland, Bjørg. «Revolusjon i bygda – vekkingskristendommen som endringsprosjekt». I *Mellan gammalt og nytt: Kristendom i Norge på 1800- og 1900-talet*. Redigert av Dørum, Knut og Helje Kringlebotn Sødal. (Bergen: Fagbokforlaget, 2016): 171.

<sup>67</sup> Seland, «Revolusjon i bygda»: 171.

sekularisering, og religion blir gjerne sett på som to uforlikelege fenomen. Den einsidige forståinga har vore at desto meir sekularisert eit samfunnet blir, desto mindre plass får religionen.<sup>68</sup> Dette er ein ganske forenkla påstand, noko som Jonathan Fox meiner få samfunnsforskarar i dag vil hevde. Av den grunn meiner eg det er naudsynt å få eit djupare innblikk i dette.

Tradisjonelt sett har inndelinga i presse-Noreg mellom dei kristne avisane kome til uttrykk med *Vårt Land* som Austlandet si kristenavis, og *Dagen* som Vestlandet si kristenavis. Verdigrunnlaget til *Dagen* har tradisjonelt sett representert det vestlandske kristenfolket sitt verdigrunnlag. Når min studie tar utgangspunkt i den vestlandske bedehuskulturen, er *Dagen* av den grunn eit ideelt objekt for ein studie denne kulturen si haldning til Midtøsten-konflikten. I Noreg har det vore ein sterk tradisjon for avislesing, både før i papirform, og nå i nettutgåve.<sup>69</sup> Slik eg skreiv innleiingsvis meinte Dag Kullerud at *Dagen* vart «som et lite stykke Israel i Norge» etter at Arthur Berg tok til som sjefredaktør. For å forstå korleis han drog *Dagen* i denne retninga, meiner eg det er viktig å sjå på tida før han byrja i *Dagen*. Her vart Berg sitt standpunkt til konflikten i stor grad danna, og denne perioden kan gje oss ein større forståing av hans handlingssett seinare som sjefredaktør. Vidare nå vil eg difor sjå nærmare på hans veg fram til sjefredaktørstolen i *Dagen*.

## 2.2 Bergs oppvekst og militærteneste

Når Dag Kullerud skal summera kva for nokre sakar som har låge hjarta til Arthur Berg nærmast, gjere han det med tre ord «Gården, bedehuset og flagget». Omgrepa rommar «sakskartet» som Berg hadde med seg gjennom livet, meiner Kullerud.<sup>70</sup>

Arthur Berg vart fødd i 1916 og vaks opp på ein gard i bygda Berg i Brunland i Vestfold, saman med sine sysken og foreldra Ole og Camilla Berg. I boka til Svein Brurås fortel Berg frå sin barndom om ein fattig skreppekar. Han var jøde. Kvar gong han var å sjå på vegen, seier Arthur Berg at det gjekk «fyr i far Ole». Denne gongen avslutta far til Arthur Berg arbeidet og inviterte skreppekaren inn på kjøkkenet. Ole Berg snakka til jøden blant anna om at lidingane hans snart ville gå mot ein ende då jødefolket snart skulle få sitt land i

---

<sup>68</sup> Slagstad, Rune. *De nasjonale strateger*. (Pax Forlag, 1998): 111.

<sup>69</sup> Smith-Meyer, Trond & Kristin S. Orgeret. «Avis». *Store Norske Leksikon*. 3. juni 2020. Henta frå <https://snl.no/avis>.

<sup>70</sup> I desse orda romma kampen mot EEC, forsvaret av friskular, skriftprinsippet og derav eit nei til kvinnelege prestar og unisex-kultur, motstanden for sjølvbestemt abort og forsvaret av Israel for å nemna nokre. Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 156.

Palestina, og siterte løftar som Bibelen fortel om framtida til Israel.<sup>71</sup> Av dette kan ein sjå at Arthur Berg ikkje var gamal då han fekk høyra jødefolket og ein tru på spesielle løftar som låg i vente for jødefolket, i følgje dette teologiske synet. Desse løfta er noko Arthur Berg skulle stå støtt på og forsvara seinare i sitt liv og virke i *Dagen*. Kva desse løfta omhandlar og diskusjonen rundt dei, er noko eg vil koma meir tilbake til i kapittel 4.

Slik eg får inntrykk av Svein Brurås, var Ole Berg i større grad prega av ein tradisjonskristendom enn eit personleg val om å tru. «Folket på Berg ville selvsagt være kristne», skriv Brurås. Dette blir forsterka av at Brurås skriv at han nokre år seinare vart omvendt i ei vekking i bygda til ei meir pietistisk kristendomstru.<sup>72</sup> Arthur Berg beskrev dette slik seinare i festskriftet til Kåre Kristiansen; «Far min hadde på ein eller anna måte fått greie på dette synet og eg lærde det frå eg var liten. Seinare miste eg det aldri.»<sup>73</sup> Det kan tyde på at det lågkyrkjelege samfunnet rundt Arthur Berg har hatt eit tidleg positivt syn på Israel.

Når Arthur Berg nådde ein alder av 18 år, skulle det skje store endringar i hans liv. Rundt dette tidspunkt mista han både sin bestefar og far. Begge to hadde vore store førebilete for Arthur Berg, og har stått for ein stor del av verdigrunnlaget hans. Økonomien hadde heller ikkje vore den beste, noko som førte til at Camilla Berg måtte selja garden etter tapet av ektefellen. Deretter tok ho med seg borna og reiste til Kristiansand.<sup>74</sup> Salet av garden var noko Arthur ikkje tok lett på. Som odelson greidde han ikkje å føra slektsgarden vidare, noko som prega han lenge etterpå, om ikkje heile livet. Arthur Berg reiste til Oslo kor han byrja på Menighetsfakultetet (MF). Her fortel Sigvart Riiser, ein tidlegare bibelskulelærar og ven av Berg, om tida der saman. Han fortel at det ofte vart diskutert mangt eit emne i avisromdiskusjonane på MF. Av dei var pasifisme eit emne som vart brukt mykje tid på. I tillegg vart òg andre teologiske- og samtidsemne tatt opp i desse diskusjonane. Dei emna som ein vart kjent med i redaktörtida til Arthur Berg, var noko Berg gjennom sin studietid allereie då utforma og avklara sin ståstad til. Blant desse, seier Riiser, var kjærleiken til jødane og det folk som seinare grunnlæ Israel.<sup>75</sup>

---

<sup>71</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 17-18. På spørjemål om kvifor han konsekvent har tatt Israel sitt parti i Midtaustenkonflikten, svarar Berg til Brurås at han lærte det av sin far og bestefar. Brurås 1987: 117.

<sup>72</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 23.

<sup>73</sup> Berg, «Bedehus-kulturen i norsk politikk»: 125.

<sup>74</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 30-32.

<sup>75</sup> Riiser, Sigvart. «Bidrag til portrettet av en god venn». I «*Bygg Jerusalems murer*»: *Festskrift til Arthur Berg*. Redigert av Paulsen Reidar, Finn Jarle Sæle, Odd Sverre Hove & Erling Severinsen. (Bergen: Visjon, *udatert*): 14

I Berg si tid på MF var dei fleste av studentane han møtte pasifistar, noko som vakte harme hjå Berg. Han skal ofte ha argumentert og prøvd å læra dei om fedrelandskjærleik og forsvaret av fridommen, men dei let seg ikkje overtyda. Verst var nok forsøka frå medstudentar på å sleppe unna militärtenesta gjennom utsetting fram mot ordinasjonen. Som prestar kunne dei ikkje vera stridande, og dermed slapp dei militärteneste. Ein dag fekk Berg nok. I følgje Riiser skal han etter ein oppheta diskusjon ha sagt «Nå går jeg ikke en dag lenger på denne landsforræder-anstalten».<sup>76</sup> Han slutta dermed på MF og byrja på befalskulen.<sup>77</sup> 8. april 1940 var han ferdig utdanna sersjant, dagen før Tyskland gjekk inn i Noreg.<sup>78</sup> I byrjinga var ynskje sterkt om å kunne delta i forsvarskampane for Noreg, men kapitulasjonen vart eit faktum før han nådde fram.<sup>79</sup> Ein nasjonalkjensle utom det vanlege var nok det som dreiv Berg inn i militæret, og som kom til uttrykk i ynskjet om å delta i forsvaret av Noreg.

Etter dette vendte Arthur Berg tilbake til MF kor han tok opp att studiane. I den andre perioden på MF vart han kjent med Per Faye-Hansen, ein mann som Svein Brurås skriv «var brennende opptatt av jødene, noe som straks vakte Arthur Bergs interesse».<sup>80</sup> Dette skriv Berg om i anledninga 70-årsdagen til Faye-Hansen. I motsetnad til lærarane ved MF trudde ikkje Faye-Hansen at jødefolket var «forkasta», men framleis spelte ei rolle i dei bibelske profetiane.<sup>81</sup> Denne teologiske usemja er eit sentralt tema for korleis kristne tilnærma seg Israel og Midtausten-konflikten. Dette er noko eg vil i større grad venda tilbake til i kapittel 4.

Gjennom krigsåra kom fleire teologistudentar ved MF saman og hjelpte jødar over grensa til Sverige. Blant desse var Per Faye-Hansen og ein med namn Hans Christian Mamen.<sup>82</sup> Berg fekk ei førespurnad frå Faye-Hansen om han kunne leige ein stor herskapsvilla i Asker. Faye-

<sup>76</sup> Riiser, «Bidrag til portrettet av en god venn»: 14

<sup>77</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 37-38.

<sup>78</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 40.

<sup>79</sup> Brurås skriv at Berg ved krigsutbrotet vart satt til å vokta generalen sitt kontor i Kristiansand saman med 3 andre. Dette fungerte då som eit knutepunkt for kommunikasjonen mellom avdelingane på Sørlandet. Etter at tyskarane tok seg inn i byen, flykta dei opp til Setesdaln etter å ha forsikra seg om at all informasjon av interesse var satt fyr på og øydelagt. Etter nokre veker kom ei melding om demobilisering. Arthur Berg nekta å gjere dette, og tok til å sykle på ein tjuvlånt sykkel Sør-Noreg rundt på jakt etter krigen. Når han kom til Austlandet, var kampane over. Då bestemte han seg for å reiste til Finnmark, fordi kampane framleis haldt på der. Han tok seg over Hardangervidda til Bergen, for å der ta seg vidare sjøvegen til Finnmark. Dette lykkast han ikkje med, og kort tid etter kom òg beskjeden om at Noreg hadde kapitulert. Etter dette vendte han tilbake til Kristiansand og gav sykkelen tilbake sin rettmessige eigar. Brurås, *Arthur Berg*: 40-44; Riiser, «Bidrag til portrettet av en god venn»: 14.

<sup>80</sup> Berg og Faye-Hansen danna etterkvar eit venskap. Under andre verdskrig reiste dei saman rundt og haldt møter om jødemisjon, kor dei tala om antisemittisme, profetiar i Bibelen og jødane sin sak. Brurås *Arthur Berg*: 45.

<sup>81</sup> Av det som vakte interesse frå Berg, var at Faye-Hansen stod fast på sin overtyding og let seg ikkje påverke av lærar om jødane som vart undervist på MF. Berg, Arthur, red. *Per Faye-Hansen 70 år*. (Hermon Forlag, 1986): 61.

<sup>82</sup> Riiser, «Bidrag til portrettet av en god venn»: 14.

Hansen hadde peikt ut ein villa som virka som ein god skjulestad for jødar på flukt. Sjølv om dette var risikabelt, sa Berg seg villig til dette. Å leige ein stor villa for seg sjølve, er noko som kan vekke mistenke. Difor fann han ut at om han gifta seg med sin dåverande kjærast, Eva, så ville det ikkje vere så suspekt at dei to leigde denne villaen.<sup>83</sup> Dette fann stad i 1942. Dei skal ha klart å få omlag 25 jødar over grensa til Sverige dette året.<sup>84</sup> Etterkvart vart tyskarane merksam på denne operasjonen, noko som medførte at Arthur Berg og Eva såg måtte flykte til Sverige.

Under opphaldet i Sverige vart Berg feltprest. Om me ser tilbake til tida han sin på MF før krigsutbrotet, kom det fram at som prest kunne ein ikkje vere stridande soldat. Når førespurnaden om å bli feltprest kom, krav Berg for at han skulle ordinerast, måtte han òg kunne strida. Viss ikkje fekk ordinasjonen vente på seg til etter krigsslutt. Slik eg nemnte tidlegare var det å kunne strida for fedrelandet noko som tydeleg låg Berg sitt hjarta nært. Å ikkje kunne stå i strid for sitt land i krig var utenkeleg. Ståstaden han argumenterte så sterkt for på Meninghetsfakultet stod framleis fast. Berg sa til slutt ja til å bli feltprest etter at det kom ein kongeleg resolusjon frå regjeringa i London som let han strida som feltprest.<sup>85</sup> Hausten 1944 vart han flydd til Finnmark, kor han etter krigsslutt tenestegjorde som divisjonsprest ved Distriktskommando Nord-Norge.

I løpet av tida i Nord-Noreg byrja Arthur Berg si aviskarriere som debattant i avisspaltene, kor han seinare vart redaksjonssekretær i bladet *Samenes Venn* som Noregs

---

<sup>83</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 45-46. .Giftemålet med Eva lot seg ikkje gjera i denne omgang. Først når dei seinare var i Sverige, fekk dei tid til å gjennomføra giftemålet. Brurås 1987: 50.

<sup>84</sup> Hove, Odd S.. «Alf Gjøsund og Arthur Berg». *Vårt Land*. 25. november 2014. Dette arbeidet har det vore ein liten usemjø om. Jon Mamen, Hans Christian Mamen sin son, skriv i eit innlegg i *Vårt Land* 27/11 at verken Faye-Hansen eller Berg skal ha spelt nokon rolle i dette arbeidet. Dette skal Hans Christian Mamen fortalt i bøkene *Svensketrakfikken I* frå 1974 og *Vi valgte det vi ikke kjente* frå 1995. I boka *Vårherres kurer* frå 2002 om Hans Christian Mamen skal Faye-Hansen og Berg blitt informert om verksemda. Likevel meiner Jon Mamen at det blir feil slik Hove seier i sin artikkel at dei tre stod saman om arbeidet. Jon Mamen påpeika at Hans Christian Mamen ikkje blir nemnt i boka til Brurås, noko eg kan bekrefte stemmer. Hove svarer Mamen seinare kor han oppklara i påstanden om eit livsvarig venskap mellom desse tre etter krigshendingane. Her skriv han blant anna at han ville i 1992 intervju Berg i anledning 50-årsminne for Donau sin avreise til Tyskland. Berg ville ikkje intervjuast og gav grunnen til dette. Hove, Odd S.. «Alf Gjøsund og sannheten». *Vårt Land*. 2014. Henta 6. mars 2020 frå <http://www.verdidebatt.no/innlegg/11541417-alf-gjosund-og-sannheten>. I ein e-post til meg skriv Odd Sverre Hove at Berg sin grunngjeving var at «Den gongen ville det ha vore livsførleg å seia eit einaste ord om det vi heldt på med. Og no i ettertid ville det vore sjølvros; og det er jo endå fårlagare...». Her skriv Hove óg at han fekk lirka utav Berg litt av virket, kor Berg skal ha hjulpet ein jødisk familie til Sverige. Med dette var det nok slik at Berg var del av dette arbeidet. Personleg kommunikasjon i e-post frå Odd Sverre Hove, 12. februar 2020.

<sup>85</sup> Berg ville ikkje bli feltprest om han ikkje kunne strida. Det kunne venta til krigen var over, meinte han. Det var høve for nye feltprestar, og etter press frå militær-attacheen ved den norske ambassaden i Sverige, gjorde dei dette unntaket. Dette er mogleg dette var første gong i det norske forsvaret at ein mann hadde ein slik dobbeltrolle. Brurås, *Arthur Berg*: 50-52; Riiser, «Bidrag til portrettet av en god venn»: 14.

Samemisjon gav ut. Dette førte han og familien i 1950 til hovedkontoret i Trondheim kor han starta sitt virke som redaksjonssekretær i *Samenes Venn*.<sup>86</sup>

### 2.3 Ein brokete start i Dagen

Sitjande sjefredaktør Odd Strand hadde spurt styret om å få ein medarbeidar, og då helst ein teolog, som kunne styrke den kristne avdelinga i *Dagen*. Dette ynskje følgde styret opp. Prosessen med å skaffe ein slik medarbeidar skulle ikkje bli lett. Samstundes som ein söka etter eigna kandidatar, hadde ein latt merke til skribenttalentetet til redaksjonsredaktören i *Samenes Venn*. Forutan om dette, hadde ein i styre fått lese *Vi er alle prestar*, ein brosjyre frå eit føredrag Arthur Berg hadde haldt i Finnemisjonen. Berg stillar spørjemål ved retninga statskyrkje tek ved «å krevja teologisk utdanning og ordinasjon» for «å verje mot sjølvkalla predikantar utan nådegåve til å forkynne». Predikantar med «kall til å forkynne» kan dermed ikkje bli prestar utan utdanning, noko Berg fann problematisk. For han er det ein ubibelsk tanke at ein utnemning gjeven av eit kyrkjeleg departement skal stå høgare enn «eit kall frå ein kristeleg organisasjon som står på Bibelens og vedkjenningas grunn».<sup>87</sup> Dette tydar på at Berg lenge har synt skepsis til samhaldet mellom den norske kyrkja og den norske stat. Berg var tilhengjar av synet om at desse to burde skilja lag, då staten kunne på sikt erstatta Gud som kyrkjas øvste autoritet.<sup>88</sup> På sikt var Berg redd for at det ikkje var Bibelen som skulle vere grunnlaget for kyrkja sitt verdigrunnlag, men heller menneske, og dermed at kyrkja skulle bli for sekulær i sin tankegang.

Når førespurnad kom om Arthur Berg kunne tenka seg denne medarbeidarstillinga, takka han nei. Berg grunngav dette med at han ikkje ynskja å bli heiltidsskrivande. Styret i *Dagen* gav derimot ikkje opp. Eitt år seinare kom tilbodet om å bli «redaktør for den kristelige avdeling i *Dagen*», eit tilbod som nok i større grad freista Berg. Før han kunne takke ja, skriv Svein Brurås at Berg måtte forsikre seg om at sjefredaktør Odd Strand var positiv til ein redaktør nummer to. I ei brevveksling mellom desse kjem det fram ein gjensidig positivitet til eit samarbeid. Slik Brurås påpeiker, er det interessant å sjå kor positiv dei to ulike partane var til

---

<sup>86</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 52-56; Paulsen et al., *Bygg Jerusalems murer* 1987: 15.

<sup>87</sup> Berg, Arthur. *Vi er alle prestar*. (Oslo: Indremisjonsforlaget, 1953): 37. Innan for kristendommen, er det ein tanke om at ein som kristen er ilagt ulike nådegåvar som gjere ein ekstra utrusta til spesielle tenester. Det kan vere til dømes nådegåve til å forkynne, til samtale og så vidare. Slik Berg såg det, og som nok mange med han gjorde, skal det ligge eit kall – gjerne då i form av ein nådegåve – til å forkynne.

<sup>88</sup> «Kirke og stat». *Dagen* 28. mars 1967.

kvarandre ved dette tidspunkt, samanlikna med korleis det skulle bli.<sup>89</sup> Noko som kan seiast å ha vore eit frampeik på det som skulle koma, var måten Berg oppfatta tilbodet. Han skal ha sett det slik at han «vert tilsett i sjølvstendig redaktørstilling for det teologiske stoffet i Dagen».<sup>90</sup> Denne formuleringa meiner Dag Kullerud var kjernen for den kommande konflikten. At Arthur Berg med dette skulle meine at han skulle ha veto i sakar som fall under hans domene, var nok noko Odd Strand ikkje tenkte då han godtok dette saman med styret.<sup>91</sup>

Arthur Berg byrja i *Dagen* 1. september 1955. Kort tid etter skulle det bli ein strid mellom sjefredaktør Odd Strand og Berg. Berg gjennomførte eit intervju med pastor Fredrik Wisløff på ein indremisjonskonferanse i Bergen om forholdet mellom kyrkja og indremisjonen. Dette intervjuet imøtegjekk Strand i ein leiarartikkel, kor han synest Wisløff var uklar og adresselaus med sine utsegn.<sup>92</sup> Wisløff sine synspunkt var noko som Berg skal vore samd i, noko han skal ha uttrykt frå spalteplass i *Dagen*.<sup>93</sup> Berg følte han vart satt i ein vanskeleg posisjon, og bringa saka til styret.<sup>94</sup> At Berg skulle få eineråderett over si avdeling, var noko som ikkje kunne gå utan at det gjekk på kostnad av Strand si sjefredaktørstilling. Etter eit styremøtet kom det nye rammar for korleis redaktørane skulle gå fram. Arthur Berg skulle ha ansvar for teologiske spørjemål, medan i kyrkjepolitiske spørjemål skulle redaktørane samrådast. Om dei ikkje vart samde, skulle dei legga saken framfor formannen i styret i *Dagen*.<sup>95</sup> Med dette vart Strand sin sjefredaktørstilling råka og avgrensa. Om dette hadde skjedd i til dømes *Dagbladet* på denne tida, så ville dette nok ikkje hatt så stor innverknad på sjefredaktøren i *Dagbladet* sin posisjon. Til forskjell til *Dagbladet* er *Dagen* ei kristen avis. Dermed var dette mykje meir prekært, då mykje av *Dagen* sitt stoff var relatert til teologiske og kyrkjepolitiske spørjemål. Om Berg då, som Svein Brurås påpeiker, skulle få større rom her til å fremja sine synspunkt, ville det påverke Strand sin stilling betrakteleg.<sup>96</sup>

Sjølv om ein med dette styremøte prøvde å inngå eit kompromiss, vart ikkje striden løyst. Ei veke etter styremøtet ville sjefredaktør Strand skrive ein leiarartikkel om biskopane

<sup>89</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 56-57.

<sup>90</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 58.

<sup>91</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2919*: 143.

<sup>92</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 59; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 143-144.

<sup>93</sup> Kullerud skriv at av det som kom fram av meklingsnemda si framstilling av saka, skal Strand ha visst om Berg sitt syn. Derimot hadde ikkje Strand oppfatta artiklane til Berg som redaksjonelle artiklar, då dei var underteikna med full namn. Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 144. Berg var under oppfatninga av at han hadde det fulle ansvaret for den kristne avdelinga i *Dagen*. Når sjefredaktør Strand tok Wisløff til motmåle, kjente nok Berg på at han vart satt til side i denne saka, då han i større grad var samd med Wisløff.

<sup>94</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 59.

<sup>95</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 59; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 144-145.

<sup>96</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 59.

sitt ynskje om å opprette eit nytt Meinigheitsinstitutt.<sup>97</sup> Strand sjølv skal i følgje Dag Kullerud vore positiv til dette initiativet.<sup>98</sup> Korleis reagerte Arthur Berg på dette? Sidan dette var eit kyrkjepolitisk spørjemål, måtte Strand samråda seg med Berg om denne artikkelen. Berg skal då ikkje hatt nokre innvendingar, men ytra at denne artikkelen burde vente på seg. Grunnen for dette var at Berg ville ha med seg biskopane sitt fellesmøte kor dette skulle diskuterast. Om ein skulle vente med prenting til etter møte, meinte Strand at artikkelen mista sin kraft. Kullerud meiner skilje mellom journalisten og teologen tydeleg kom fram her. Han meiner, som ein journalist, at Strand si avgjersle var riktig frå eit nyheitssynspunkt. Kullerud meiner at Berg i dette tilfelle handla utifrå ein ideologiske ståstad framfor ein journalistisk ståstad. Styret til *Dagen* haldt med Berg i denne saka.<sup>99</sup> Ingen av partane tala om dette, men Kullerud vil seia det her krystalliserte seg til å bli ein konflikten mellom journalistikk og ideologi.<sup>100</sup>

Sjefredaktør Strand sitt ord var endeleg. Artikkelen skulle koma på trykk før møtet. Sidan Strand var i Oslo på dette tidspunktet, let Arthur Berg leiarartikkelen til Strand koma på trykk, for at Berg så i same andedrag sa opp si stilling. Berg såg ikkje ei framtid i samarbeidet med Strand då han ikkje fekk «suspensivt veto i kyrkjepolitiske spørsmål».<sup>101</sup> Styret ynskja å forhandle. Berg skal i følgje Svein Brurås ha lagt fram sine vilkår for å avbryta si oppseiing. Viss Berg si tilbakevending til *Dagen* førte til at Strand sa opp sin stilling, måtte forhandlingane terminerast.<sup>102</sup> Samstundes var sannsynlegvis einaste moglege føresetnad for at Berg skulle venda tilbake til *Dagen* vetoret i kyrkjepolitiske sakar. Dette var nok skulestyrar Olav Åmdal klar over. For å få Berg til å annullera si oppseiing, la Åmdal fram eit forslag for styret som i stor grad ville ha gjeve Berg vetoret i teologiske og kyrkjepolitiske sakar. Han hadde nok meir sans for Bergs konservative tilnærming enn Strands meir liberale tilnærming, og ville med dette redusere Strand sin stilling for å få Berg tilbake. Styreformann Odd Danbolt hindra dette vedtaket, då han nok var viss på kva som ville skje om dette vart

<sup>97</sup> Etter krigen skjedde det ei nyorientering i Den Norske Kyrkje, i følgje Hallgeir Elstad, professor ved Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo. Med Norsk Menighetsinstitutt arbeidde Den Norske Kyrkje etter andre verdskrig i nokre år for å nærme seg arbeidarrørsla og betre forståinga mellom dei to. Elstad, Hallgeir. «Frå bibelgruppe til kyrkjeakademi : Då Norsk Kirkeakademi vart til». I *Kirke, protestantisme og samfunn : Festskrift til Professor Dr. Ingun M. Montgomery*. Redigert av Thorkildsen, Dag, Aud V. Tønnessen, Roger Jensen & Ingun Montgomery. (Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2006): 177-178.

<sup>98</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 145.

<sup>99</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 145.

<sup>100</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 149.

<sup>101</sup> Norsk Redaktørforenings arkiv, «Kjennelser i tvistnemnden 1957». Dom av 20.11.1972, sak 8/1972, L nr 14/1972: 10. Attgjeven i Hjeltnes, Guri, red., *Norsk presses historie 1660-2010: Imperiet vakler 1945-2010 (Bind 3)*. (Oslo: Universitetsforlaget, 2010): 149.

<sup>102</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 61.

vedtatt. Om forslaget hadde fått medhald, ville Danbolt ha segt opp si stilling.<sup>103</sup> Som ein kanskje kan sjå, stod denne konflikten mellom styreformann Odd Danbolt og sjefredaktør Odd Strand på eine sida, og Arthur Berg og storparten av styret på den andre. *Dagen* stod ved eit vegskilje som kan seiast å ha vore avgjerande for den framtidige retninga avisas skulle gå i.

I eit følgande styremøte vart det gjort vedtak kor Arthur Berg vart beden om å trekke tilbake si oppseiing. Til det vedtaket sa Odd Strand at Berg gjerne måtte koma tilbake, og han ynskja å ha eit godt samarbeid med han. Avslutningsvis presiserte Strand at han framleis såg på seg sjølv som øvste redaksjonelle leiar i alle spørjemål. Berg svara med å annullere sin oppseiing, men kom med kravet om «eit avgjerande ord» i teologiske og kyrkjepolitiske sakar, så sant Strands stilling ikkje vart rokka.<sup>104</sup> Denne ordlyden reagerte Strand på, og det med rette. Om han godtok dette, ville sjefredaktør Strand i praksis sjefredaktören ikkje lenger ha eit avgjerande ord i kristelege og kyrkjepolitiske sakar. Dette ville ha innskrenka han si stilling betrakteleg. Strand sa til styret at om dei imøtegjekk kravet til Berg, ville han sjå på dette som si oppseiing. Etter dette kom eit styrevedtak som gjorde nettopp dette, då med ein reservasjon om at «eit avgjerande ord» ikkje skulle bli forstått som at Berg stod over styret og sjefredaktören.<sup>105</sup> Som ein kan skjøna vart det med dette klart for Strand at han ikkje lenger kunne halda fram i si stilling, og gav samstundes beskjed om si oppseiing. Dette førte òg til at styreformann Odd Danbolt sa opp sin stilling. Han hadde stemt imot styrevedtaket, slik som ved førre vedtak, og kunne som då ikkje halda fram om vedtaket vart gjort. Korleis stilte Berg seg til det nye vedtaket? Som tidlegare nemnt la han fram eit vilkår om at hans tilbakevending ikkje skulle føre til Strand sin oppseiing. Dermed trakk Berg sin annullering, og Berg si oppseiing stod ved lag.<sup>106</sup>

I oppseiingstida kom Odd Strand i disputt med generalsekretær i Misjonssambandet, Tormod Vågen. Vågen kom med nokre merknader i bladet *Utsyn* om at i dei siste krisemånader hadde økonomien gått betre. Han trakk slutninga at kristenfolket hadde gjeve sin tillitserklæring til styret. Strand skal ha følt at Vågen sine utsegn var eit personåtak, kor han frå sitt perspektiv følte styret pressa han ut av *Dagen*. Strand oppfatta det som ein dryg påstand at kristenfolket skal ha støtte opp om dette. Styret gjekk etter dette ut og beklaga at Strand sin personlege

---

<sup>103</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 62; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 146.

<sup>104</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 62-63; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 146.

<sup>105</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 63.

<sup>106</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 63; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 147.

vendetta var blitt teken til spalteplass, og ba etterpå Strand om å rydde sitt kontor.<sup>107</sup> Ein kan skjøne reaksjonen frå Strand, som over lengre tid hadde blitt motarbeida.

Meklingsnemnda som behandla redaktørstriden skal i etterkant ha vurdert styret sine handlingar som rettsstridige, og gav Strand medhald i denne saken.<sup>108</sup> Når det gjaldt korleis Strand hadde svara Vågen, uttrykka nemnda forståing for at Strand hadde blitt provosert av Vågen sine utsegn, men nemnda meinte at Strand burde haldt seg frå omtale *Dagen* sin økonomi slik han hadde gjort.<sup>109</sup> Når meklingsnemnda kom med sine vurderingar av redaktørstriden i mars 1957, var *Dagen* utan redaktørar. I ein artikkel i Bergens Tidene i anledning Odd Strand sin bortgang, skriv artikkelforfattar at «Det konservative styret, utgått av den enda mer konservative kinamisjonen, satte ham på porten for teologisk ulydighet i 1956».<sup>110</sup> Strand opplevde nok hans ståstad ikkje samsvarande med styret sitt. Svein Brurås skriv at Strand tolka det dit hen at styret og sjefredaktören ikkje kunne tillate seg å hevda noko anna enn det Berg stod for i spaltene til *Dagen*. Frå Berg sitt held skal dette ikkje ha vore intensjonen. Berg sa til Brurås at han hadde nok formulert seg noko klossete. For han var det aldri noko ynskje om å rokke ved Strand sin sjefredaktørstilling. Derimot ynskja han å få redaktør-status på sakar som omhandla sitt stoffområde. Han kunne ikkje stå bak artiklar han ikkje var samd i. I røyndommen såg Berg at dette ikkje kunne gå.<sup>111</sup> Berg har stått fjellstøtt på det han trudd på. Det og då måtte la sin meining vike, var nok forhold han ikkje var laga for å arbeida i.

Som me såg tidlegare omtala Dag Kullerud redaktørstriden som ein konflikt mellom ideologi og journalistikk. Kor langt skulle ein gå i å hevda sitt standpunkt? På dette tidspunktet var det ein omfattande kyrkjedebatt, kor styret i denne situasjonen ynskja ei tydelegare røyst samanlikna med den Strand representerte. Tidlegare hadde det ikkje vore naudsynt å klargjera

---

<sup>107</sup> Brurås, Arthur Berg: 67-68; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 147.

<sup>108</sup> Meklingsnemnda var eit resultat av redaktørplakaten frå 1952. Plakaten skulle fungere som ei hjelpe til redaktørar som kom i konflikt, anten med eigarar av avisa, styret til avisa, avisas publikum eller andre. Kort tid etter at redaktørplakaten vart vedteken, kom ei meklingsnemd på plass, med heimel i dei rettleiande normane for redaktørane arbeidsforhold. Hjeltnes, Guri. *Imperiet vakler : 1945-2010*, vol 3, Norsk presses historie: 1-4 (1660-2010). (Oslo: Universitetsforlaget, 2010): 151-152.

<sup>109</sup> Brurås, Arthur Berg: 67-68; Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 147-148.

<sup>110</sup> Rødland, Kjartan. «Odd Strand er død». *Bergens Tidende* 11. august 2015. Henta frå <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/QPMb4/odd-strand-er-død>. Det kjem òg fram i Svein Brurås i si bok at Odd Strand ynskja å halda fram den linja redaktøren før han hadde haldt med *Dagen* kor ein ikkje skulle vera bunden av eit bestemt kyrkjesynt. Dette kolliderte nok med store delar av styret og Berg sitt syn på saken. Ynskjet om å halde på Berg forte til inngrep som få andre avis-redaktørar ville akseptert, skriv Brurås. Brurås 1987: 66.

<sup>111</sup> Brurås, Arthur Berg: 66-67.

kva ståstad *Dagen* skulle ha, men med dette skifte i debatten auka høve for nettopp ei klargjering frå *Dagen*. Kullerud vil hevde at motsetnaden mellom kyrkjegjengarar og bedehusfolket var med på å prege striden. Tormod Vågen ymta frampå om *Dagen* var i ferd med å gli vekk frå den radikale og lågkyrkjelege linja. Sjansen *Dagen* tok med å skjere gjennom ei ny linje ført til at ein mista både Berg og Strand.<sup>112</sup>

Etter at striden kulminerte, byrja Arthur Berg som lærar på Nordhordland Folkehøgskule. På dette tidspunktet var Berg i utgangspunktet overtyda om at han ikkje skulle tilbake til *Dagen*. Likevel greidde styret i *Dagen* å overtyda han i å koma tilbake, og sommaren 1957 vendte han tilbake – nå som sjefredaktør.<sup>113</sup> Kva faktorar som vart avgjerande for dette valet, er noko som verken Svein Brurås eller Dag Kullerud nemnar. Det nærmaste eg har greidd å kome ei mogleg årsak til kvifor han vendte tilbake, står den tidlegare *Dagen*-redaktøren Odd Sverre Hove for. I ein samtale med Hove skal Berg ha nemnt Olav Åmdal, som forutan om å vere styremedlem i *Dagen*, var rektor ved Nordhordland Folkehøgskule då Berg byrja ved skulen etter redaktørstriden. Berg sa då at «det var rektor Åmdal som ivra så sterkt for å ha meg som redaktør i *Dagen*». Hove sjølv tolka dette dit hen at det var Åmdal som overtala Berg til å bli redaktør i 1955, og som seinare overtala han til å vende tilbake til *Dagen* etter striden med Strand.<sup>114</sup>

## 2.4 Eit ættesvik mot forfedrane

I boka til Svein Brurås er det ei beretning eg vil trekke fram som illustrerer Arthur Berg sitt tankesett rundt sine kampsakar. På sine eldre dagar reiste Arthur Berg og vitja Peder og Anna Amundrød. Dei budde omlag hundre meter frå heimgarden til Berg. Under vitjinga må Berg sitte med ryggen til mot heimgarden. Når han såg garden, skriv Brurås at det einaste Berg tenkte på var «ættesvik». For Berg vart garden eit symbol på odelsguten som ikkje kunne føra slektsarva vidare, som fleire generasjonar hadde strevd med å byggja opp. Berg skal ha sagt det slik til Brurås.

Eg var bonderomantikar, og eg var nasjonalromantikar. Dette auka sjølvsagt glansen over far og bestefar. Og glansen auka endå meir då både to døydde med berre fire månadars mellomrom, før eg var vaksen og for alvor hadde brote navlestrenge. (...) Deira tillhøve til det reine flagget og kjærleiken til jordi (...) gav meg eit sår som aldri er grodd. Dette fordi noko av det verste eg som nasjonalromantikar kunne tenkja meg, var å gjera ættesvik. Å la garden gå til framande, det var ættesvik. Noko av det siste far min gjorde før han døydde, var å skjøyta frå garden ei tuft til bedehuset. Dette vart bygd

<sup>112</sup> Kullerud, *Dagen* 1919-2019: 149-152.

<sup>113</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 68.

<sup>114</sup> Personleg kommunikasjon i e-post frå Odd Sverre Hove, 9. mars 2020.

medan han enno levde. Han rakk vel å vitja bedehuset ein gong eller to før han døydde. Etterpå har eg tenkt som so: Ein ting var at eg gjorde ættesvik den gongen. Men eg kan ikkje tillata meg å gjera ættesvik ein gong til. Bedehuset som no står på ein del av garden, hyser mine trusfrendar. Og det er ei slekt som eg ogso har plikt til å vera lojal og trufast imot. Dette er nok trulegvis ein av grunnane til at eg sjeldan tveka på kvar eg skulle stå i ulike faser av åndskampen – og av den politiske kampen<sup>115</sup>.

Arthur Berg vart prega av salet av garden den gongen, noko som kan seiast å ha prega han seinare som redaktør i *Dagen*. Han hadde gjort ættesvik ein gong tidlegare, og det skulle han aldri gjera igjen. Det kan tenkast at det sviket Berg følte ovanfor salet av garden vart overført til bedehuset og den kulturarva som bedehuskulturen førte med seg. Denne historia beit Dag Kullerud seg óg merke i. Han kommenterer at ordet ættesvik inneheld ein skremmande makt og har noko nå delaust over seg.<sup>116</sup> Det var nok eit ganske bevisst ordval av Berg. Under krigen kom dette til synet gjennom eit uvanleg sterkt behov for å forsvara Noreg. Om ein ser til striden med Odd Strand, kom dette etter ein gong til syne gjennom uviljen til å slutte seg til ein meining som Berg meinte kunne skada bedehuskulturen. Berg var ideologisk og tru til sin overtyding og det opphavet hadde lært han. Han stemte lenge Venstre, men når partiet tok til å «av-ideologiserast», kunne han ikkje halda fram sin stønad og vart på sett og vis «partilaus».<sup>117</sup> I avsnittet Svein Brurås gav namnet «*I gevær!*», meiner han Arthur Berg best let seg beskrive som ein soldat. Etter krigsslutt vart kampen mot tyskarane erstatta med kampen mot det stadig større rotfestet sekularismen og vantrua fekk i samfunnet.

[Arthur Berg] ville ikke svike sin Herre, sin arv, sitt folk og sin åndelige slekt. Én gang før i livet gjorde han ættesvik. Det skulle aldri skje igjen. Om han skulle falle i kampen, så skulle det skje med hevet hode. Det er edlere enn å overleve med knekket nakke. Det mislykkede felttoget under krigen gjentok han aldri. Den gang kom han for sent til slagene. Siden har han sørget for å være tidsnok ute. I alle åndskampens viktige slag så var han der da kampen stod.<sup>118</sup>

På dette grunnlaget var det nok ikkje rart at store delar av det vestlandske kristenfolket såg mot *Dagen* når dei sitt kristne verdigrunnlag vart utfordra. I tida Arthur Berg satt som redaktør, opplevde Noreg særleg utover 1970-talet eit vendepunkt i oppslutnaden til den

<sup>115</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 33-34.

<sup>116</sup> Kullerud, *Dagen 1919-2019*: 155-156.

<sup>117</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 70-71. Berg meinte partiet vart av-ideologisert når Bent Røiseland, ein mann Berg hadde tru på skulle greie å halde på partiet sin ærerike fortid, måtte vike for nye røyster. Herbert Tingsten, som tok over etter Røiseland, sa at ideologane måtte døy om demokratiet skulle leve. Med slike ord mista ein Berg, som på sin side meinte at «Det er bare en klar bevisshet om partienes ulike ideologier som kan gi borgerne en reell valgmulighet i vårt demokrati».

<sup>118</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 263.

pietistiske kristendommen. Både nasjonalt og lokalt vart bedehuskulturen utfordra av nye tilbod og tendensar. Olaf Aagedal skriv at nokre bedehus val ein dynamisk løysing, medan andre i større grad forskansa seg frå omverda.<sup>119</sup> I rikspolitikken var 1970-talet ein periode som var prega av polariserte og kjenslelada livsyns- og moraldebattar, som til dømes kvinnefrigjeringa, abortspørjemålet og sambuarskap. Slike spørjemål meiner Aagedal passer inn bedehuskulturen sitt polariserte åndskampaperspektiv.<sup>120</sup>

Desse debattane prega óg *Dagen* sine spalar. I desse var ikkje alle like positive til Arthur Bergs linje. Mange meinte han var for vrang, noko som ein i *Dagen* særleg merka på 1980-talet. Kristeleg Folkeparti, som tradisjonelt sett har vore på lag med bedehusfolket, fekk hard medfart frå Berg i den politiske debatten om abortlova. Denne kritikken gjekk ikkje upåakta hen, og KrF-vener mobiliserte til ein boikott av *Dagen*. Avisa mista om lag 10 000 abonnentar. Den urokkelege linja Berg haldt var ikkje smertefri, noko som i dette tilfelle fekk prege den økonomiske situasjonen til *Dagen*. Mange meinte at han her gjorde feil i å kritisera det partiet som faktisk gjekk i mot abortlovforslaget. Det vart hevda at disputten med KrF var viktigare enn saken.<sup>121</sup> Slik ein kan sjå var det tilfelle kor soldaten Berg sin usrikelege kampånd kunne gå utover avisa. Han var først å fremst ein mann av Guds ord, ikkje ein mann som tenkte han skulle oppnå ein kommersiell suksess. Dette grunnlaget meiner eg er viktig å ha med seg vidare når me går djupare inn på Berg si tilnærming til Midtausten-konflikten. Hans kompromisslause tilnærming til denne saken skal me få sjå kan sporast tilbake til frykta for eit nytt ættesvik.

## 2.5 Oppsummering

Bedehuset har vore ein viktig institusjon for det vestlandske kristenfolket. *Dagen* vart på mange måtar ein fanebærer for dei sine kampsakar, lenge leia av Arthur Berg. Sjølv om *Dagen* aldri var tiltenkt å vere eit organ for ein bestemt organisasjon, vart *Dagen* starta av indremisjonsfolk. Sidan då har avisa haldt seg nær bedehusfolket sin pietistiske kristendom. Arthur Berg var i utgangspunktet ikkje interessert i å byrja i *Dagen*. Vegen fram til *Dagen* var for Berg ei lang ferd. Tidleg vart Berg prega av ein tragedie som skulle påverke han sterkt. Faren og bestefaren sin bortgang gjorde stort inntrykk på ein då ganske ung Arthur Berg, og kan ha gjeve han eit større pågangsmot til å forsvara dei verdiane han hadde fått frå sine

<sup>119</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 460.

<sup>120</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 461.

<sup>121</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 78-80

forfedre. Berg skulle skulle tidleg få lov til å vise sin sterke kjærleik og solidaritet til fedrelandet under andre verdskrig. I forsvarskampen mot tysk okkupasjon kom soldaten Arthur Berg i forsvar for fedrelandet tydeleg fram. Når han så ikkje nådde fram før okkupasjonen var eit faktum, vart forsvarskampen erstatta med eit illegalt arbeid for å hjelpe jødar til å flykte over til Sverige. Her synte soldaten Berg i forsvar for jødefolket seg. Odd Sverre Hove formulerte det slik til meg at Berg vart vaksinert mot jødehat og antisemittisme i denne tida.<sup>122</sup> Truskapen til jødefolket kom for Berg før krigen, men under krigen sementerte truskapen og kjærleiken til det jødiske folk seg.

Etter krigslutt tok Berg med seg familien til Finnmark, der han arbeidde som feltprest. Her byrja Bergs avisarriere med nokre få spalteinnlegg, som seinare skulle utvikla seg til å bli hans levebrød. Gjennom *Samenes Venn* gjekk ferda til *Dagen*. Her vil eg seie ein fekk møte soldaten Berg i forsvaret for bedehuset. Kort tid etter han kom til *Dagen*, byrja ein redaktørstrid som vekte oppsikt i presse-Noreg. Berg hald fram eit syn som i større grad samanfall med storparten av styret og bedehusfolket, medan Odd Strand ikkje ville at avisene skulle ta så tydeleg parti til den eine part. Ideologi vart satt opp mot journalistikken, kor ideologien i dette tilfelle gjekk vinnande ut. Den strame og kompromisslause linja Berg skulle føra gjorde nok sitt til at mange også fann sin trygge hamn i *Dagen*. For bedehusfolket vart *Dagen* ein stor inspirasjonskjelde og ei oppløftande lesing. Berg gjekk i kamp for den bedehuskulturarva som mange ville verje, og som bedehusfolket meinte samfunnet var på veg bort frå. Med Berg i sjefsstolen vart *Dagen* ein tydleg røyst for det pietistiske kristenfolket og bedehuskulturen.

Før me går i gang med analysen, er det naudsynt å ta med eit historisk riss av Midtaustens dramatiske historie frå 1948 til 1985. Her vil eg presentere dei politiske hendingane i Midtausten som låg bak den norske Midtausten-politikken, samt sjå på korleis dei norske haldningane til Israel og palestiniane endra seg i løpet av perioden. I tillegg vil eg ta føre meg korleis den politiske hendingsgangen vart framstilt i *Dagen* og korleis den prega avisene.

---

<sup>122</sup> Personleg kommunikasjon i e-post frå Odd Sverre Hove, 27. august 2019.

### 3 Midtausten-konflikten sett frå tre ulike perspektiv

Det har vore ei dramatisk utvikling i Midtausten etter andre verdskrig ende. Av den grunn meiner eg det er naudsynt å sjå på den politiske utviklinga Israel og Midtausten gjekk gjennom i tida Arthur Berg var sjefredaktør. I første delkapittel vil eg sjå på den politiske utviklinga frå opprettinga av staten Israel fram til Berg sin avgang i 1985 utifrå eit internasjonalt perspektiv. Hovudfokuset mitt vil vere på perioden frå 1957 og fram til 1985, då dette var tida Berg var sjefredaktør i *Dagen*. Gjennom denne delen vil eg legge fram viktige hendingar, samt vise til korleis dei var med å prege den politiske tilnærminga det internasjonale samfunnet hadde til Midtausten.

I neste delkapittel vil fokuset mitt vere på utviklinga i norsk utanrikspolitikk si tilnærming til Midtausten i perioden 1948 til 1985. Parallelt vil eg her også vise korleis den norske haldninga til Israel og Midtausten-konflikten utvikla seg i denne tida. I løpet av denne perioden gjekk Noreg frå å vere sterkt pro-israelsk til å ha ei i større grad balansert haldning utover 1980-talet. Kva faktorar som påverka denne haldningsendringa hjå politikarane og opinionen er noko eg vil prøva å vise her. Avslutningsvis i denne delen vil eg prøve å seie noko om kvifor Noreg vart ein sterk ven av Israel i utgangspunktet. Eg meiner at ein av hovudårsakane ligg i den sterke kristne tradisjonen Noreg har hatt. Dette er noko eg vil grunngje til slutt i denne delen.

I det tredje delkapittelet vil eg ta føre med *Dagen*, og då særleg Arthur Berg, si framstilling av utviklinga som fann stad nasjonalt og internasjonalt rundt Israel og Midtausten-konflikten. Dei første åra etter opprettinga av Israel var haldninga i *Dagen* stort sett i samsvar med haldninga opinionen i Noreg hadde til Israel. Ser ein på leiarkommentarane i perioden frå 1957 og utover 1960-talet, var omfangen av det som omhandla Israel og Midtausten-konflikten mindre samanlikna med perioden frå 1970 og ut Berg si sjefredaktørtid. Av den grunn meiner eg det er interessant å sjå på grunnlaget for Berg sitt aukande engasjement frå leiarplass om Israel og Midtausten-konflikten utover 1970-talet. Her vil eg prøve å gje det eg ser på som årsakene for dette skiftet, samt sjå om det kan definerast ei blomstringstid for Berg som Midtausten-kommentator.

### 3.1 Israel frå 1948-1985

#### 3.1.1 1945-1948: Då staten Israel vart til

Etter andre verdskriga stod mange jødar att heimlause, og spørjemålet om kor dei skulle få ein heim reiste seg i det internasjonale rom. Diskusjonen stod i hovudsak mellom tre ulike løysingar. Den første handla om å assimilera jødane i Europa, den andre var å danne ein jødisk koloni i oversjøiske områder, og den tredje var å oppretta ein jødisk stat i Palestina.<sup>123</sup> Parallelt som ein internasjonalt prøvde finna fram til den beste løysinga, var uroa stor i Midtausten. Storbritannia, som sidan 1922 hadde hatt Palestina som mandatområde, byrja å sjå at dei ikkje lenger greidde å kontrollera situasjonen. Ved inngangen til 1947 anbefalte den britiske utanriksministeren å overlate spørjemålet om korleis ein skulle løyse konflikten mellom jødane og arabarane i Palestina til FN.<sup>124</sup> I Mai 1947 satt FN ned ein komité, United Nations Special Committee on Palestine (UNSCOP), som vart beden om å undersøke forholda i Palestina, og om å kome opp med ein anbefalt løysing på spørjemålet til FN. Komiteen kom fram til at det britiske mandatet skulle opphøyra, men Palestina skulle halde fram som ein sjølvstendig stat. Kva form denne staten skulle ha, var derimot UNSCOP-medlemmane ikkje samde om. Fleirtalet, 8 av medlemmane, røysta for ei to-deling i Palestina med ein arabisk stat og ein jødisk stat. Den andre sida røysta for ein føderalstat. Dei tre resterande medlemmane røysta for ein-statsløysinga. Den same hausten vedtok FN ei deling av Palestina.<sup>125</sup>

Før voteringa i FN om UNSCOP sin rapport fann stad, annonserte Storbritannia at det britiske mandatet vart terminert 15. mai 1948.<sup>126</sup> Storbritannia hadde sett seg lei på å kjempe tilsynelatande meiningslause kampar i Palestina og at den økonomiske belastninga situasjonen hadde ført med seg.<sup>127</sup> I tida fram mot den endelege britiske tilbaketrekninga var Palestina i kaos, kor det var nærmast ein borgarkrigstilstand mellom jødane og arabarane i Palestina. Når britane 15. mai 1948 til slutt trakk seg heilt ut hadde den jødiske parten kome sigrande ut av konflikten med arabarane, og proklamerte få timer etter sjølvstende for den israelske staten.<sup>128</sup> Same dag gjekk Egypt, Syria, Libanon, Transjordan og Irak til åtak på Israel. Den regionale

<sup>123</sup> Waage, Hilde H., *Da staten Israel ble til : et stridsstridssørsmål i norsk politikk 1945-1949.* (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1989): 9.

<sup>124</sup> Cleveland, William L. *A History of the Modern Middle East* (2. utg.). (Boulder, Colo: Westview Press, 2000): 256.

<sup>125</sup> Waage, *Da staten Israel ble til:* 85; Cleveland, *A History of the Modern Middle East:* 257.

<sup>126</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East:* 259.

<sup>127</sup> Waage, *Da staten Israel ble til:* 84.

<sup>128</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East:* 259.

krigstilstanden haldt fram ut 1948. Ved inngangen av 1949 måtte arabarane sjå seg slegne av Israel. Gjennom fredsforhandlingane som følgde, formelt forhandla gjennom FN sin meklingsmann, inngjekk Israel fleire separate avtalar med arabarstatane.

Krigen mellom Israel og arabarstatane fekk fleire konsekvensar. Ved krigsslutt enda Israel opp med eit større areal enn kva den nye staten var tiltenkt i FNs delingsplan. I tillegg hadde borgarkrigen i Palestina ført til eit stort flyktningproblem. Om lag 700 000 palestinske arabarar skal ha flykta som følgje av krigsåra.<sup>129</sup> Bakgrunnen for at dei flykta er delt. Nokre skal etter ordre frå arabiske leiarar ha flykta, medan andre flykta fordi dei vart fordrivne av israelske styrkar. Den største årsaka skal ha vore kamphandlingane fram mot Israel vart til. Ut frå blandinga av jødar og arabarar på det litle landområdet Palestina, satt saman med den djupe fiendskapen mellom dei to folkegruppene, meiner historikaren Benny Morris at flyktningproblemet ikkje var til å unngå etter kamphandlingane.<sup>130</sup> Både opprettinga av staten Israel og flyktningproblemet har vore gjenstand for debatt i tida som følgde. Den dag i dag er det framleis diskusjon om skuldfordelinga for skjebnen desse flyktningane møtte etter den israelsk-arabiske krigen i 1948.<sup>131</sup>

### 3.1.2 1956-1967: Frå Suezkrisen til seksdagarskrigen

Ei egyptisk nasjonalisering av Suez-kanalen skulle vise seg å bli ein katalysator for fleire hendingar, som til slutt skulle føre til åtaket Israel, Frankrike og Storbritannia gjennomførte i 1956 mot Egypt. President Nasser hadde søkt om finansiering av utviklingsprosjekt i Egypt, men på grunn av manglande vestleg velvilje til økonomisk stønad til dette, val Nasser å nasjonalisere Suez-kanalen for å skaffe seg finansiering. Denne dramatiske handlinga førte til sterke reaksjonar hjå Frankrike og Storbritannia. Medan desse to landa prøve å forhandle med Egypt, kom ein hemmeleg avtale i stand mellom Frankrike, Storbritannia og Israel om ein militær aksjon mot Egypt. Alle hadde motiv for å styrte Nasser,

<sup>129</sup> Talet på kor mange palestinske arabarar som flykta har vore i ettertida vore gjenstand for diskusjonar. Det har vore vanskeleg å fastslå omfanget, men ein estimerer mellom 600 000 til 760 000 flykta frå dei israelsk-kontrollerte områda. Waage, Hilde H. *Konflikt og stormaktpolitikk i Midtøsten*. (Kristiansand: Cappelen Damm Akademisk, 2013): 126.

<sup>130</sup> Morris, Benny. *The Birth of the Palestinian Refugee Problem Revisited*. (New York, 2004). Sitert I Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 20.

<sup>131</sup> Diskusjonen om den palestinske masseflukta har i stor grad prega utviklinga i Midtausten frå staten Israel vart danna. Fleire av krigane som kom seinare hadde sin grobotn i denne problematikken. Innanfor det akademiske miljø har redusert tilgang på arkivar gjort det vanskeleg å danne eit klart bilet av flyktningsituasjonen. Etter ei nyopning av israelske arkiv på 1980-talet vart nytt lys kasta over masseflukta. Frå arabisk side har ein vore meir restriktiv på kjeldedeling. Dei arabiske arkiva er framleis ikkje opna, og det er uklart kor mykje kjeldematerial som finnест der. Waage, *Konflikt og stormaktpolitikk i Midtøsten*: 126-129.

og fann saman i å gå til åtak på Egypt.<sup>132</sup> Åtaket vann fram, men møtte samstundes reaksjonar frå omverda. Etter eit diplomatisk press frå USA og Sovjetunionen avslutta Frankrike, Storbritannia og Israel den militære aksjonen. Som følgje av den mislukka invasjonen vart det nærmast ein fullstendig britisk og fransk tilbaketrekking frå Midtausten. For Israel var utfallet positivt. Israel hadde etter ein gong vist militær styrke, samt oppnådd ei opning av Tiranstredet.<sup>133</sup> Krigen vart likeeins ein siger for Nasser. Han hadde greidd å stå imot to stormakter, samstundes som han hadde behaldt suvereniteten over Suez-kanalen.<sup>134</sup>

Den neste store konflikten i Midtausten fann stad i 1967. Ut over 1950-talet dannar det seg palestinske motstandsgrupper med det mål om å oppnå ei tilbakevending til Palestina. Etter at dei palestinske flyktningane hadde blitt fordrevet frå områda som kom innføre dei israelske grensene, levde storparten av dei i flyktningleirar i Jordan, Libanon, Syria og Gaza-stripa. Israel avviste heimreise for palestinrarane, då dei i åra etter 1948 tok i mot ei stor bølgje av jødiske immigrantar. Dette førte til at dei palestinske landbyane og landbruksområda gjekk til dei nye tilflyttarane. Av den grunn vart ei palestinsk heimreise nær umogleg for Israel å få til. Med dette vart palestinrarane avhengige av moglegheitene vertslanda til flyktningleirane var villige å tilby. Villigheita til å tilsetja palestinrarar, samt rørslefridomen palestinrarane fekk, varierte frå land til land. William Cleveland hevder at arabarane ikkje ville at palestinrarane skulle leva på deira jord som flyktningar. Samstundes var dei heller ikkje villige til å gje dei moglegheiter til å lausriva seg frå flyktningtilstanden. Cleveland hevder vidare at den manglande integrering i dei arabiske vertslanda, og ein rørslefridomen ofte avgrensa til flyktningleirane, var faktorar som forsterka palestinrarane sin identitet som eit sjølvstendig folk. Han meiner dette var med å bygge under ideen om ei tilbakevending til Palestina var einaste løysing for å få slutt på flyktningtilstanden.<sup>135</sup>

---

<sup>132</sup> For Storbritannia var særleg tapet av transportvegen gjennom Suez ein viktig grunn for åtaket. Frankrike var på sin side mistenka at Egypt stod bak forsningane til opprørssyrtane i Algerie. For Israel motivet for å gå til åtak på Egypt delt. Nasser hadde vore ute med harde verbale utsegn og trugsmål mot Israel. Det som derimot nok var den viktigaste grunnen for Israel var å få heva den egyptiske blokaden av Tiranstredet. Blokaden hindra Israelske skip i å koma seg til hamnebyen Eilat. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 22-23; Waage, Hilde Henriksen. «Midtosten – konfliktenes region». I *Krig og fred i det lange 20. århundre*. Redigert av Waage, Hilde Henriksen, Rolf Tamnes og Hanne Hagtveldt. (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2013): 127.

<sup>133</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 24; Danielsen, Helge. «USA og den kalde krigen». I *Krig og fred i det lange 20. århundre*. Redigert av Waage, Hilde Henriksen, Rolf Tamnes og Hanne Hagtveldt. (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2013): 51-52.

<sup>134</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 300-304

<sup>135</sup> Eit unntak blant vertslanda var Jordan, kor palestinrarane fekk statsborgarskap, og mange av dei fekk arbeid. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 346-349.

Situasjonen i Midausten inn mot 1967 var spent. Israel var overtyda om at både palestinarane og dei arabiske nabolanda ynskja konfrontasjon. Dei palestinske motstandsgruppene utførte geriljaaksjonar mot Israel gjennom jordansk territorium, som Israel deretter gjekk til gjengjeldingsåtak mot.<sup>136</sup> Sjølv om palestinarane føretok seg eigne aksjonar mot Israel, avhenga håpet om heimreise til Palestina på hjelp frå ytre krefter. Frå sovjetisk og syrisk etterretning kom det rapportar om ein mogleg stor israelsk militæraksjon mot Syria. Rapportane skulle ha det til at Israel ville få ein ende på den syriske stønaden til dei palestinske geriljaaktivitetane. I følgje William Cleveland skal desse rapportane ha vore ukorrekte, men på dette tidspunktet vart det handla frå arabiske side som om dei var sanne.<sup>137</sup> Nasser responderte på faren med å plassere ut tropper på den sinaiske halvøya som ein demonstrasjon på at Egypt stod bak sine arabiske nabostatar mot fellesfienden Israel. Samstundes ba Nasser om ei tilbaketrekning av FN-styrkane i Sinai. Til hans overrasking trakk FN tilbake sine styrker, og Nasser brukte denne moglegheita til å okkupere områda FN-styrkane hadde haldt sin posisjon.<sup>138</sup> Betre vart det ikkje då Nasser stengte Tiranstredet for israelsk og anna skipsfart med retning Israel. Internasjonalt vart det forlanga at Egypt heva denne stenginga av omsyn til prinsippet om fri gjennomfart. Stormaktene som etter Suezkrisa i 1956 hadde stilt seg som garantistar for fri sjøfart i området, var nå motvillige til å få heva stenginga med makt.<sup>139</sup>

Opptrappinga frå arabiske side førte til at Israel val å respondera med makt. 5. juni 1967 angrip det israelske flyvåpenet egyptiske flybasar og øydelegg storparten av den egyptiske flystyrken medan den ennå var på bakken. Syria og Jordan vart seinare same dag med i krigen. Som med det egyptiske flyvåpenet lukkast Israel i å øydelegge det jordanske og syriske flyvåpenet før dei kom seg i lufta. Med ein fullstendig kontroll av luftrommet vann Israel fort fram. Israel lukkast i løpet av seks dagar å slå desse tre arabiske statane, samt tilegne seg eit område som var tre og ein halv gong større enn det området Israel bestod av frå før.<sup>140</sup> Om ein fredeleg løysing på konflikten mellom Israel og arabarstatane til no hadde

<sup>136</sup> Dei palestinske motstandsgruppe sitt mål var å opprette ein eigen stat i Palestina. For å oppnå dette, vart åtak på Israel og terroråtak i fleire land bruk. Strategien den palestinske kamporganisasjonen Fatah tok i bruk var å skape mest mogleg bråk langs grensa til Israel, og med det trekke dei arabiske landa inn i ein ny krig. Med ein arabisk siger, ville sjansane vere store for målet om eigen stat til å bli verkelegheit. Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtøsten*: 266.

<sup>137</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 328.

<sup>138</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 329.

<sup>139</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 25-26; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 329.

<sup>140</sup> Områda som vart lagt under Israel sin kontroll var Golanhøgdene, Vestbredden med Jerusalem, Sinaihalvøya og Gazastripa. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 28.

vore vanskeleg å forhandle fram, vart situasjonen ikkje mindre vanskeleg nå. I fredsforhandlingane etter krigen satt FN fram resolusjon nummer 242, som for ettertida vart eit vendepunkt i konflikten. Med denne resolusjonen anerkjente arabarstatane Israel sin rett til eksistens, samstundes som den krav at Israel gav tilbake territoria dei erobra under seksdagarskrigen.<sup>141</sup>

Som følgje av krigen vart det palestinske flyktningproblemet forsterka. I 1950 var talet på palestinske flyktningar 960.000, men etter seksdagarskrigen hadde talet steget til 1.3 millionar.<sup>142</sup> Som me skal få sjå i delen om den norske utanrikspolitikken i møte med Midtausten, skulle denne krigen i norsk samanheng gje grobotn for ei haldningsendring i Noreg si tilnærming til Midtausten-konflikten.

### 3.1.3 1967-1973: Ein ny aktør i Midtausten-konflikten

Etter seksdagarskrigen mista palestinarane tiltrua til at dei arabiske statane ville greie å frigjera deira heimland. William Cleveland hevder at den fiaskoen seksdagarskrigen var for arabarstatane, vart ein katalyserande faktor for at den palestinske frigjeringsorganisasjonen Palestine Liberation Organization (PLO) vart til ein tydeleg aktør for palestinarane sin kamp mot Israel.<sup>143</sup> Den israelske ekspansjonen synte at draumen om ein eigen palestinsk stat nå var lengre borte enn det den var i 1948. Mange av palestinarane hadde søkt til dei ulike geriljagruppene som var i ferd med å danne seg, noko ein i Jordan skulle få merke følgjene av. Om lag 750.000 palestinske flyktningar var etter 1967 å finne i landet, som utgjorde halvparten av den jordanske befolkninga.<sup>144</sup> Palestinarane støtta den radikale arabiske nasjonalismen, som ynskja å kjempe for å vinne tilbake Palestina. Med Jordan som utgangpunkt gjennomførte palestinarane fleire åtak mot Israel, noko Israel svara med

<sup>141</sup> Resolusjonen oppnådde ikkje sin intensjon, nemleg fred i Midtausten. Ei heller avslutta den krigstilstanden frå den første arabisk-israelske krigen mellom Israel, Jordan og Syria. Resolusjonen førtे heller ikkje til ei sikring av Israel sin eksistens. Israel gav etter resolusjonen berre att Sinaihalvøya til Egypt, men behaldt resten av territoria dei tileigna seg under krigen. Dette var ein av hovudårsakane for den seinare Yom Kippur-krigen i 1973. Skjekkeland, Martin. «FN-resolusjon 242». *Store Norske Leksikon*. Henta 3. mai 2020 frå [https://snl.no/FN-resolusjon\\_242](https://snl.no/FN-resolusjon_242)

<sup>142</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 347.

<sup>143</sup> Til nå hadde palestinarane satt sin lit til eksterne makter skulle hjelpa dei til å reise heim att til deira heimland. Mange palestinarar hadde til dømes gjeve sin truskap til at Nasser skulle bli frigjeraren frå lidingane dei gjekk gjennom. Palestine Liberation Organization (PLO) hadde frå si grunnlegging base i Egypt, der den vart ein framståande palestinsk organisasjon. Frå byrja av var PLO under regi av den arabiske liga. PLO representerte frå arabisk side eit forsøk på å i større grad kontrollera den palestinske motstandskampen mot Israel. Når det arabiske nederlaget etter seksdagarskrigen var eit faktum, braut PLO laus frå den arabiske styringa, og gjekk i større grad over til å bli ein sjølvstendig motstandsorganisasjon for Palestinarane sin kamp mot Israel. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 349; Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtosten*: 335-337.

<sup>144</sup> Waage, «Midtosten – konfliktenes region»: 127.

gjengeldingsaksjonar. Jordan såg skadeomfanget dette førte med seg, og ville rette opp att ordenen i landet. 17. september 1970 starta eit tidagars langt blodbad kor den jordanske hæren gjekk inn med full kraft mot palestinarane i landet. Målet for Jordan var å jaga palestinarane frå flyktningleirane og militærbasane, og deretter vidare ut av landet. Dei fleste palestinarane vart fordrevet til Libanon, kor dei etablerte nye basar og leirar, medan andre drog til Syria.<sup>145</sup>

### 3.1.4 1973-1985: Midtausten-konflikten eskalerer

I Libanon skulle PLO få moglegheit til å byggja seg opp, som igjen skulle få følgjer for den politiske sfæren i Libanon. Med Libanon som base gjennomføre PLO ein rekke aksjonar mot Israel, som i 1982 skulle føre til ein fatal krig i Midtausten. I ettertid fekk denne krigen store innverknader på korleis verda tilnærma seg Midtausten-konflikten. Det var ein rekke hendingar som skulle føra til at denne krigen fann stad.

Ved inngangen av 1970-talet stod Midtausten ovanfor ein ny krig. I følgje William Cleveland ynskja president Sadat å forhandle med USA for å få amerikanarane til å mjukne opp Israels harde forhandlinglinje. For å oppnå dette ville Sadat gå i krig med Israel for å vise USA at det israelske militære ikkje var uovervinneleg.<sup>146</sup> Samstundes ynskja Syria eit nytt oppgjer med Israel. Syrerane hadde aldri akseptert Israels overtaking av Palestina. I tida før krigsutbrotet hadde President Assad i Syria vore i Sovjetunionen for å sikre landet meir våpen. Sovjetunionen var tilbakehaldne i våpenstønaden. Dei ikkje såg fordelar med ein ny krig, og dei tvila på ein arabisk siger om ein ny krig fann stad. Likevel var Syria fast bestemt på krig. Den 6. oktober 1973, på den største jødiske høgtidsdagen, Yom Kippur, gjekk Syria og Egypt til åtak på Israel.<sup>147</sup> Sjølv om Israel kjente til åtaksplanane, hadde israelarane konkludert med at eit mogleg syrisk-egyptisk åtak ikkje var nært føreståande.<sup>148</sup> Israel var av den grunn ikkje forberedt på dette åtaket, men snudde rask overtaket i sin favør og kom sigrande ut av krigen.<sup>149</sup>

---

<sup>145</sup> Waage, «Midtosten – konfliktenes region»: 127-128; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 353.

<sup>146</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 365.

<sup>147</sup> Yom Kippur, som gjerne blir kalla forsoningsdagen, er i det jødiske kalenderåret den heilagaste og mest alvorstunge dagen i året. Denne bots- og fastedagen er påboden i følgje Toraen at ein jøde held. På denne dag skal alt som ikkje kan kategoriserast som livsnaudsnyt arbeid bli unngått. Groth, Bente. «Forsoningsdagen». *Store Norske Leksikon*. Henta 3. mai 2020 frå <https://snl.no/forsoningsdagen>. På bakgrunn av at Israel gjekk inn i ei høgtid, kan nok tenkast var med på å forsterke sjokket av å bli angrepene.

<sup>148</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 38.

<sup>149</sup> Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtosten*: 270-271; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 365.

Yom Kippur-krigen skulle få følgjer for den internasjonale oljeindustrien. Som følgje av krigsutfallet, val Organization of Petroleum Exporting Countries [OPEC], for å presse Israel til å trekke seg tilbake frå dei okkuperte område, å redusere oljeproduksjonen. Saudi-Arabia stoppa i tillegg oljeleveransane til USA, med det mål å knekke USAs stønad til Israel, og å tvinga fram ein mindre pro-israelsk politikk. USA stod i mot presset, og auka heller si militære og økonomiske stønad til Israel i åra som følgde.<sup>150</sup> Desse reaksjonane førte til at oljeprisen steig. Dette påverka Verdsopinionen sin ståstad i konflikten mellom Israel og arabarlanda i favor arabarlanda, då ein ikkje ville risikera å miste tilgangen på olja.<sup>151</sup>

I 1975 braut det ut ein langvarig borgarkrig i Libanon. Som ein følgje av at palestinarane hadde blitt bortvist frå Jordan, hadde storparten av dei etablert seg i Libanon. Her slutta dei lag med dei om lag 300.000 palestinske flyktningane som allereie budde der i leirar i Sør-Libanon. Frå desse leiarane haldt dei palestinske kommandoane fram sine aksjonar mot Israel. Dette kunne dei gjere på grunn av ein avtale som vart gjort mellom PLO og Libanon i 1969. Mot at PLO lova å samtykke i at den libanesiske hæren kunne ta til militære inngrep om dei såg seg nøydd til det i leiarane, gav Libanon tilsynsansvaret for flyktningleirane over til PLO. Med dette var PLO fri til å gjennomføra militære operasjonar mot Israel.<sup>152</sup> PLO og palestinarane sitt nærvær i Libanon var ikkje problemfritt for landet. Krigføringa mellom PLO og Israel førte til at den libanesiske befolkninga i området PLO opererte frå, måtte flykte frå heimane sine. Misnøya var stor mot den libanesiske regjeringa si manglande evne til å beskytte desse libanesarane mot palestinarane og israelarane. I tillegg skapa PLO sin fridom til å gjennomføre militære aksjonar mot Israel splid. PLO sine aksjonar medførte israelske gjengjeldingsaksjonar som ikkje berre ramma PLO, men også den libanesiske befolkninga. Spliden skulle etter kvart utvikla seg til det som vart ein langvarig borgarkrig i Libanon. På den eine sida stod PLO og den libanesiske nasjonalrørsla med Kamal Jumblatt i spissen. På den andre sida stod Den libanesiske front.<sup>153</sup>

---

<sup>150</sup> Under Yom Kippur-krigen var USA si stønad til Israel avgjerande for krigsutfallet. Med å tvinge fram ein stopp i stønaden Israel fekk frå USA, ville Israel bli svært svekka både militært og økonomisk. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 38, 118.

<sup>151</sup> Prisauka og reduksjonen i oljeproduksjonen arabarlanda gjennomførte fekk store følgjer i dei vestlege landa. Fleire tiltak vart satt i verk i dei vestlege landa, som rasjonering av olje og reduksjon av biltrafikken, men ein greidde ikkje å forhindre økonomisk krise. Etter dette forsto USA og andre vestlege land at arabarlanda sitt syn på Midtausten-konflikten ikkje lenger kunne ignorast. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 366; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 118-119; Waage, *Konflikt og stormaktpolitikk i Midtøsten*: 394-396.

<sup>152</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 372-373.

<sup>153</sup> Stønaden palestinarane fekk i Libanon kom hovudsakleg frå muslimar som motsette seg det politiske systemet i Libanon. Desse muslimane var misnøgd med korleis systemet favoriserte politiske leiarar og deira medarbeidarar, samstundes som systemet mislukkast i å gje tilstrekkelege basistenestar for storparten av den

Etter ein intervensjon frå Syria i 1976 vart krigen for ein stund stoppa. President al-Asad i Syria satt inn soldatar i Libanon for redde den kristne militsen frå PLO og Den libanesiske nasjonalrørsla si hand. Syria forhandla fram ein våpenkvile, kor ein arabisk styrke vart satt inn for å sørge for fred. I realiteten var dette så og seia ein rein syrisk arme, som skulle la president al-Asad få påverka Libanon i Syrias favor. I tillegg gjorde denne våpenkvila det slik at PLO kunne halda fram med aksjonar mot Israel slik som før krigsutbrotet.<sup>154</sup> For Libanon sin del gjekk landet inn i ei tid med kaos. Ulike militsgrupper aksjonerte mot kvarandre, og vald vart ein del av kvardagen for libanesarane. Samstundes prøvde Israel å få svekka PLO sin posisjon i Libanon, slik at Israel kunne få slutt på aksjonane som PLO gjennomførte mot landet.

I juni 1982 gjorde Israel alvor av det som var kalla «Operasjon fred for Galilea». Målet for denne operasjonen var tredelt. For det første ville Israel øydelegge PLO sin militære slagkraft. For det andre ville dei oppnå ein tilbaketrekkning av dei syriske okkupasjonstroppane, som dei israelske styresmaktane følte, med sitt nærvær i Libanon, var faretruande nær Israel sine grenser. For det tredje ville dei israelske styresmaktane danne ein allianse med den kristne maronittbefolkninga i Libanon.<sup>155</sup>

Det sistnemnte punktet ville dei israelske styresmaktane løyse med å setje inn Bashir Gemayel, leiaren av den dominerande maronittgrupperinga i Libanon og politikar i det libanesiske falangistpartiet Kataeb. Han hadde kjempa mot det palestinske og syriske nærværet i Libanon, og alliert seg med Israel. Om operasjonen lukkast, ville Israel få ein stabil og samarbeidsvillig regjering i Libanon, samt letta situasjonen i dei okkuperte områda. Operasjonen vart satt i verk etter eit rakettåtak av PLO mot Galilea. Israelske styrkar gjekk inn i Libanon med mål om å øydelegge PLO sitt hovudkvarter i Beirut og drive dei ut av landet. Deretter ville dei israelske styrkane innsette Gamayel som president og få ein

---

muslimske befolkninga. I tillegg var den muslimske befolkninga misnøgd med favoriseringa den kristne befolkninga fekk i landet. Mellom 1923 og fram til 1946 var Libanon saman med Syria eit fransk mandatområde. For franskmennene var det lettare å styre gjennom den kristne maronittiske befolkninga. Andletet til Libanon skulle vendast mot Europa, medan ryggen skulle vendast mot det muslimske Midtausten. Etter ei folketeljing i 1932 vart det gjort ei maktfordeling, der dei politiske posisjonane i statsapparatet vart fordelt etter religiøs tilhøyrslle. Som følgje av dette står det i grunnlova til Libanon i dag at presidenten skal vere kristen maronitt, statsministeren sunnimuslim, og parlamentspresidenten sjamuslim. Denne fordelinga speglar seg vidare i mandatfordelinga som fann stad under det franske styret, kor det vart bestemt at for kvar femte muslimske representant i parlamentet skulle det vere seks kristne representantar. Satt saman med mangelen på tilstrekkelege basistenester var dette årsakar som var med å føre til at det braut ut borgarkrig i Libanon.

Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 372-375; Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtosten*: 216-217, 226-227; FN-Sambandet, «Libanon.» 21. januar 2020. <https://www.fn.no/Konflikter/Asia/Libanon>.

<sup>154</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 375.

<sup>155</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 377.

fredsavtale mellom Libanon og Israel. Før dei kom så langt, vart krigføringane stoppa. USA frykta ein verdskrig om krigen haldt fram, og la diplomatisk press på Israel for at ein våpenkvile vart inngått. Som følgje av dette vart det 11. juni inngått ein våpenkvile.<sup>156</sup>

Våpenkvila vart likevel broten. Etter kort tid nådde Israel fram til Beirut og kringsette byen. Etter eit stort israelsk press såg PLO seg nøydd til å forlata den libanesiske hovudstaten. USA forhandla fram ein avtale 18. august 1982 der PLO under ein internasjonal overvakning skulle trekka sine styrkar ut av Libanon. I tillegg skulle ein internasjonal styrke leia av Frankrike og USA vera garantist for sikkerheita til dei attverande palestinarane vart ivaretaken.<sup>157</sup> Samstundes som storparten av PLO-styrken vart evakuert til Tunis, trakk den syriske hæren seg ut av Libanon. Gamayel vart på same tid valt til president i Libanon. Dette presidentskapet skulle ikkje vare lenge. To veker etter valsigeren vart Gamayel drepen i ein bombeeksplosjon som gjekk av i hovudkvarteret til falangistpartiet. Blant dei kristne libanesarane vekka drapet raseri mot dei palestinske muslimane, som i etterkant tok på seg ansvaret for drapet. Som følgje av dette såg Israel seg nøydd til å bryte med evakueringsavtalen og rykke inn i Beirut for, i følgje Israel, å sikre ro og orden, samt beskytte dei sivile.<sup>158</sup>

Den israelske hæren og falangistane mistenka at det var PLO-styrkar som ikkje hadde reist til Tunis, og heller gått i skjul i flyktningleirane Sabra og Shatila. Den israelske let falangiststyrka ta seg inn i leirane og leite etter PLO-styrkar. Resultatet vart ein forferdeleg massakre, kor talet på drepne skal ha vore på mellom 700 og 2000.<sup>159</sup> Denne handlinga førte til sterke reaksjonar både i Israel og internasjonalt. I Israel vart regjeringa kritisert for å ta del i ein slik blodig konflikt som ikkje truga Israel sin eksistens. Utanfor Israel fordømte det internasjonale samfunnet Israel si manglande handlekraft som tillét falangistane å ta seg inn i leirane, og for at Israel ikkje grep inn og stansa det som vart ein massakre. Som ein respons på dette vart det sett ned ein granskingskommisjon av den israelske regjeringa for å undersøke denne fatale hendinga. Kommisjonen kom fram til at israelske tenestemenn indirekte hadde vore skuld i hendinga, deriblant forsvarsminister Ariel Sharon, som måtte gå av som følgje av

---

<sup>156</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 377; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 42-43.

<sup>157</sup> Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk*: 238; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 377-378; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 44.

<sup>158</sup> Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk*: 239; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 378; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 44.

<sup>159</sup> Waage, *Konflikt og stormaktspolitikk*: 239; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 378; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 44.

massakren.<sup>160</sup> Etter eit sterkt amerikansk press og medverknad, vart det 17. mai 1983 inngått ein tilbaketrekningsavtale mellom Libanon og Israel. Ved midten av 1985 hadde den israelske hæren trekt alle sine troppar ut av Libanon, med uttak av eit område som Israel heldt av på fem-seks kilometer langs grensa av tryggingsomsyn.<sup>161</sup>

Det var i denne rekka av dramatiske hendingar mellom 1948 og 1980-åra Noreg måtte manøvrere i. Frå opprettinga av staten Israel til 1980-talet gjekk den norske opinionen gjennom ei haldningsendring ovanfor Midtausten-konflikten. Vidare nå vil eg sjå nærmare på kva som la grunnlaget for at Noreg tidleg var svært pro-israelsk, og kva som gjorde til at Noreg utover 70- og 80-talet fekk ein meir kritisk haldning til Israel.

## 3.2 Norsk Midtaustenpolitikk frå 1956 til 1985

### 3.2.1 Ein Israelsven i nord

Det var ikkje sjølv sagt at Noreg skulle bli ein stor Israelsven i tida etter andre verdskrig. Hilde Henriksen Waage såg eit dramatisk skifte i norsk Midtaustenpolitikk frå krigsslutt til opprettinga av staten Israel. Som eg nemnte tidlegare vart det internasjonalt ein diskusjon etter andre verdskrig om korleis jødane sin mangel på heimland skulle løysast. Av dei tre alternativa som ein drøfta internasjonalt, arbeida Noreg for assimileringalternativet og koloniseringsalternativet.<sup>162</sup> Innføre regjeringspartiet Det Norske Arbeidarparti var ein i 1946 ikkje tilhengar av å danne ein israelsk stat i Palestina, og partiet arbeidde i hovudsak for anten ei assimilering i Europa eller ei kolonisering i oversjøiske område.<sup>163</sup> Hausten året etter endra situasjonen i Midtausten seg drastisk, noko som fekk følgjer for den norske utanrikspolitiske tilnærminga til situasjonen.

Etter ei tid med stor uro hadde FN som nemnd blitt gjeven oppgåva å koma fram til ei løysing på konflikten mellom jødane og arabane. UNSCOP-komiteen som FN satt ned anbefala ei deling av Palestina mellom jødane og arabane. Dette vart truleg den mest diskuterte saka i den norske FN-delegasjonen. Utanriksdepartementet (UD) utforma vanlegvis delegasjonen sin instruks. Det spesielle ved dette høve var at UD hadde utarbeida sin instruks før UNSCOP 31. august offentleggjorde si innstilling. UD gav nokre generelle retningslinjer, men meir

<sup>160</sup> Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 378.

<sup>161</sup> Waage, *Konflikt og stormaktpolitikk*: 240; Cleveland, *A History of the Modern Middle East*: 378-379; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 47.

<sup>162</sup> Waage, *Da staten Israel ble til*: 9.

<sup>163</sup> Waage, *Da staten Israel ble til*: 9; Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 79.

detaljerte instruksar hadde dei ikkje sendt ut til FN-delegasjonen. Med dette utgangspunktet stod UD utan særleg stod påverknad denne hausten på utforminga av den norske Palestina-politikken, i følgje Hilde Henriksen Waage. Det var ein viss usemje i den norske delegasjonen om kva standpunkt Noreg skulle ta rundt spørjemålet rundt delinga av Palestina.

Hjå dei fleste eksisterte det likevel ein overordna faktor, og det var omsynet til jødane.

Etter ein intern debatt i oktober, haldt Washington-ambasadør og delegasjonsmedlem Wilhelm Morgenstierne Noregs hovudinnlegg i FN som gav ein klar stønad til delingsforslaget. Sjølv om det eksisterte ein skepsis internt i delegasjonen om delingsplanen, var Noreg sin ståstad for omverda plassert i det pro-jødiske leie. I FN vart ein delingsplan vedteken 30. november 1947, noko Noreg stemte for. Med dette vedtaket gjekk mandatområdet som nemnd inn i ein svært uroleg tid med borgarkrig mellom dei jødiske og arabiske grupperingane i Palestina. Enden på dette vart ein jødisk siger, og 14. mai 1948 proklamerte David Ben-Gurion sjølvstendet til staten Israel.

Som tidlegare nemnt var det ikkje sjølvsagt at Noreg skulle bli ein sterk Israelsven. Rett etter krigsslutt var oppslutnad liten til at jødane skulle få ein eigen stat i det palestinske mandatområdet. Derimot, etter at staten Israel vart til i 1948, var det mange her i Noreg som hadde blitt mykje meir positive til den nye staten i Midtausten. Dette kunne ein blant anna sjå i norsk utanrikspolitikk, kor Noreg vart ein stor pådrivar for at Israel skulle bli tatt opp i FN i 1949. Den same tendensen var særleg å sjå i arbeidarrørsla, kor ein kring årskiftet 1948/1949 synte ein meir pro-israelsk haldning. Engasjementet for Israel vart ikkje mindre etter ei flyulukke ved Hurum i november 1949. Flyet hadde 28 jødiske born om bord som skulle flygast til Tunis. Berre eitt av borna overlevde. Som ein reaksjon på dette starta sentrale personar i arbeidarrørsla ein innsamlingsaksjon i solidaritet til ein norskfinansiert kibbutz i Israel. Husa som vart bygd skulle kallast opp etter dei omkomne. Sidan kibbutzane var tett knytt til den israelske fagorganisasjonen Histadrut, skapa dette eit tett band mellom den og den norske arbeidarrørsla.<sup>164</sup> I følgje Hilde Henriksen Waage var staten Israel som eit sosialistisk draumeparadis å sjå til for Arbeidarparti-folket.<sup>165</sup> Gjennom 1950-talet var det fleire i det norske arbeidarpartiet som vitja Israel. Ved heimkomsten fortalte dei entusiastisk om kva som var under oppbygning i Israel. I stor grad kan ein seia at på denne tida var entusiasmen stor her i Noreg for den nye staten i Midtausten.

<sup>164</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 74-75; Waage, Hilde H. *Norge – Israels beste venn: norsk Midtøsten-politikk 1949-1956*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1996): 20-27.

<sup>165</sup> Waage, *Norge – Israels beste venn*:10.

### 3.2.2 Frå Suezkrisen til seksdagarskrigen

Utbrotet av Suezkrisen skapte reaksjonar i Noreg. Ikkje berre hadde Israel gått til full mobilisering mot Egypt, men Noregs nærmaste NATO-allierte, Frankrike og Storbritannia, synte lite vilje i FNs Sikkerheitsråd for å stanse krigshandlingane.<sup>166</sup> Mellom det norske utanriksdepartementet og diplomatar frå Storbritannia og Frankrike oppstod det ein isfront. Oppfatninga i Noreg var at Storbritannia og Frankrike satt NATO-samarbeidet og verdsfreden på spel utan å ha konferert med andre land.<sup>167</sup> Etter krigsslutt var desse landa i størst grad gjenstand for kritikk i Noreg. I liten grad vart kritikken retta mot Israel. Av det ein kunne lesa i norske avisar meinte dei at det var dei to vestmaktene som stod bak åtaka.

Avisene uttrykka forståing for Israel sin situasjon. Dei meinte det arabiske trugsmålet mot Israel sin eksistens var grunnen at Israel gjekk til åtak. Dette uttrykka til dømes Arbeidarbladet, som hevda Egypt var sjølv skuld i at Israel gjekk til åtak, som ikkje hadde skjula sine intensionar om å utslette Israel. Sjølv om Israel var involvert i krigføringa, påverka det ikkje den store sympatienn Israel hadde i Noreg.<sup>168</sup>

Den allereie store sympatienn vart kanskje endå større i slutten av 1959 etter ein rekke jødefiendslege aksjonar rundt om i verda. Reaksjonane mot dette var tydelege frå verdsamfunnet, noko både Tyskland, Storbritannia og Noreg synte.<sup>169</sup> Dette speglar den skuldkjensla som fleire land satt att med ovanfor jødane etter krigen. Her i Noreg hadde fleire blitt påverka av dei grusame handlinga mot jødefolket under andre verdskrig.

I biografien om den tidlegare norske statsministeren og politikaren Trygve Bratteli blir hans truskap til Israel omtala. Sjølv om han ikkje stod på linje med til dømes Arthur Berg sitt forsvar av Israel, vart Bratteli sterkt prega av behandlinga jødane fekk under krigen. Bratteli satt som fange i fleire nazi-leirer, kor han fekk sjå korleis nazistane prøvde å rydde ut dette folket.<sup>170</sup> Slike opplevingar var han ikkje åleine om å ha. Innanfor arbeidarrørsla var fleire som hadde vore i same situasjon som Bratteli, og som med å støtte ei oppretting av

---

<sup>166</sup> Waage, *Norge – Israels beste venn*: 321.

<sup>167</sup> Waage, *Norge – Israels beste venn*: 325.

<sup>168</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 86-88.

<sup>169</sup> Dette kan ein blant anna sjå i *Dagen* i artiklane «Tysk ungdom marsjerer i protest mot aksjonene fra jødedemonstrantene» frå 8. januar 1960, «Utslagene av jødehets – infatile pøbelstreker» frå 26. januar 1960 og «England ser svært alvorlig på ‘den gjenoppstående nazismen’» frå 9. januar 1960.

<sup>170</sup> Engstad, Paul. *Statsmann i storm og stille: Trygve Bratteli 1965-1984*. (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1987): 236.

Israel bøta litt for skuldkjensla dei satt med for korleis jødane hadde blitt behandla under andre verdskrig.<sup>171</sup>

Utover 1960-talet byrja Noregs haldning til Israel bli prega av seksdagarskrigen. I tida før krigsutbrotet skreiv kjende politikarar og kulturpersonar under på eit opprop, kor dei uttrykka uro på grunn av trugsmåla frå arabiske leiarar om å utsletta Israel. I oppropet ba dei regjeringa om å støtte Israel i situasjonen landet stod i.<sup>172</sup> Som ein kan sjå, var det stor sympati for Israel i Noreg. Historikaren Rolf Tamnes hevder at Israels triumf på kort sikt gav ein meir Israelsvenleg opinion her i Noreg, men gav samstundes grobotn for eit bilet av Israel som ei uforsonleg okkupasjonsmakt.<sup>173</sup> Hilde Henriksen Waage vil hevde at denne krigen fekk befolkninga til å vurdera situasjonen på ny. Nordmenn byrja å spør seg kven den svake og sterke part var, og folk byrja i større grad retta søkelyset på palestinaraenes situasjon.<sup>174</sup>

Om ein ser til dei norske avisene, skreiv fleire om at Midtausten stod ovanfor ein ny potensiell krig. Trass i at krigen braut ut grunna eit israelsk lynåtak, var det ikkje tvil om kor den norske pressa meinte ansvaret for krigen låg. Fleire var av den oppfatning at med det trugsbilete som omkransa Israel, var ikkje anna å forventa enn at Israel svara på trugsmåla før det var for seint.<sup>175</sup>

Med dette skal det seiast at biletet av Midtausten-situasjonen ikkje var kjemisk fritt for nyanseringar. Som Waage hevde byrja nordmenn å vurdere si tilnærma til konflikten på ny. I avis *Friheten* kom den dåverande redaktören Reidar T. Larsen med ein leiar som synte dette. At staten Israel var komen for å bli, var han ikkje i tvil om. Likevel minna han om at den arabiske sida òg måtte ytast rettferd. Han skriv vidare at dei involverte partane måtte møtast og forhandle fram ein avtale som kunne skape eit fredeleg grunnlag mellom dei. Denne meinингa finn me òg att i avis til Sosialistisk Folkeparti (SF), *Orientering*. Her vart ei fråsegn frå sentralstyret trykt, kor styret var samd i at det var rett å gje jødane ein stat, men at dette hadde råka arabarane svært hardt. Som Reidar Larsen, meinte sentralstyret til SF at partane burde gå saman og finne ei fredeleg løysing på situasjonen. Sosialistisk Ungdomsforbund var til samanlikning ikkje fullt så sindig i sitt utsegn. På landsmøtet i 1967 kom ei fråsegn om at Israel måtte «oppøre å eksistere». Opprettinga av staten Israel var

---

<sup>171</sup> Strandå, Tom Rune. *Arbeidernes Ungdomsfylking og Midt-østen-konflikten, 1948-1996*. Mastergradsavhandling. Universitetet i Oslo, 2010: 13

<sup>172</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling* 106.

<sup>173</sup> Tamnes, Rolf. *Oljealder : 1965-1995*. vol. 6, Norsk utenrikspolitikk historie: 1-6. (Oslo: Universitetsforlaget, 1997): 377.

<sup>174</sup> Waage, «*Peacemaking is a risky business*»: 33-34.

<sup>175</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 97-98.

urettferdig, om ikkje eit overgrep, mot arabarane. Moderpartiet haldt ikkje med denne fråsegna. Samstundes gav Sosialistisk Ungdomsforbund sitt utsegn eit lite frampeik om kva som skulle kome i tida framover. I følgje Karl Egil Johansen, drukna likevel slike utsegn i «den veldige bølgja av sympati» for staten Israel som framleis eksisterte i Noreg.<sup>176</sup>

### 3.2.3 Noreg inn i ei brytningstid

På 1970-talet byrja det å skje endringar i det norske samfunnet. For den norske utanrikspolitikken gav den nye oljeindustrien eit høve for samarbeid med meir erfarte produsentar, då særleg dei arabiske oljelanda.<sup>177</sup> Det er nok ikkje utan grunn at bokbindet i *Norsk utenrikspolitikkens historie* som omhandlar denne tida fekk namnet *Oljealder*. Noreg var som ein ung oljenasjon interessert i å få meir kunnskap. Av den grunn tok til dømes LO kontakt med fagrørsela i den arabiske verda, då særleg Egypt, for å skape band med dei erfarte arabiske oljenasjonane. Viktigheita av å ha ein god relasjon til arabarlanda vart tydeleggjort av oljekrisa som følgde etter Yom Kippur-krigen. Krisa førte til at Noreg måtte sette i verk rasjoneringstiltak og reduksjon av biltrafikk. Det kan virke som Noreg, som resten av verda, vart merksam på makta olja førte med seg. Dette var med på å dra Noreg i retninga av eit meir pro-arabisk standpunkt.<sup>178</sup>

Stønaden til Israel i arbeidarrøsla var heller ikkje like sterk lenger. Etter Yom Kippur-krigen kom ein tverrpolitisk stønadsaksjon med namnet «La Israel Leve». Aksjonen fekk i utgangspunktet stor tilslutnad, men samanlikna med den liknande aksjonen frå 1967, var ikkje stønaden like sterk Arbeidarpartiet og LO. Delane av arbeidarrørsla som avstod frå å skrive under «La Israel Leve»-oppropet kom med eit eige opprop. I staden for å be regjeringa støtte opp om Israel, ba underskrivarane regjeringa om å nyansere sitt standpunkt til Palestina-konflikten.<sup>179</sup>

Nyanseringa i arbeidarrørslas haldning til Midtausten-konflikten kom særleg til syne blant den tilkomande generasjonen i arbeidarrørsla. Til forskjell frå den eldre generasjon, vaks

<sup>176</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 99-100.

<sup>177</sup> Tamnes: *Oljealder*: 377.

<sup>178</sup> Johansen skriv at sjølv om det vart lagt press på USA, stod USA på sitt, og Johansen vil hevde at amerikanarane heller auka stønaden til Israel i tida etter oljekrisa. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 118.

<sup>179</sup> LO-formannen Tor Aspengren skreiv under «La Israel Leve»-oppropet, men resten av sekretariatet i LO nekta å gå med på aksjonen. Likeeins neka Arbeidarpartiet sin kvinneorganisasjon og AUF å delta i aksjonen. Bak oppropet stod redaktøren i *Alle Kvinners Blad*, Brita Ruud. Med seg fekk ho fleire kjente namn, særleg i universitetsmiljøa. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 116-117.

dei unge opp utan å bli minna om jødanes lidingar. I staden retta den nye generasjonen sørkelyset på uretten palestinaraane opplevde. Eit døme som Tamnes trekk fram er Arbeidernes Ungdomsfylking (AUF) som i 1971 haldt fram eit forslag om at staten Israel måtte vike for ein ny demokratisk stat.<sup>180</sup> Når så oppropet «La Israel Leve» kom, var AUF blant dei i arbeidarrørsla som ikkje ville slutta seg til dette. Generasjonsskifte som gjekk føre seg i Arbeidarparti var noko Arbeidarparti-høvdingen Haakon Lie merka seg i sine memoarar. Ei hending han trekk fram var Gro Harlem Brundtlands møte med PLO-leiar Yassir Arafat i 1983. Om dette møtet skriv Lie at dette hadde vore ganske utenkeleg i han sin tid. Vidare skriv han at «det [trolig] henger sammen med to generasjons ulike syn og erfaringer. [...] For yngre menneske er det lett å bli historieløse.»<sup>181</sup> Lie hadde lite til overs for Arafat. PLO var for han ein terroristorganisasjon. Slik Lie såg det, ville PLO først vere nøgd når Israel ikkje lenger eksisterer. Korleis Arbeidarpartiet kunne danne band med denne organisasjonen, og i tillegg fremje PLO som ein fredeleg organisasjon, var uforståeleg for han.<sup>182</sup>

I 1974 røysta Noreg for talerett for Yasir Arafat i FN, noko som skapa reaksjonar i Noreg. Særleg fekk utanriksminister Knut Frydenlund (Ap) hard medfart for dette.<sup>183</sup> Han skal i ettertid konstantert at denne avgjersla var historisk rett, men at den politisk sett ikkje var rett på grunn av eit manglande omsyn til norske grunnhaldningars. Friksjonane mellom den yngre og eldre generasjonen i norsk politikk byrja å synast rundt haldninga til Israel.<sup>184</sup>

I samfunnet elles signaliserer 1970-talet ei brytingstid mellom dei tradisjonelle kristne tradisjonane og det sekulære samfunnet. Både i bedehuskulturen og i det norske samfunnet generelt var dei gamle livsstilsnormane i oppløysing, ei endring som særleg var tydeleg blant den oppveksande generasjonen. Livssyn og moralspørjemål, som til dømes debattane om

---

<sup>180</sup> Tamnes, *Oljealder*: 378-379.

<sup>181</sup> Lie, ...slik jeg ser det: 117. Lie skriv at «I alle år hadde det vært en uskreven lov at vi ikke forhandlet med organisasjonen [PLO], før den var villig til å anerkjenne Israel». Han sjølv var aldri i tvil om kvar skulda låg i at ein mislukkast i å opprette ein palestinsk stat – nemleg hjå arabarstatane. Ei heller var viljen der til å løyse flyktningproblemet. Lie, ...slik jeg ser det: 120-121.

<sup>182</sup> Lie meiner Yassir Arafat hadde sympatisørane i Arbeidarpartiet i sin hule hand. Etter at PLO, som følgje av Libanon-krigen i 1982, vart forvist ut av Libanon, reiste Arafat til Tunis. Same år drog Reidulf Steen (Ap) på vitjing etter ein personleg innbyding frå Arafat. Steen intervjuar Arafat, eit intervju som vart publisert i *Verdens Gang*. Med dette intervjuet meiner Lie at Steen vart Arafat sin talsmann i Noreg. Ved årsskifte i 1982 kom det ei ny vitjing frå Noreg til Arafat. Lie beskriv dette som at «...[Yassir Arafat] knipset med fingrene, og tidligere forsvarsminister Thorvald Stoltenberg (Ap) og stortingsrepresentant Liv Aasen (Ap) innfant seg.» Av dette kan me sjå at Lie tydeleg syner misnøye med kor føyelege den nye generasjonen Arbeidarpartifolk var mot Arafat. Lie, ...slik jeg ser det 2: 129-139

<sup>183</sup> Av kritikken som følgde etter at Noreg røysta for talerett for Arafat i FN, skal nokre ha utala seg så sterkt at dei krav Frydenlunds avgang som utanriksminister «som eit offer for denne ugjerninga». Tveit, Odd Karsten. *Alt for Israel : Oslo – Jerusalem 1948-78*. (Oslo: Cappelens Forlag, 1996): 570; Bakkevig, Trond & Tomm Kristiansen, *Da Gud skiftet meinung : Femti år som forandret kirken*, (Oslo: Cappelen Damm, 2018): 124.

<sup>184</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 111-112.

abort, kvinnefrigjering og sambuarskap, vart polarisert. At det var ei brytingstid synte seg òg gjennom EF-konflikten i 1972, som engasjerte folk på tvers av meiningsmiljøa. Uavhengig av ideologiske stridingar gjekk nordmenn saman for å stoppe eit norsk medlemskap i EF.<sup>185</sup>

Sjølv om denne tida vart ei brytingstid for det norske samfunnet, var den norske opinionen sin stønad til Israel ved inngangen av dette tiåret framleis sterkt. Karl Egil Johansen syntest det var heller overraskande at den pro-israelske stemninga nådde ein topp i 1973. Han skriv at ein skulle trudd det såkalla «Lillehammer-drapet» som fann stad denne våren skulle ha drege opinionen i ei pro-arabisk retning. Derimot syntet meiningsmålinga at heile 78% støtta Israel i striden mot arabarstatane.<sup>186</sup> Dette er noko som me skal få sjå skulle endre seg i siste halvdel av 1970-talet og inn på 1980-talet.

### 3.2.4 Israelsvenen vaklar?

Mot slutten av 1970-talet og inn på 1980-talet byrja det ein gong sterke venskapet mellom Noreg og Israel å vakle. I nyheitsbilete og i internasjonale samanhengar vart PLO med Yassir Arafat ein meir synleg aktør, og fleire syntet nå i større grad sympati for palestinarane sin sak. Dette kom til uttrykk ved at ein nå tala i større grad om ein konflikt mellom Israel og palestinarane enn ein konflikt mellom Israel og arabarlanda. Ein hadde oppdaga «palestina-arabarane», og byrja å sjå dei som eit folk med sine eigne nasjonale aspirasjoner.<sup>187</sup> I fleire land byrja oppdaginga av «palestina-arabarane» å breia seg.<sup>188</sup> I 1974 kom dette til syne i Noreg når utanriksminister Knut Frydenlund stemte for at Arafat skulle få tale i FN. Dette var første gong Noreg hadde stemt hadde stemt i disfavør Israels ynskjer.<sup>189</sup> Sjølv om Frydenlund med dette høve møtte sterkt kritikk, var tendensen i det politiske landskapet at fleire byrja å nyansera si haldning til Midtausten-konflikten. Frydenlund skal sjølv ha merka dette etter ei reise utanrikskomiteen hadde gjennomført til Midtausten i 1977. Fleire norske politikarar skal

<sup>185</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 458-461.

<sup>186</sup> «Lillehammer-drapet» var ein aksjon den israelske etterretningstenesta Mossad gjennomførte i Noreg kor dei drap marokkanaren Ahmed Bouchiki. Det viste seg at Bouchiki ikkje var den terroristen frå organisasjonen Svart September dei var ute etter. Kva denne hendinga fekk å seie for krigen som kom seinare dette året, veit ikkje Johansen for sikkert. Det kan tenkast at den var med å påverke det varme venskapet Noreg hadde til Israel, men samstundes seie meiningsmålinga noko anna. Av den grunn er det vanskeleg å seie kva påverknad denne hendinga hadde, skriv han. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 119-120.

<sup>187</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 258.

<sup>188</sup> Arthur Berg kommenterer den danske utanriksminister K.B. Andersen, som blant anna seier i eit intervju at ein i Danmark nå har «oppdaget at PLO er ‘en av de moderate palestinesiske gruppene’». I følgje Arthur Berg møtte han kritikk for sine utsegn, og Berg skal ha forstått det slik at desse synspunktene ikkje hadde stor oppslutning på Folketinget. Likevel meinte han at slike utsegn signaliserte ei haldningsendring, og kunne i verste fall leia til at «det vesle folket [snart står] alleine». «Danmark oppdager araberne». *Dagen* 6. januar 1976.

<sup>189</sup> Waage, *Peacemaking is a risky business*: 34.

på denne turen ha nyansert forholdet sitt til Israel. Blant desse var Kåre Willoch, som i ettertid skal ha uttrykka at denne reisa vart eit vendepunkt for hans haldning til Midtausten-konflikten.<sup>190</sup> I AUF var haldningsendringa endå meir framtredande, som nå i større grad byrja å stille seg positiv til PLO. Dette synte seg til dømes med vedtaket i 1979 om å støtte PLO som det palestinske folk sin representant.<sup>191</sup>

Rolf Tamnes trekk fram at UNIFIL-engasjementet var ein sterk pådrivar for den norske haldningsendringa, kanskje då særleg innføre den politiske og militære sfæren. United Nations Interim Force in Lebanon (UNIFIL) vart oppretta i 1978 av FN som følge av at Israel hadde gått inn i Sør-Libanon for å fjerne dei palestinske styrkane som opererte der mot Israel. Med USA i leiinga var målet for denne fredsbevarande styrken å få dei israelske styrkane ut av Libanon og erstatta dei med FN-styrker. I desse styrkane bidrog mange norske soldatar, som etter sitt opphald kom att med eit negativt inntrykk av israelarane og dei sine støttespelarar.<sup>192</sup> UNIFIL sitt nærvær, samt at ein mot slutten av 1970-talet auka kontakten med PLO, førte til at fleire nordmenn vitja den palestinske organisasjonen.

Den ein gong pro-israelske organisasjonen LO byrja å skapa kontakt mellom nordmenn og palestinrarar. Samstundes som dette fann stad, hadde Noreg lenge ein av dei mest restriktive politikkane ovanfor PLO i verden, skriv Hilde Henriksen Waage.<sup>193</sup> Etter regjeringsskifte i 1981 var det fleire leiarar i Arbeidarpartiet som møtte Yasir Arafat. I opposisjon var partiet i stor grad med å drive haldningane i Noreg mot ein meir positiv tilnærming til PLO.<sup>194</sup>

Israel si innblanding i Libanon var i stor grad med på å svekke sympatiene landet hadde hatt her i Noreg. Etter krigen i 1982 var kritikken hard og fordømminga stor mot Israel. Blant opinionen hadde truskapen til Israel svekka seg. I dei første tiåra av konflikten hadde biletet «David mot Goliat» blitt brukt for å beskrive situasjonen i Midtausten. Israel var «David», og

<sup>190</sup> Willoch kritiserte blant anna busettingspolitikken og okkupasjonen til Israel. I tillegg var ikkje «Palestinaspørsmålet» lenger berre eit flyktningproblem, og Willoch byrja i større grad å tala om palestinarnes sjølvbestemmelserett. Solberg, Tarjei. *Stort sprang, små steg: Kåre Willochs og Høyres endrede syn på Israel-Palestina-konflikten 1965-1990*. Mastergradsavhandling. Universitetet i Oslo, 2013: 46.

<sup>191</sup> Strandå, *Arbeidernes Ungdomsfylking og Midtosten-konflikten*: 73.

<sup>192</sup> Tamnes, *Oljealder*: 379.

<sup>193</sup> Sjølv om Noreg si stemmegjeving i 1974 brøyt med tidlegare tradisjonar, endra politikken seg lite etter dette. Noreg var framleis ein Israelsven. Dei største endringane fann ein derimot internasjonalt, kor Israel i større grad vart isolert grunna manglande vilje til forhandlingar med PLO, skriv Waage. Dette var noko majoriteten av statane i verden var svært misnøgd med. Waage vil hevde at ein skulle streve med å nå finne eit einaste pro-israelsk land i EU. Waage, *Peacemaking is a risky business*: 35-36.

<sup>194</sup> Waage, *Peacemaking is a risky business*: 38.

«Goliat» var arabarlanda rundt. Nå synte det seg ei endring i dette maktforholdet, kor ein i større grad beskrev palestinarane som «David», og Israel var nå blitt «Goliat». <sup>195</sup> Det skal likevel seiast at sjølv om fleire i Noreg synte meir forståing for palestinarane og PLO sin sak, endra dette ikkje den norske offisielle haldninga ovanfor PLO.

I fleire land hadde PLO fått lov til å opne informasjonskontor, og ynskja i 1984 å gjere det same i Noreg. PLO-representanten Abdel Rhaman Alawi kom frå PLOs informasjonskontor i Vest-Tyskland for å opprette PLO-kontor i Noreg. Han søkte opphaldstillating og arbeidsvisum, men den dåverande Willoch-regjeringa avviste søknaden, og forhindra dermed ein etablering av eit PLO-kontor i Noreg. I 1985 kunne ikkje Willoch-regjeringa forhindre at Omar Kimitto, som var født i Palestina, men som nå var ein norsk statsborgar, i å bli tilsett som leiar ved PLOs informasjonskontor i Oslo. <sup>196</sup> Med eit norsk PLO-kontor og ei generelt auka kontakt, særleg representer med Arbeidarpartiet sin PLO-vennlege politikk, hadde Noreg sitt forhold til Israel og palestinarane nå i større grad blitt likevektig. I neste kapittel skal me sjå at dette skifte òg fann stad blant kristenfolket, noko Arthur Berg og *Dagen* reagerte sterkt imot.

### 3.2.5 Kvifor vart Noreg ein sterk Israelsven?

Tidlegare i kapittelet skreiv eg at det i følgje Hilde Henriksen Waage ikkje var sjølvsagt at Noreg skulle bli ein sterk Israelsven. Likevel kan ein seia at føresetnadane var gode for eit sterkt band mellom Noreg og Israel. Ein årsak til dette vil eg meine ligge i dei grusame handlingane gjort mot jødefolket under andre verdskrig. Den generasjonen som gjekk gjennom denne krigen fekk stor sympati for jødane. Som eg tidlegare trakk fram, var den tidlegare statsministeren Trygve Brattelis truskap til Israel sterkt påverka av hans opplevingar av den grusame behandlinga jødane møtte i nazi-leiane. Slike opplevingar var han ikkje åleine om å ha. Innføre arbeidarrørsla var fleire som kunne fortelja om dei same opplevingane, og i ettertid fekk eit sterkt tilhøve til jødane og kampen til eit trygt land. Som me såg tidlegare skjedde utviklinga i arbeidarrørsla gradvis. Før statsdanninga var stønaden liten innføre Arbeidarpartiet til ein israelsk stat i Palestina. Når så staten var eit faktum, var det ein klar stønad til Israel i Arbeidarpartiet. Sympati til Israel tok i aukande grad form utover 1950-talet, særleg som følgje av solidaritetsaksjonen for dei omkomne jødeborna ved Hurum.

---

<sup>195</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 134-135; Eriksen, Trond Berg, Andreas Hompland & Eivind Tjønneland. *Et lite land i verden*, vol. 6, Norsk idéhistorie: 1-6. (Oslo: Aschehoug, 2003): 448-449.

<sup>196</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 137-138; Tveit, Odd Karsten. *Krig og Diplomati: Oslo – Jerusalem 1978-96*. (Oslo: Aschehoug, 2005): 185-186, 188-189, 203; Solberg. *Stort sprang, små steg*: 84-90.

Gjennom 1950-talet var det fleire i det norske arbeidarpartiet som vitja Israel. Ved heimkomsten fortalte dei entusiastisk om kva som var under oppbygning der. Av dei største beundrarane fann ein partisekretær Haakon Lie og Martin Tranmæl, som i følgje Hilde Henriksen Waage ganske enkelt elskar Israel. I deira framstilling var det eit visst bibelsk medvit som kom til uttrykk gjennom måten dei omtala Midtausten på. Av desse to var bibelske metaforar oftast å sjå i Tranmæl sine artiklar om situasjonen i Midtausten.<sup>197</sup> I forhold til Lie var Tranmæl meir kjent med innhaldet i Bibelen. Sjølv om Lie ikkje syntte den same Bibelkunnskapen, syntte han eit kjennskap til Israel sin betydning i Bibelen. Han skal ha skreve dette etter ei vitjing i Israel:

Over det som har skjedd disse dagene, hviler et bibelsk skjær. Folk siterer lange utdrag av Bibelen når de skal beskrive kamper og seire. (...) I dag er jeg oppriktig lei meg, fordi jeg ikke har lest og lært min bibel.»<sup>198</sup>

Dette bringer meg inn på det eg ser på som ein annan stor årsak for det sterke bandet som vart knytt mellom Noreg og Israel. Forutan om reisebreva og artiklar frå folk i arbeidarrørsla, kom det mykje ny litteratur om Midtausten og det som skjedde der som selde godt. Mykje av dette hadde kristelege forteikn, og var i følgje Karl Egil Johansen «ein kombinasjon av bibelhistorie, reiseskildring og politiske tankar og vurderingar». <sup>199</sup> Grunnen for at slike verk vart godt tatt i mot meiner eg ligg i oppsedinga til samtidas generasjon. Kristendommen har lenge hatt ein sentral plass i Noreg, noko som tydlegast kjem fram av den sentrale posisjonen kyrkja har hatt her til lands. Fram til 2012 var den evangeliske lutherske kristendommen statens offentlege religion i Noreg. Det tette forholdet mellom kyrkje og stat har i stor grad prega det norske skulesystemet. Fram til 1912 var nordmenn pliktig til å konfirmerast i kyrkja. I tida før konfirmasjonsdagen gjekk norske born gjennom ein todelt undervisning. Først skulle borna undervisast i den offentlege skulen. Deretter, når det var minst tre månadar

<sup>197</sup> Både Tranmæl og nordmenn flest var godt kjent med hendingar som Flukten frå Egypt og dei ti boda på Sinai, og personar som Moses og Pontius Pilatus. Når desse vart brukte i Tranmæl sine beskrivingar av situasjonen i Midtausten, var dette ikkje framande metaforar, men gjenkjennelege historier frå oppsedinga . Waage, *Norge – Israels beste venn*: 37.

<sup>198</sup> Kleppa & Odland, *Ordets Folk*: 205.

<sup>199</sup> Johansen trekk blant anna fram den danske presten Poul Bourchsenius, som skreiv fleire bøker om Israel og jødisk historie. Boka *Sol, stå stille* frå 1951 kom i heile 4 oppslag mellom 1951 og 1952. *Historien om Ben Gurion* som kom ut på dansk i 1956, vart i regi av venskapsforeininga Noreg-Israel gjeven ut som gavet til regjerings statsrådar, medlemmane i utanrikskomiteen, partileiarane på stortinget, samt ein god del andre stortingsrepresentantar. Dette syner i stor grad at denne litteraturen nådde eit breitt publikum, deriblant mange i den politiske sfæren. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 255.

att til konfirmasjonsdagen, overtok soknepresten undervisinga. På sjølve konfirmasjonsdagen måtte ein gjennom ei overhøring i kyrkja, som var fram til innføringa av folkeskulen i 1889 den avsluttande eksamenen for skulegangen.<sup>200</sup> Sjølv om kristendommen sitt nærvær på skulen samanlikna med 1800-talet vart svekka utover 1900-talet, fekk mang ein nordmann god kjennskap til forteljingane i Bibelen. I skulen var kristendomsfaget lenge styrt ut frå kyrkjelege høve, og vart først i 1939 lagt under religionspedagogiske prinsipp. Dessuten var læraren fram til 1959 pålagt å halde andakt samband med kristendomsundervisinga.<sup>201</sup> Eit slikt hegemonisk religionsfag, med ein overvekt av kristendom, ville i dag vore utenkeleg i møte med det mangfaldet av religionar som representerer det norske samfunnet.<sup>202</sup>

Det er lett å tenka at det berre var i det kristne miljøet det var ein tendens til å sjå situasjonen i Midtausten gjennom religiøse briller. Særleg blant glødande kristne vart nok opprettinga av staten Israel tileigna ein større profetisk betydning enn hjå resten av den norske befolkninga. Derimot var det bibelske fundamentet som det norske samfunnet hadde, sett saman med den gode kjennskapen nordmenn hadde til jødane si historie, ein årsak til at nordmenn flest fekk ein positiv haldning til det moderne Israel.<sup>203</sup> I den norske kollektive bevisstheita vart dermed religiøse, saman med historiske, humanitære og politiske trådar, vevd saman med dei moralske.<sup>204</sup> På alle desse felta vart det vist stor sympati for jødane og etterkvart staten Israels sak her i Noreg. Generasjonen som skåa opprettinga av staten Israel hadde sannsynlegvis eit større medvit om det bibelske Israel enn det nordmenn har i dag, og det kan tenkast at det mange då i større grad trakk parallellar mellom desse to. Teologen Anne Hege Grung beskriv det slik at nordmenn som vaks opp i eit kristent meiningsunivers integrerte dei bibelske stedane i sitt indre univers, «som et mytologisk landskap». Dette kan ha vore med å forsterke

<sup>200</sup> Sødal, Helje Kringlebotn. «Skolens vekst og fall som kirkelig institusjon». I *Mellom gammelt og nytt: Kristendom i Norge på 1800- og 1900-tallet*. Redigert av Dørum, Knut & Helje K. Sødal. (Bergen: Fagbokforlaget, 2014): 70-71; Elstad, Hallgeir, Per Ander Aas & Merete Thomassen. «Konfirmasjon». *Store norske leksikon*. 28. august 2019. Henta frå <https://snl.no/konfirmasjon#-Historikk>; Elstad, Hallgeir. «Overhøring». *Store norske leksikon*. 19. desember 2019. Henta frå <https://snl.no/overhoring>.

<sup>201</sup> Sødal, «Skolens vekst og fall som kirkelig institusjon»: 72. Andakt kan beskrivast som ein kort gudsteneste. Ein andakt kan vere i form av at personen deler eit stykke frå ei andaktsbok eller noko frå Bibelen, for å så gjerne avslutte med ein bønn. Zawdazka, Anja Persvold. «Andakt». *Store norske leksikon* 30. april 2019. Henta frå <https://snl.no/andakt>.

<sup>202</sup> Eriksen, Hompland & Tjønneland, *Et lite land i verden*: 246.

<sup>203</sup> Sjølv om det var variasjon i kor sterkt forhold nordmenn hadde til Israel, førte den sterke kristen-konservative tradisjonen i Noreg til at dei fleste fekk ein viss tilknyting til jødane. Waage, Hilde Henriksen. «How Norway Became One of Israel's Best Friends.» *Journal og Peace Research* 37, nr. 2 (2000): 198.

<sup>204</sup> Eriksen, Hompland & Tjønneland, *Et lite land i verden*: 448.

folk si oppleving av å vitja Israel, då ein med eitt opphaldt seg på dei same fysiske stedane Bibelen fortale om og såg dei med sine eigne auge.<sup>205</sup>

### 3.3 *Dagen* og Midtausten frå 1957 til 1985.

#### 3.3.1 I takt med nasjonen

Til nå har eg sett på utviklinga i Midtausten i ein internasjonal kontekst og i ein norsk kontekst. Korleis var så framstilling og vurderinga av utviklinga i Midtausten i *Dagen*? Sidan mitt fokus som nemnt er på Arthur Berg si sjefredaktørtid i *Dagen*, vil eg ta utgangspunkt i tida frå han byrja i *Dagen* som sjefredaktør sommaren 1957. I det føregåande året hadde Suez-krisa skapa mange overskrifter i internasjonal presse. Etter dette var det Sovjetunionen si involvering i Syria som skulle prege overskriftene i *Dagen* om Midtausten. Ved juletider i 1959 kom det ei bølgje med ein rekke jødefiendslege aksjonar. Desse skapa store reaksjonar internasjonalt, kor det i fleire land vart arrangert protesttog mot dei jødefiendslege aksjonane.<sup>206</sup> Noreg gjekk ikkje fri for slike aksjonar. På ein rekke plassar her i landet vart det måla hakekors på bygningar, og jødar i Noreg opplevde å få tilsendt brev med trugslar. Trass i dette, var det ein tendens til bagatellisering av dei antisemittiske ytringane blant styresmaktane og andre. I Noreg vart aksjonane i Vest-Tyskland kopla direkte til nazismen. Når så sokelyset vart retta på likande tilfelle i Noreg, vart desse karakterisert som pøbelstrekar. Det kom likevel etterkvart fleire røyster som sette spørjemålsteikn ved denne avslappa haldninga. Biskopane i Den norske kyrkja, saman med 23 leiarar frå kristne organisasjonar, kom med eit opprop om å få ei ende på dei antisemittiske demonstrasjonane.<sup>207</sup>

Fleire norske avisar skreiv leiarartiklar med ein sterk ordbruk om dei siste tids hendingar. *Dagbladet* peika seg særleg ut med ein stor mengde stoff med fokus på antisemittismen. Reaksjonane let heller ikkje vente på seg i *Dagen*, kor ein såg alvorleg på dei siste tids hendingar. Arthur Berg gav i leiarartikkelen «I Adolf Hitlers ånd» uttrykk for at dei jødefiendslege aksjonane var eit uttrykk for «ei nyvaking av Adolf Hitlers naziånd», Samstundes rosar han Vest-Tyskland sin sterke og sameinte reaksjon mot ugjerninga. Vidare

<sup>205</sup> Grung, Anne Hege. «Profetier, projeksjoner og fakta på bakken: - Produksjon av håp og håpløshet i religiøse diskurser om konflikten mellom Israel og palestinerne». *Norsk Teologisk Tidsskrift* 112, nr 1 (2011): 36.

<sup>206</sup> Dette kan ein blant anna sjå i NTB-artiklane «Tysk ungdom marsjerer i protest mot aksjonene fra jødedemonstrantene». *Dagen* 8. januar 1960, «Utslagene av jødehets – infatile pøbelstreker». *Dagen* 26. januar 1960 og artikkelen frå *Dagen* sin London-korrespondent «England ser svært alvorlig på ‘den gjenoppstående nazismen’». *Dagen* 9. januar 1960.

<sup>207</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 88-91.

skriv han at styresmaktane i andre land burde følgje etter Vest-Tyskland og ta aksjonane på alvor.<sup>208</sup> Som heilskap synte norsk presse at dei tok temaet antisemittisme svært alvorleg, truleg meir enn nokon gong tidlegare i etterkrigstida, skriv Karl Egil Johansen.<sup>209</sup>

Den neste store hendinga som prega Midtausten-konflikten var seksdagarskrigen i 1967. Som i dei fleste norske avisene var sympatiens for Israel stor i *Dagen* sine artiklar. Denne krigen hadde synt at Israel var i stand til å stå imot åtaka og verje landet. Nå måtte partane møtast og forhandle ein fred seg mellom, meinte Arthur Berg. I dette måtte ikkje Israel, som sigerherre, bli for overmodig. Det kunne føre til at moglegeheitene for fred vart forspilte. Difor meinte Berg at forhandlingane ikkje burde vere direkte mellom Israel og arabarlanda, men at FN leia dei. Dette var noko både stormaktene Sovjetunionen og USA etter den siste tids hendingar hadde interesse av, meinte Berg.<sup>210</sup> At stormaktene hadde eit ansvar for fred, var han ikkje åleine om å meine. Dette var eit synspunkt som ein kunne finne att hjå *Verdens Gang*.<sup>211</sup> Samstundes var Berg klar på at arabarlanda måtte stillast ovanfor eit ultimatum; anten inngår dei fredsforhandlingar, eller så må dei ta ansvar for ufreden. Om USA eller FN ikkje gjorde slike tiltak for å sikte Israel trygge grensar, «vil de lide et uopprettelig moralsk nederlag».<sup>212</sup> Berg var ikkje tvil om at fred var naudsynt for Midtausten. Viss vilja var der frå israelsk og arabisk side, kunne ein omsider oppnå ein fred. Det var likevel tydeleg kven Berg meinte hadde ansvaret for det ikkje hadde vorte fred. I forhandlingane som følgde var Berg ikkje særleg begeistra for korleis vestmaktane ville få til ein fredsløysing. Frå arabisk side krav vestmaktane at dei anerkjente Israel eksistens, mot at Israel gav frå seg områda dei hadde tileigna seg under krigen. Dette var ikkje gjennomførbart for Israel då dette ville trua landet sin eksistens, meinte Berg.<sup>213</sup>

I tida etter seksdagarskrigen kan ein sjå ei auke i kommentarar om Midtausten og utviklinga der. Likevel var ikkje omfanget av Midtausten-relaterte kommentarar av same hyppigkeit som i tiåra som følgde. Det verkar som Berg ikkje såg eit stort høve for å forsvare Israel samanlikna med 1970- og 1980-talet. Meiningsmålingar frå slutten av 1960-talet syner ein stor oppslutnad til Israel i Noreg. Som me såg tidlegare i dette kapittelet var det teikn på ei rørsle, særleg frå den norske venstresida, mot ein meir pro-arabisk haldning. Dette tatt i

<sup>208</sup> «I Adolf Hitlers ånd». *Dagen* 5. januar 1960.

<sup>209</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 91.

<sup>210</sup> «En ny tid for Midt-Østen?». *Dagen* 10. juni 1967.

<sup>211</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 99.

<sup>212</sup> «Israels skjebne». *Dagen* 15. juni 1967.

<sup>213</sup> «Midt-Østen». *Dagen* 30. oktober 1967.

betraktning, var haldninga blant opinionen likevel så og seja uendra.<sup>214</sup> Når me nå skal sjå på 1970-talet, skulle dette tiåret i større grad påverke Noregs si haldning til Israel. Dette var i tillegg eit tiår år kor Arthur Berg skulle bli ein meir aktiv Midtausten-kommentator i *Dagen*.

### 3.3.2 Blomstringstid for Berg som Midtausten-kommentator?

I 1970 fekk Arthur Berg tilsendt eit innlegg om Israel. Innsendaren ville med dette innlegget tydeleggjera kvifor folk støtta opp om Israel. Det kan virke som innsendaren i tillegg sakna ein sterkare bibelsk argumentasjon i *Dagen* si grunngjeving for kvifor ein burde støtta Israel. Berg takka for innlegget, men svarte at *Dagen* held eit allereie klart pro-israelsk standpunkt. Vidare skreiv Berg at «det kunne forsåvidt være mere på sin plass å skrive dette i andre aviser. Skjønt stort sett har vel alle norske aviser vært pro-israelske.»<sup>215</sup> Av dette kan det tenkast at Arthur Berg ikkje var i tvil om at Israel framleis hadde stor stønad i Noreg ved inngangen av 1970-talet. Utover 1970-talet skulle stønaden Israel hadde i Noreg svekke seg. Samstundes vil eg hevde at dette tiåret vart ei blomstringstid for Arthur Berg som Midtausten-kommentator. Grunnlaget for denne påstanden er at det kom ei tydeleg auke med leiarartiklar om problematikkar relatert til situasjonen i Midtausten og Israel.

Tidlig i prosessen med denne avhandlinga vart eg gjort merksam på boka «Med Israel i kamp for fred». Boka er ei samling av eit utval Israel- og Midtausten-relaterte leiarartiklar skrivne av Berg mellom 1967 og 1979. Totalt er det 105 leiarartiklar som er tatt med og kategorisert i 10 ulike kapittel etter tema. Dei fleste av dei er frå perioden 1975 til 1978, som utgjer 71 av dei 105 leiarartiklane. Det eg fann mest interessant var derimot auka av artiklar som kom i løpet av 1973 og 1974. I perioden 1967 til 1973 er det berre 11 artiklar, medan mellom 1973 og 1974 kom det 21 artiklar. Kvifor auka kom nå, kan henge saman med eit behov Berg hadde for å heva si røyst i forsvar for Israel i denne perioden. Eg vil vidare trekke fram tre årsakar som eg meiner låg til grunn for auka av leiarartiklar frå Berg utover 1970-talet.

Den første årsaken eg vil trekke fram er følgjande Yom Kippur-krigen fekk for verdspolitikken. Atter ein gong kom Israel sigrande ut av ein krig med arabarlanda, som i dette tilfelle var Egypt og Syria. På grunn av det arabiske nederlaget satte arabarlanda i verk, som eg nemnte tidlegare, ein oljeboikott for å påverke Vestmaktene i deira favor. Kva makt som låg hjå den som hadde store oljeresursar, var noko ein allereie i 1967 kunne lesa om i

---

<sup>214</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 102.

<sup>215</sup> Berg, Arthur. «Svar til Alsaker». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 2, 29. januar 1970.

*Dagen*. Dette året vart det samla til eit arabisk toppmøte som følgje av seksdagarskrigen. Under møtet vart det vedteke ein resolusjon med dei tre nei; nei til fred med Israel, nei til anerkjenning av staten Israel og nei til forhandlingar.<sup>216</sup> I følgje Arthur Berg skal det ha vore eit forsøk på å få samle arabarlanda om ein oljeblokade av USA, Storbritannia og Vest-Tyskland.<sup>217</sup> Syria fremja særleg ei oljeembargo mot Vesten, men dette fall gjennom. I staden vart det fatta vedtak om at oljeproduksjonen og salet av olje til Vesten skulle halda fram. Grunngjevinga for dette var at delar av innteninga skulle fungere som ein økonomisk hjelp for tapa dei involverte arabiske landa i seksdagarskrigen hadde fått.<sup>218</sup>

Noreg, som ung oljenasjon, var på 1970-talet interessert i venskap med dei erfarne arabiske oljenasjonane for å få meir kunnskap på området. At Noreg var villig til å skape venskapsband med arabarstatane, som i tillegg mest sannsynleg ville svekke Noreg sitt venskap til Israel, var ein tendens Arthur Berg mislikte. Berg var klar over makta som låg i å ha olje, og han meinte fleire land ved oljeboikotten i 1973 let olja bli viktigare enn venskapen med Israel.<sup>219</sup> På sikt var Berg nok redd for at dette ville koste staten Israel sin eksistens, noko Berg på ingen måte kunne la skje. Difor trur eg dette var ein av årsaka for at Berg auka omfanget av leiarartiklar, for blant anna seia i frå om kva eit tettare venskap til arabarlanda kunne føre med seg.

Den andre årsaken for Arthur Bergs auka engasjement frå leiarplass i forsvar for Israel var ein frykt for ein ny global antisemittisme. I 1972 stod leiarartikkelen «Hva nå i Midt-Østen?» på trykk i *Dagen*. Etter ei tid med forhandlingar mellom Israel og Egypt om ein fred, avviste Egypt foreløpig forhandlingstilboden som vart lagt fram. Grunngjevinga var usemje om ei tilbakeføring av landområda Israel tileigna seg under seksdagarskrigen. Alternativet til å gje frå seg desse områda er folkemord, skreiv Berg. Antisemittismen som i stor grad prega andre verdskrig verker ikkje til ha forsvunne, meinte han. Berg spurte vidare om «man ikke [har]

---

<sup>216</sup> Tveit, *Alt for Israel*: 386.

<sup>217</sup> «Arabisk toppmøte», *Dagen* 29. august 1967.

<sup>218</sup> Meital, Yoram. «The Khartoum Conference and Egyptian Policy after the 1967 War : A Reexamination». *Middle East Journal* 64, nr. 1 (2000): 76.

<sup>219</sup> Denne meiningsa kom blant anna til syn i leiarartikkelen «Skjebneår for Israel». Berg satt spørjemål ved om verdsfreden og Europa sin ære var til sals for pengar. Han meinte fleire land var freista av å ofra verdsfreden og si æra for oljeimporten si skuld. «Skjebneår for Israel». *Dagen* 2. januar 1974. Nokre dagar seinare spør han i ein ny artikkkel kvifor «de venstre-orienterte rettferds-apostlane» let seg skrema av «det kapitalistiske våpenet som oljesjeikene bruker». «Presset mot Israel». *Dagen* 15. januar 1974. Makta i olja er noko han ikkje betviler, og meiner «verdensopinionen ligger som en hypnotisert fugl for oljesjeikenes føtter». Redslen for å mista olja medfører at ein heller sviktar israelarane. «En ny anti-semitisme?». *Dagen* 17. april 1974. Fleire gongar utover dette året blir dette forholdet teke fram, kor ein i følgje Berg let olja og pengane bli viktigare enn venskapen til Israel.

lært av det som hendte under den siste verdenskrig?».<sup>220</sup> I 1974 skreiv Berg om det han kalla ein farleg glidning på Stortinget. Denne kommentaren kom etter at *Dagen* hadde spurt stortingsmenn om dei sine tankar rundt FN-resolusjonen som fordømte Israel sitt åtak på libanesiske byar. Berg meinte svara deira synte at Stortinget var på gli i arabisk retning. Svara fluktuera mellom å meine resolusjonen var ubalansert, til å stille seg heilt bak resolusjonen. Fellestrekket var at ingen tok fullstendig avstand. Alle godtok «at det er kritikkverdig av Israel å forsvere seg mot folkeretts-stridige angrep på sakseløse israelske borgere», skreiv Berg. Om ein ikkje stoppa den nå, ville det føre til «at vi blir suget med i en ny antisemittisme». Han skreiv avslutningsvis at «konsekvensen av denne offentlige umoral må enten bli anger og bot, eller anti-semittisme».<sup>221</sup>

Ein særleg utslagsgjenvende faktor var FN-resolusjonen som kom i 1975. Dei arabiske landa greidde å få Organisasjonen for Afrikansk Einskyt (OAU) til å vedta ein resolusjon som likestilte det sionistiske regimet med det rasistiske regimet i Sør-Afrika.<sup>222</sup> I følgje Karl Egil Johansen gav denne ny næring til sympatiene for Israel, då mange reagerte sterkt på dette vedtaket. Dette vedtaket skada nok på kort sikt FN sin stilling, skriv Johansen. I Noreg synte reaksjonane seg i avisene. Fleire av dei trakk tydelege parallellear mellom denne resolusjonen og antisemittismen.<sup>223</sup> Arthur Berg var heller ikkje nådig i møte med den nye resolusjonen. Om FN let dette vedtaket gå gjennom, ville det syne at FN var «blitt et redskap i hendene på dem som ønsker å utslette Israel».<sup>224</sup> Berg meinte at ein med dette vedtaket har «gjeve eit moralsk alibi for Israelhatet og for nye jødeforfylgjinar». Det Berg trakk fram som positivt her var at Noreg var blant landa som røysta imot vedtaket. Sionistane sin hovudsak er sin kjærleik til landet, som dei delar med både truande og ateistiske jødar, skriv Berg. Han skriv vidare at det var ein slik sionisme FN godkjende når staten Israel vart skipa.<sup>225</sup>

Den tredje årsaken til at Arthur Berg i større grad engasjerte seg frå leiarplass om Midtaustenkonflikten og Israel kom av samfunnssendringane Noreg stod ovanfor. 1970-talet vart som eg nemnte tidlegare ei brytningstid for det norske samfunnet. Ein ny kommersialisert tenåringskultur og antiautoritære og antireligiøse haldningar førte til eit kulturelt oppbrot i Noreg. I område kor bedehuskulturen hadde stått sterkt, merka ein nå ei ny tid kor den

<sup>220</sup> «Hva nå i Midt-Østen?». *Dagen* 31. juli 1972.

<sup>221</sup> «Stortinget på gli». *Dagen* 30. april 1974.

<sup>222</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 34-35.

<sup>223</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 105.

<sup>224</sup> «Ansvar for Israel». *Dagen* 14. november 1975.

<sup>225</sup> «Sionisme – fedrelandskjærleik». *Dagen* 19. november 1975.

pietistiske kristendommen var på retrett. Dei sidene av bedehuset som hadde fungert som samlingsfunksjon, som til dømes basar, kvinneforeiningar og julefestar, mista nå oppslutnaden. Den same tendensen var å sjå i dei tradisjonelle misjons- og indremisjonsorganisasjonar. Samstundes såg ein at ungdomsorganisasjonar som Noregs KFUK-KFUM og Noregs Kristelege Student- og Skoleungdomslag auka sin oppslutnad.<sup>226</sup> Bedehuskulturens lærdommar måtte nå vike til fordel for populærkulturen sin frammarsj.

Det kulturelle oppbrotet, særleg blant ungdom, kunne ein óg merke seg i diskusjonar rundt situasjonen i Midtausten. Noreg som til nå hadde vore ein sterk Israelsven, møtte nå ein ny generasjon som stilte seg kritisk til Noregs si tilnærming til Midtausten-konflikten. Som både Haakon Lie og Rolf Tamnes skreiv var den oppveksande generasjonen i mindre grad prega av den andre verdskrigs grusame hendingar, og retta heller fokus på dei som nå lei den største uretten, nemleg palestinarnane. I *Dagen* kunne ein merke den same tendensen, kor ein fekk tilsendt innlegg som ikkje var samde i korleis avisar la fram situasjonen i Midtausten. Den overveldane sympatiens for jødefolket førte til manglande forståing for arabarane sin sak, som mange syntest ofte munna ut i ein fordømming av arabarane. «La Israel Leve»-aksjonen førte blant anna til diskusjon i *Dagen* om korleis ein skulle tilnærma seg Midtausten-konflikten. Innsendaren Astrid Hauglin uttrykka som ein Israelsven at denne aksjonen syntet manglande omsyn for ofra på andre sida for Israel. Ho syntest Israel framferd var urovekkande, og då særleg bombinga av strategiske mål i Egypt og Syria som óg ramma sivile. Ho skreiv at fleire med ho meinte at ein óg burde støtte dei som har lidd urett på arabisk side.<sup>227</sup> Dagen etter Hauglin sitt innlegg stod på trykk, kom eit innlegg frå innsendaren Elisabeth Petterøe. Ho tok tak i ein leiarartikkel frå 23. oktober som ho meinte var særstak sympathykken for jødefolket.<sup>228</sup> Petterøe meinte den var gjennomsyra av sympathi for jødefolket, samstundes som den mangla forståing for og fordømte arabarane. Sjølv om jødane framleis trengte stønad, skreiv ho at ein samstundes ikkje måtte gløyme arabarane.<sup>229</sup>

Desse to innlegga er døme på fleire innlegg av same karakter som byrja å syna seg i *Dagen* sine spalar. Ei heller i *Dagen* var ein upåverka av dei nye røystane som ikkje kunne stilla seg

<sup>226</sup> Aagedal, *Bedehusfolket*: 458-459.

<sup>227</sup> Hauglin, Astrid. «Blindt vennskap?». *Dagen* 5. november. 1973.

<sup>228</sup> Denne leiarartikkelen heitte «Jøden», kor Berg skriv at det kan virke som verda har gløymt grusomheitane frå gasskamra i Tyskland. Han omtalar USA og Sovjetunionen sin semje om å tvinge Israel til å gje frå seg erobra landområde. Dette vil bety at dei gjer frå seg store delar av sitt eksistens-grunnlag, meinte han. Han kom blant anna med eit stikk mot radikalarnane på venstresida, som han meinte nok «skrik begeistret med i dette forræderiet mot det lille folk». «Jøden». *Dagen* 23. oktober 1973.

<sup>229</sup> Petterøe, Elisabeth. «Jøder-arabere». *Dagen* 6. november 1973.

bak den sterke sympatiens generasjonen føre hadde hatt til Israel. I eit av svara til Hauglin skriv Arthur Berg at det å støtte Israel med ein sympati utan etterhald verke nå å ha «gått av mote».<sup>230</sup> Det konsekvente forsvarer av Israel verka til å mista rotfeste både i arbeidarrørsla og blant kristenfolket. Med dette meiner eg at Berg nå såg at han måtte handle før dei nye haldningane slo rot, særleg hjå *Dagen* sine leserarar. Sett saman med dei to andre årsakene, meiner eg desse tre var særleg avgjerande årsakar for at Arthur Berg inn på 1970-talet fekk ein blomstringstid som Midtausten-kommentator i *Dagen*. Som han skreiv sjølv kunne Berg ikkje risikera at leserane i *Dagen* vart medansvarlege i nye antisemittiske valdsverk mot sine jødiske brør. Frå 1960-talet hadde truskapen til Israel minka katastrofalt, samstundes som media dagleg nå kom med opne pro-arabiske kommentarar og manipulasjonar, etter Berg si mening. Difor var eit auka omfang av Israel- og Midtausten-relatere artiklar naudsynt for å motverka fråfallet, noko som han skal ha måtte oppklara i eit brev til ein abonnent. Berg fekk tilsendt eit brev kor forfattaren av brevet sa opp abonnement. Når det kom fleire Israel-relatere leiarartiklar etter kvarande, meinte brevskrivaren at folk vart mette, og at mange av den grunn ikkje las alle leiarartiklane. Vidare meinte han at Berg i sitt forsvar av Israel, og med det store omfanget av leiarartiklar, heller hadde svekka Israels sak.<sup>231</sup>

### 3.3.3 Ein Israelsven nå i opposisjon?

Frå 1975 og mot slutten av Arthur Berg sin sjefredaktørtid i *Dagen* var han oftare enn før å sjå som Midtausten-kommentator frå leiarplass. Som me såg, var det fleire endringar som førte til at han måtte i større grad engasjere seg i forsvar for Israel frå leiarplass. Avishuset *Dagen* opplevde gjennom sommaren i 1982 hærverk på bygningen, samt demonstrasjonar av sympatisørar av palestiniane utanfor huset. På eit tidspunkt hadde Arthur Berg politivakt heime hjå seg etter å ha fått tilsendt drapstrugslar. Han sjølv hadde ikkje tatt desse veldig alvorleg, då han såg på dei som skremsel meir enn faktiske trugslar. Likevel var dette ein intensivering av åtaket mot Israelsvenen i *Dagen*. Trugslar var Berg ikkje åleine om å få. Kåre Kristiansen (KrF) var blant dei som fekk trugsmål og hets retta mot seg, og det var Berg raskt med å protestere mot.

No er til dømes so å segja alle massemediene og heile det politiske etablissementet i Noreg anten PLO-venleg eller i det minste heller kvast Israelskritiske. Difor går

---

<sup>230</sup> «Venstre-konformister mot Israel». *Dagen* 6. november 1973.

<sup>231</sup> «Oppsigelse av abonnementet». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 13, 2. mars, 1981; «Svar til Skaland». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 13, 4. mars, 1981; «Skaland svar til Berg». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 13, 7. mars, 1981.

fordømingane lett igjennom. Men dersom ein eller anna instans eller person ikkje fylgjer med på den unyanserte fordømingi, skrik ein opp her i landet som om det skulle vera noko ufint og uanstendig i demokratiet å vera usamd med *fleirtalet*. Då teiknar ein sjikanøse teikningar av Kåre Kristiansen og set i gang postkort-storm for å få han til å segja frå seg formannsstilling i Utanrikskomiteen. Og då griser ein til eit avishus med mynjemåla oppmodingar om å «støtta PLO». Då grip ein til sjikane og trugsmål mot alle som ikkje er nyanserte nok i sitt forsvar av Israel. Nyanser deg, eller teg stilt.<sup>232</sup>

Slik Berg beskrev situasjonen måtte Israelsvenene anten byrja å retta seg etter kva fleirtalet meinte, eller så måtte ein teie stilt. Åtaket på han sjølv og på *Dagen* gjorde at han bestemte seg for å kvar dag skrive om Israel i ei tid framover.<sup>233</sup> «[...] ein vinn ikkje med å ta kvild medan motmennene gjer åtak,» skrev han i ein leiarartikkel i 1981.<sup>234</sup> Denne haldninga kom tydeleg til syne denne hausten. Sympati til Israel byrja å slå sprekkar blant kristenfolket, og fleire retta i større grad enn før kritikk mot Israel. I etterkant av den israelske invasjonen i Libanon arrangerte *Kristne for Palestina* ein solidaritetsgudsteneste for palestiniane. Fleire vener av Israel stod framleis på barrikadane, men ein byrja å slite med å halde den tidlegare sterke sympati til folk oppe.<sup>235</sup>

Som me såg i utsnittet over, hausta massemedia sterkt kritikk fra *Dagen* og Arthur Berg utover 1970-talet. Særleg fekk NRK hard medfart i *Dagen*. Tidlegare hadde *Dagen* synt mistru til korleis NRK dekka Midtausten. I 1976 kritiserte Arthur Berg ein NRK-reportasje etter uro på den israelsk-okkuperte Vestbredden. Berg skreiv at reporteren «med flid og omhu fanget kameraene inn israelernes bruk av politikøllene». Han meinte reportasjen skapa eit misvisande bilet av situasjonen, der eit israelsk forsøk på å minske uroa blir framstilt som israelsk brutalitet.<sup>236</sup> Same år spør Berg i ein ny leiarartikkel om NRK sitt monopol bør opphøyra, noko som etter han sin mening var på høg tid.<sup>237</sup> Fleire av *Dagen* sine lesarar syntest at NRK var ubalansert i si dekning, kor NRK ofte skal ha gått i favør av dei som var

<sup>232</sup> «Mot betre vitende». *Dagen* 19. august 1982. Ein månad seinare omtalar Berg ein ny bombetrussel Kristiansen skal ha fått. Til dette skriv han at slike truslar eksisterer, seier noko om samfunnet vårt og kva åndelege kvaliteter som gøymer seg bak visse deler av den aktuelle anti-sionismen i landet. «Demokratiet skranter». *Dagen* 27. september 1982.

<sup>233</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 115.

<sup>234</sup> «Våpengang og våpenkvild». *Dagen* 31. august 1981.

<sup>235</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 260-261.

<sup>236</sup> «NRK ved Jordan». *Dagen* 1. april 1976.

<sup>237</sup> I Sverige vart det diskutert om rikskanalens sitt monopol burde opphøyra. Monopolet til NRK hadde ved tidlegare anledningar blitt diskutert, som i 1966, men då var konklusjonen at radiosendingane burde framleis vere monopoliserte. Viss ikkje kunne ein få sendingar utan enkvar kontroll, skriv Berg. At ein mediemakt skulle sitta på ein radio- og fjernsynsmonopol var noko Berg meinte var farleg for demokratiet. Han meinte mangelen på norske politikarar, særleg blant ikkje-sosialistane, som tala imot eit NRK-monopol var grunn til bekymring. «Bryt NRK-monopolet». *Dagen* 17. desember 1976.

motstandarar av Israel.<sup>238</sup> Den tidlegare *Dagen*-redaktøren Odd Strand, som nå skreiv for Bergens Tidene, haldt med Berg i kritikken av det norske massemedia. I stor grad hadde ein lete PLO-lobbyen dominere nyheitsbiletet frå Libanon.<sup>239</sup> Etter kritikken av NRK si dekning spurte Kringkastingssjefen Norsk Utanrikspolitiske Institutt om ei vurdering av dekninga. Denne skulle avdekke om dekninga «hadde gjeve eit forsvarleg og rimeleg bilet til kriga». Skuldingane om at talsmenn for palestinarane hadde kome lettare til enn dei israelske vart avvist. Derimot fekk NRK kritikk for ein til dels partisk ordbruk og manglande kjeldebruk i Dagsrevyen. NRK sa seg nøgd med denne rapporten, men både den tidlegare Midtausten-korrespondenten Odd Karsten Tveit og leiarane for utanriks- og nyhendeavdelinga tok denne kraftig til motmåle.<sup>240</sup>

### 3.4 Oppsummering

I dette kapittelet har eg prøvd gje eit oversiktsbilete av utviklinga i Midtausten, og av korleis den vart framstilt i Noreg og hjå *Dagen*. Frå staten Israel vart danna til Arthur Berg gjekk av i som sjefredaktør i 1985 gjekk Midtausten gjennom store endringar. Noreg var frå starten i 1948 svært pro-israelsk. Særleg innan arbeidarrørsla og blant kristenfolket hausta Israel mykje sympati, sjølv om folk flest generelt i byrjinga synte stor sympati til jødane og staten Israel. Dette meiner eg var eit resultat av nordmenns opplevingar av behandlinga jødane fekk under andre verdskrig, samt ein sterk kristen tradisjon som har gjeve eit nært tilhøve til det bibelske Israel. Generasjonen som såg staten Israel bli til hadde god kjennskap til dei bibelske forteljingane om jødefolket, og hadde lett for å sjå situasjonen i Midtausten gjennom religiøse briller. Forutan om dette, var det fleire som hadde sterkt i minne lidingane jødane hadde gått gjennom under andre verdskrig. Sett saman med den religiøse tilknytinga nordmenn hadde til jødefolket, danna dette eit godt grunnlag for eit framtidig sterkt venskap med staten Israel.

---

<sup>238</sup> Berg hevda at NRK-medarbeidarane «gjekk det arabiske sionist-hatet i teneste» med si framstilling av konflikten, og spurte om ikkje NRK kunne sjå seg om etter objektive reporterar. «Israels serstode». *Dagen* 8. juni 1982.

<sup>239</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 131. Arthur Berg samtykka med Odd Strand sin rettvise påstand om ein PLO-lobby-dominans. Berg hevda at fleire reporterar hadde blitt meir forsiktige i å kritisere PLO, fordi dei frykta følgjene det kunne få frå PLO. Han hevder at journalistar hadde blitt drepne på grunn av dei ikkje let seg «inspirere» av PLO og tale deira sak. «Massemidiene og det latente jødehatet». *Dagen* 3. juli 1982.

<sup>240</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 135. Det vart på denne tid laga ein film av Carl Christian Hauge som ein motreaksjon på NRK sin mediadekning. Institutt for Kirke og Samfunn arrangerte seminar saman med Kirkelig Kringkastingslag om dekning av krigen. Dei arrangerte ein debatt. Kringkastingssjef Bjartar Gjerde i NRK vart spurt om å delta, men avslo dette. Ei heller ville ein i NRK vise denne filmen. Hagen, Odd. «Hard Kritikk mot NRKs dekning av krigen i Libanon». *Dagen*. 2. februar 1983. Arthur Berg skal ha blitt særskilt opprørt over korleis NRK behandla denne saken, noko som nok forsterka det negative inntrykket Berg hadde til NRK over dekninga av Libanon-krigen. Brurås, *Arthur Berg*: 123-125.

Utover 1960- og 1970-talet byrja det å koma røystar som trossa den pro-israelske haldninga til Noreg. Særleg på 1970-talet skulle ei brytingstid i samfunnet få innverknad på korleis den norske opinionen vurderte situasjonen i Midtausten. Dette var noko som ein også kunne sjå i *Dagen* sine spaltar, kor ein byrja å få ein aukande skare med kritiske Israelsvener.

For Arthur Berg skulle 1970-talet bli det eg har kalla for ei blomstringstid for han som Midtausten-kommentator. Dette vart etter min mening provosert fram av særleg tre årsakar. Den eine var påverknaden den arabiske oljeboikotten fekk på vestmaktene. I frykt for å miste arabarlanda sin gunst, modererte fleire land sin politikk ovanfor arabarlanda. Den andre årsaken kom av ein frykt Arthur Berg hadde for ein ny global antisemittisme. Særleg vart FN-resolusjonen i 1975, som stempla sionismen som rasistisk, ei stadfesting av Arthur Bergs frykt. Den siste låg i det kulturelle oppbrotet Noreg gjekk gjennom. Berg frykta kritikken av Israel og den auka sympatién for palestinarane skulle villeia *Dagen* sine leesarar til å bli medskuldige i nye antisemittiske valdsverk. Av den grunn måtte han i større grad arbeide mot denne utviklinga, noko som førte med seg ei auke i leiarartiklar om Israel og Midtaustenkonflikten i *Dagen*.

Vidare nå vil eg sjå nærmare på korleis Arthur Berg tilnærma seg Midtaustenkonflikten, og kva han la til grunn for si tilnærming. Til dette vil eg sjå på korleis kristne har sett på opprettinga av staten Israel utifrå ein bibelsk kontekst, og korleis dette har prega deira politiske vurdering av Midtausten-konflikten. Deretter vil eg prøve å koma fram til korleis Berg meinte kristne burde tilnærma seg konflikten i Midtausten utifrå eit bibelsk perspektiv og eit politisk perspektiv.

## 4 Midtausten-kommentatoren Berg

I dette kapittelet vil eg sjå på kva som var Arthur Bergs tilnærming til Midtausten-konflikten. Her vil eg i tillegg prøve å visa korleis han meinte kristne burde forholda seg til konflikten utifrå eit bibelsk perspektiv og eit politisk perspektiv. For å gjera dette, må eg seia noko om dei ulike dominerande teologiske syna blant kristne i Noreg på dei gamaltestamentlege profetiane. Det er ikkje semje om korleis desse profetiane skal tolkast. Men korleis kristne tolkar desse kan spela inn på dei sin politiske haldning til konflikten. Av den grunn er det viktig å forstå dei ulike teologiske syna kristne har på dei gamaltestamentlege profetiane. Til dette vil eg vise til ein debatt i 1982 mellom Leif M. Michelsen og Arthur Berg. Michelsen hadde blitt intervjuet av *Vårt Land*, kor han blant anna skal ha åtvara mot det han kalla Israelteologi. Han meinte den var villeidane, då den fokuserte meir på jødane enn på Jesus. Tilhengjarane av denne teologien er ofte delane av dei kristne som er mest solidarisk med Israel. I tillegg retta Michelsen kritikk mot Israel si framferd i den siste tida. Berg tok til motmæle mot Michelsen i *Dagen*, noko som førte til ein fleire kronikkar lang debatt om teologi og tolking av dei gamaltestamentlege profetiane hausten 1982.

I denne debatten kjem det fram at Berg ikkje utan vidare la dei bibelske profetiane til grunn for sin politiske vurdering av Midtausten-konflikten. Han skal ha lagt den militærretiske tradisjonen «Rettferdig krig» til grunn. Kva denne tradisjonen seier, er noko eg vil ta for meg i dette kapittelet. Etter dette vil eg prøve å samanfatte kva som var Arthur Berg si tilnærming til konflikten i Midtausten. Her vil eg prøve å vise til kvifor kristne nærmast burde føla seg forplikta til å støtte jødane, uavhengig av kva tolking kristne hadde av dei bibelske profetiane. Avslutningsvis vil eg gå inn på forholdet mellom tru og politikk i møte med konflikten i Midtausten. Her vil eg dra med meg Arthur Berg si tilnærming, og gjennom den visa til korleis han meinte kristne burde gå fram med tanke på forholdet mellom tru og politikk.

### 4.1 Ulike teologiske syn på dei gamaltestamentlege profetiane

Som nemnt innleiingsvis vil eg først sjå nærmare på dei ulike tolkingane av dei bibelske profetiane kristne har lagt til grunn for sin truskap til Israel. Ei generell oppfatning har vore at dei mest trugne forsvararane av jødane og staten Israel har vore kristenfolket. Tidvis, særleg etter opprettингa av Israel, er dette ei oppfatning som nok har stemt og kanskje framleis stemmer med den faktiske situasjonen. Dette betyr likevel ikkje at heile kristenfolket står bak ei bibelsk overtyding om at jødane har rett til ein stat i Midtausten. Fleire kristne ser ikkje

situasjonen slik at opprettinga av staten Israel var ei oppfylling av bibelske landprofetiar. Av den grunn har staten Israel vore gjenstand for diskusjon i kristne miljø om kva som er den rette lære rundt dei gamaltestamentlege profetiane. Difor er det naudsynt å klargjere kva for nokre dominerande bibelsyn som har fått prega, og som framleis pregar, kristnes syn på Israel. Det vil ikkje bli eit djuptdykk i kvar enkelt forståing, då dette ville blitt eit for omfattande arbeid for denne oppgåva. Eg vil avgrensa meg til å gje nokre hovudlinjer i korleis ulike kristne ser på Israel i lys av Bibelen.

Opprettinga av staten Israel baud på utfordringar for kristen teologi. I boka *Israel 50 år* satt teologiprofessor Oskar Skarsaune innleiingsvis opp nokre spørjemål om den theologiske betydinga av opprettinga av staten Israel. Skulle ein berre sjå på statsdanninga i 1948 som eit politisk fenomen, eller var det eit bibelsk forteikn bak denne hendinga? Sjølv om dette spørjemålet har blitt arbeidd med og diskutert kristne i mellom, har det ikkje blitt oppnådd nokon særleg grad for semje rundt dette emnet.<sup>241</sup> Usemja ligg i korleis ein skal forstå dei gamaltestamentlege profetiane. Desse profetiane har ei spesiell betydning i Bibelen, då desse talar om korleis Gud har planlagt å frelse menneska frå vondskapen i verda.

Den danske teologen Ole Andersen har delt måten kristne oftast tolkar dei gamaltestamentlege profetiane på i to delar. Den eine sida omfattar dei som ser på profetiane i det gamle testamentet som noko som hovudsakleg gjeld den kristne kyrkja og dei kristne si framtid. Andersen kallar dette kyrkjetolkinga. I følgje denne theologiske retninga tok særstillinga jødefolket hadde hatt slutt etter Jesu krossfestig, gravlegging og oppstode.<sup>242</sup> Jødefolket braut pakta med Gud då dei ikkje godtok Jesus som sin frelsar. Dermed er jødefolket etter denne tolkinga blitt erstatta av eit nytt folk – den kristne kyrkja. Av den grunn har denne theologiske retninga blitt kjent under namnet erstatningsteologien.<sup>243</sup>

---

<sup>241</sup> Skarsaune, Oskar. «Staten Israel i lys av Bibelens landløfter». I *Israel 50 år*, redigert av Nils Jacob Tønnessen. (Oslo: Luther Forlag, 1998): 149.

<sup>242</sup> Grunnen for at ein kalle dette ein særstilling, kjem av sidan Gud tala til dette folket og slutta ein pakt med jødefolket, har jødefolket hatt ei særstilling i Bibelen som Guds paktsfolk. I følgje Bibelen gav Gud til Abraham ein lovnad om eit land, samt ei stor velsigning i dette lova landet. Seinare, når Moses var leiaren av jødefolket, gav Gud lova til jødefolket. I denne lova vart det satt klare vilkår for landet og velsigninga. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 240.

<sup>243</sup> Andersen, Ole. *Hva med Israel?: Bibelens profetier og verdenshistorien*. (Oslo: Lunde forlag, 2018): 34-35. Bjørn Øyvind Fjeld, teolog og tidlegare rektor ved Ansgarskulen, meiner erstatningsteologien har stått sterkest i theologiske og høgkyrkjelege krinsar. Lenge var dette òg utgangspunktet for Den Norske Israelsmisjon. I dei seinare år vil Fjeld hevde at erstatningsteologien i stor grad har mista taket på norske teologar. Samanhengen mellom jødefolket og staten Israel blir i større grad erkjent, og dei bibelske profetiane blir oppfatta som å ha eit aktuelt perspektiv for vår samtid. Fjeld, Bjørn Øyvind. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 60.

Andersen presenterer òg ein annan variant av kyrkjetolkinga som talar om ei «innlemming». I følgje denne retninga var jødefolket delt i to grupper. Den eine gruppa haldt seg til Gud og pakta han hadde stifta med jødefolket, den andre levde som avgudsdyrkarar og i strid med pakta. Andersen seier at det som oftast berre var eit mindretal som haldt seg til Gud. Desse vart kalla for «Israels rest». «Denne delen av israelittane var «det sanne Israel», som var utvalt av Gud og høyrt til han,» skriv Andersen.<sup>244</sup> Når Jesus kom, var det mange blant jødefolket som forkasta han, men samstundes òg eit mindretal som aksepterte han som jødanes frelsar. Det Jesus-truande mindretalet vart den direkte fortsetjinga på «Israels rest». Andersen seier vidare at når fleire heidningar kom til tru på Jesus, vart desse òg innlemma i Israels rest. Dermed vil denne retninga seia at den kristne kyrkja, som består av truande jødar og heidningar, er identisk med det sanne Israel.<sup>245</sup> Teologien om erstatning legg dermed vekt på forskjellen før og etter «Jesus første komme»<sup>246</sup>, medan teologien om innlemming talar om ein kontinuitet. Det truande mindretalet blant jødefolket vart ikkje erstatta med den kristne kyrkja som Guds folk, men utvida med dei truande heidningane etter «Jesus første komme».

Den andre måten Ole Andersen meiner kristne tolkar dei gamaltestamentlege profetiane på er at jødane framleis er del av Gud sin frelsingsplan. I følgje Andersen gjeld lovnadane og pakta som vart gjeven av Gud til jødefolket framleis for dette folket og landet Israel i Midtausten.<sup>247</sup> Tilhengjarar av denne teologien, som gjerne blir kalla Israeltolkinga, vil hevde at jødefolket sitt forhold til Gud ikkje vart forandra ved Jesus gjerning på jorda. Før Jesus kom til jorda, var jødefolket Gud sitt reiskap til å openberre sin heilagdom og vreide ovanfor menneskeheita. Heile jødefolket var dermed Guds folk i betydinga av å vere «Guds reiskap». Andersen påpeiker her at sjølv om ein var del av jødefolket, var ikkje dette synonymt med at ein var frelst. Berre dei som levde i samsvar med Guds pakt vart frelst. Dei truande israelittane, som i følgje Andersen blir kalla «Israels rest», var Guds folk i betydinga av å vere «Guds frelseste born». Etter Jesus kom til jorda, haldt jødefolket framleis fram med å vere Guds reiskap i hans frelsingsplan. Det var berre eit mindretal av jødefolket som tok i mot Jesus som sin frelsar, og desse vart nå Guds folk i betydinga av å vere Guds frelseste born, ein direkte fortsetting av

---

<sup>244</sup> Andersen, *Hva med Israel*: 35

<sup>245</sup> Andersen, *Hva med Israel*: 35

<sup>246</sup> Andersen skriv at med nemninga «Jesus første komme» blir det sikta til då Jesus, i følgje Bibelen, kom til jorda for første gong og den gjerning han gjorde. Ved krossfestinga av Jesus, skal han ha frigjort menneska frå forbanninga som låg over alle menneske frå syndefallet i det gamle testamentet. Etter dette før Jesus opp til himmelen att. Andersen skriv at Bibelen talar om at Jesus skal koma att derifrå, noko som ofte blir kalla «Jesus andre komme». Denne gongen skal Jesus fjerne alt vondt og opprette Paradis, og harmonien som var mellom Gud og menneske som var før syndefallet skal bli retta opp att. Andersen, *Hva med Israel*: 56-58.

<sup>247</sup> Andersen, *Hva med Israel*: 40-41.

Israels rest. I følgje denne retninga er det berre truande heidningar og Israels rest som kan bli frelst.<sup>248</sup> Samanlikna med kyrkjetolkinga, er tilhengjarane av Israeltolkinga samd i at berre dei truande blant jødefolket blir frelst. Der desse to skiljest er i spørjemålet om at tilhengjarande meiner at jødefolket framleis er Guds reiskap i Hans frelsingsplan.<sup>249</sup>

Slik Ole Andersen legg det fram her, er dette ei tolking som eg meiner er å finne att i fleire norske kristne misjonsorganisasjonar, deriblant Den Norske Israelsmisjon (DNI). Samtidig som DNI ynskjer å bevisstgjera den kristne kyrkja om den jødiske arva og den jødiske dimensjonen som er i kristendommen, ynskjer Israelsmisjonen også å forkynne det kristne budskapet til jødane. Dei meiner difor at jødefolket treng kristen misjon, då dei må akseptere Jesus som sin frelsar for å bli frelst.<sup>250</sup> Det same synet kan ein finne att hjå Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM).<sup>251</sup> Blant bedehusfolk og lågkyrkjelege vil eg hevde at dette er det mest dominerande synet. I ein artikkel i Vårt Land hevder Egil Sjaastad, professor ved Fjellhaug internasjonale Høgskule, at Israeltolkinga særleg har stått sterkt hos NLM sine bedehus på vestlandet.<sup>252</sup>

I tillegg til Israeltolkinga, er det eit syn til eg vil trekke fram. Det er kristne som vil hevde, på lik linje med tilhengjarane av Israeltolkinga, at jødane den dag i dag framleis er del av Guds frelsingsplan. Derimot, i motsetnad til Israeltolkinga, meiner desse at jødane ikkje treng

---

<sup>248</sup> Andersen, *Hva med Israel*: 41.

<sup>249</sup> Andersen, *Hva med Israel*: 41-42.

<sup>250</sup> Den Norske Israelsmisjon, «Visjon og formål.» U.å. <https://www.israelsmisjonen.no/om-oss/organisasjon/visjon>. I DNI har det òg vore dei som meinte at jødar, før dei omvendte seg til kristen tru, først måtte gje avkall på sine jødiske skikkjar og tradisjonar. Dette var derimot ikkje noko som fleirtalet i Israelsmisjonen hevda, då dei var opne for at omvendte jødane kunne halde på sin jødiske identitet. Johansen, *Jødefolket intar en særstilling*: 239. Arthur Berg fekk tilsendt eit brev av generalsekretæren i Den Norske Israelsmisjonen, Otto Høivik, om dette i 1983. I eit referat av eit foredrag Arthur Berg hadde hatt på Valderøy, skal Arthur Berg ha sagt at Israelsmisjonen stort sett har krevd at jødar som ville bli kristne, måtte gje avkall på sin jødiske identitet. I sine 14 år i DNI kunne ikkje innsendaren sjå at dette var tilfelle. Han ville hevde at DNI ikkje ville at jødar som var blitt kristne skulle gje avkall på sin «jødiskhet». Høivik, Otto. «Artikkel i lys over land nr. 9 oktober 1983». Bergen Byarkiv. Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db 18, 21. mars 1984. Til svar på dette skriv Berg at han ikkje minnest detaljane, men at den teologien han sikta til i sitt foredrag ikkje er like aktuelt lenger. Hans oppfatning er at DNI har revurdert denne teologien han sikta til, og har nå gått meir i retning av det Høivik skriv. Berg, Arthur. «Brev til Otto Høivik». Bergen Byarkiv. Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db 18, 26. mars 1984.

<sup>251</sup> Dette syner generalsekretær for NLM, Øyvind Åsland, og leder for NLM Noreg, Kåre Johan Lid, i ein artikkel i 2018. Artikkel var eit svar på kvifor NLM ikkje valde å heisa det israelske flagget på generalforsamlinga i anledning Israel sin 70-årsdag. Her blir det påpeika at innføre NLM sine rekker er det ulike vurderingar av landløfta og Israel sin plass i endetida. Samstundes meiner NLM at Bibelen talar tydeleg om at frelsa berre kjem gjennom ei tru på Jesus. Difor er misjon blant jødar, på lik linje med misjon blant andre folkeslag, ei viktig oppgåve for den kristne kyrkja. NLM er òg takksam for organisasjonar som evangeliserer blant jødar. Åsland, Øyvind & Kåre Johan Lid. «Å markere vår støtte til Israel». *Dagen* 1. februar 2018.

<sup>252</sup> Sjaastad påpeikar til Vårt Land at dette synet ikkje einsbetydande berre har stått sterkt på dei vestlandske bedehusa, men at ein oftast har funne dette synet på vestlandet. Misje, Ingeborg. «Israel-strid i Misjonssambandet». *Vårt Land* 23. februar 2018.

kristen misjon. Dei som held seg til denne læra har tradisjonelt sett vore sterkt påverka av dispensasjonalismen, læra om Guds ulike «tidshushald». <sup>253</sup> Karl Egil Johansen skriv at dette er eit syn som fleire blant pinsevennane og lutherske lekmannsorganisasjonar, deriblant NLM og Det Vestlandske Indremisjonsforbund, vart påverka av. <sup>254</sup> I følgje Johansen vil tilhengjarane av denne læra hevde at Gud har to folk; jødane og dei kristne. Det er ein eigen frelsingsplan for kvar av dei, som der igjen skal vere delt inn i ulike fasar eller periodar. Gud sin frelsingsplan for jødane og for dei kristne må ikkje blandast saman. Jødanes frelsingsplan vart satt i verk då Gud lova Abraham eit land, med ei stor velsigning i dette landet. Seinare, under Moses, fekk det jødiske folket lova og dei ti bod, som satte klare vilkår for landet og velsigninga. Jødane braut derimot desse vilkåra og måtte gå i eksil. Etter ein ny start vart vilkåra brotne på ny. Denne gongen sendte Gud Jesus for å frelse folket. Jødane tok ikkje imot Jesus og soninga Gud baud i han. Då satt Gud frelsingsplanen for jødane på vent, og tok til seg eit nytt folk frå heidningane<sup>255</sup>. Til skilnad frå jødane, som har fått lovnad om frelse her på jorda, skal dei kristne vere eit åndeleg folk med heimen sin i himmelen.<sup>256</sup> Når staten Israel vart oppretta, var dette noko som ikkje var problemfritt for dispensjonalistane. I denne læra skulle ikkje jødane få sitt rike før frelsesplanen for dei kristne var fullført. Derimot skjedde det ei tilpassing i tidshushaldplanen, slik at fleire meinte at denne tolkinga framleis stod ved lag.<sup>257</sup>

Av norske kristne organisasjonar som står for eit dispensasjonalistisk syn, eller er sterkt påverka av det, er Karmelinstituttet. Grunnleggjaren Per Faye-Hansen, som òg var ein god ven av Arthur Berg, var ein sterk forkjempar for Israel. I følgje Karl Egil Johansen var det ofte usemje mellom Faye-Hansen og Israelsmisjonen, då dei ikkje einast i korleis det kristne arbeidet skulle halde fram i Israel.<sup>258</sup> I motsetnad til Israelsmisjonen, meinte Faye-

<sup>253</sup> Dispensasjonalismen sin opphavsmann blir ofte sagt å vere den irske anglikanske presten John Nelson Darby, som levde mellom 1800-1882. Sjølv om han kom frå Irland, var det særleg tida han var i USA kor han samla størst tilslutning til sin teologi. Utover 1900-talet vart denne endetidslæra dominerande i dei evangeliske kyrkjene i USA. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 239-240.

<sup>254</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 241.

<sup>255</sup> Generelt er nemninga «heidningar» brukt på alle ikkje-israelittar. Den blir òg brukt på personar som ikkje er kristne. Barstad, Hans M. & Bente Groth. «Hedning». *Store Norske Leksikon*. 19. desember 2018.

<https://snl.no/hedning>

<sup>256</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 240.

<sup>257</sup> Frå Gud retta sitt fokus på frelsesplanen for dei kristne, til Jesus på ny skulle koma att usynleg og hente dei kristne heim til himmelen, er frelsesplanen til jødane satt på vent. Johansen skriv at for dispensjonalistane skapa opprettinga av Israel utfordringar for deira tolking av dei bibelske profetiane. I følgje dei skulle jødane først få eit rike etter at dei kristne hadde blitt rykka opp til himmelen, og jødane hadde omvendt seg til Kristus (Jesus). Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 240-241, 254.

<sup>258</sup> Per Faye-Hansen grunnla Karmelinstituttet på grunn av det han såg på som ein negativ haldning til arbeidet for ein jødisk stat i Israelsmisjonen. På 1940-talet foreslo Faye-Hansen å ta opp att arbeidet sitt i Israel. Til dette svara generalsekretæren i Israelsmisjonen at «dette med løftene og Palestina var romantikk og naivt svermeri», og «et ugudelig folk har ingen løfter», i følgje Faye-Hansen. Når Israelsmisjonen ikkje var villig å forberede

Hansen at jødane ikkje trengte kristen misjon. Jødane trengte først og fremst at den kristne kyrkja tilstod sine feilgrep og mistolkingar, som opp gjennom historia hadde ført til antisemittisme og forfølgjing av jødane. Faye-Hansen meinte kristne heller burde vise solidaritet i kjærlegheit og medkjensle med jødane, og med dette heller vere eit vitnespurd for jødane. Gud sjølv har ein eigen frelsingsplan for jødefolket.<sup>259</sup> Sjølv om Faye-Hansen ofte vart plassert blant dispensasjonalistane, meinte han ikkje at den jødiske staten skulle bli ein realitet først etter at jødane hadde omvendt seg til Jesus. Allereie i 1945 tala Faye-Hansen om at ein jødisk stat var nært føreståande.<sup>260</sup> Johansen meiner det er lite tvil om at Faye-Hansen og Karmelinstituttet sitt arbeid fekk stor påverknad både på lekmannsrørsla og kristenfolket som heilskap. Hans uredde kamp for jødane og Israels sak vart verdsatt av mange.<sup>261</sup> Arthur Berg var nok òg blant dei som let seg påverke av Faye-Hansen sin teologi.

## 4.2 Debatten mellom Berg og Michaelsen

Kor plasserte så *Dagen* og Arthur Berg seg i det teologiske landskapet rundt dei gamaltestamentlege profetiane? Debatten mellom Leif M. Michaelsen og Arthur Berg er eit døme på den teologiske usemja vist over blant kristne om dei gamaltestamentlege profetiane. Den syner òg kva teologiske ulikskapar fekk å seie for korleis ein som kristne burde tilnærma seg konflikten i Midtausten. I tillegg får ein gjennom denne debatten sjå kva grunnleggjande forhold som har vore drivande krefter for Berg sitt engasjement for Israel, samt korleis han og *Dagen* plasserte seg i det teologiske landskapet rundt dei gamaltestamentlege profetiane.

Utgangspunktet for diskusjonen var eit intervju i den kristne avisa *Vårt Land* i 1982 med akademilektor hjå norsk lærarakademi i Bergen, Leif M. Michaelsen. I intervjuet snakkar Michaelsen blant anna om sin skepsis til Israelteologi, samstundes som han òg ytrar seg kritisk til Israel si framferd i den siste tida, då særleg i Libanon-krigen. Berg kommenterte inseratet i tre leiarartiklar i *Dagen* blant anna som reaksjon på Michaelsen sitt syn på Israel og på situasjonen i Midtausten. Leiarartiklane vart starten på ein serie innlegg og motinnlegg

---

Palestina på jødane si tilbakevending, såg Faye-Hansen seg nøydd til å starte nytt arbeid i Israel. Faye-Hansen, Per. «Trenger Israel misjonen?». *Dagen* 12. mars 1960.

<sup>259</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 253; Fjeld, Bjørn Øyvind. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 60.

<sup>260</sup> I følgje Johansen skal Faye-Hansen allereie i 1945 knytt saman den aukande innvadringa av jødar i Palestina, draumen jødane hadde om ein ny stat, og Gud sin plan for jødefolket i endetida. Dette tyda på at landet Israel var i emning. Han meinte at det nye Israel ville bli eit kraftig døme på oppfyllinga av profetiane. Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 251-252, 254.

<sup>261</sup> Johansen, *Jødefolket inntar en særstilling*: 254.

mellan Michelsen og Berg denne hausten i *Dagen*.<sup>262</sup> Michelsen meinte Israelteologien leda kristne vekk frå hovudkjernen i Bibelen, det vil seja Jesus og han sin rolle i Bibelen. Vidare skreiv Michelsen at av det han hadde hørt av dei som var tilhengjarar av Israel-teologien, så vart Israel si krigføring sett gjennom ei «heilag-kriegs-ideologi».<sup>263</sup> Sett saman med at fleire av Israelteologien sine tilhengjarar meinte jødane ikkje trengte misjon, hevda Michelsen at teologien hadde ein tankebygning som innehaldt alvorlege skeivheiter.<sup>264</sup> Arthur Berg svara Michelsen, og skreiv at når ein snakka om profetiane som theologiske spørjemål, er han samd i at det er hove for ei drøfting av dei. Berg reagerte derimot på at Michelsen i si åtvaring mot Israel-teologien samstundes fordømte Israel. Når Michelsen tok indirekte parti med PLO, og krav godkjenning av PLO og ein PLO-dominert stat i Judea, Samaria og Gaza-området, meinte Berg at det måtte vere noko gale med både teologien og logikken til Michelsen.<sup>265</sup>

For Berg vart kritikken Michelsen kom med svært einsidig. Målet til Berg var ikkje å overtyde Michelsen theologisk, sjølv om dei to ikkje delte eit lik syn på profetiane. Problemet for Berg var at Michelsen, i si åtvaring mot å overføra landprofetiane i gamaltestamentet på situasjonen i Midtausten, samstundes kritiserte Israel si framferd under Libanon-krigen. «[...] heller ikke vi nordmenn har noe slikt [land]løfte. Og dog forsvarte vi oss så godt vi kunne mot den tyske okkupasjonen under den andre verdenskrigen», skriv Berg.<sup>266</sup> Eit land må ha lov til å forsvara seg når det blir angrepet, noko Berg meinte Israel vart i dette tilfelle. Ved å kritisera Israel, meinte Berg at Michelsen ikkje skjønte hovudproblemene i konflikten for Israel. Når det kom til stykke, meinte Berg at konflikten var eit spørjemål om moral. Skulle jødane få bu i eit trygt Israel eller ikkje? Berg hevda at PLO var Israels dødsfiende. Legitimerte ein PLO, men samstundes fordømte Israels forsvar av sine grensar, hevda Berg at kristne strida med Bibelen sin moral.<sup>267</sup> Slik Berg legg det fram meinte han det vart ein form for dobbelmoral. Ein godkjente den eine parts kamp, samstundes som ein fordømte den andre parts kamp.

Michelsen skreiv tilbake at det vart feil, slik Berg la det fram, at Israel-teologien ikkje kunne bli utfordra på eit teologisk plan. Han meinte at Berg brukte landlovnadane som sitt

<sup>262</sup> Det heile starta med tre leiarartiklar i *Dagen* mellom 7. august og 10. august 1982. Totalt vart det 10 kronikkar mellom dei, kor den siste kom kronikken vart publisert 2. desember 1982.

<sup>263</sup> Omgrepene heilag krig kan sporast langt tilbake i historia, og har funne stad i fleire kulturar. Som oftast blir dette forbundet med ei krigføring som blir motivert av eit religiøst grunnlag.

<sup>264</sup> Michelsen, Leif M. «Kristenfolket og Israels-teologien». *Dagen* 18. august 1982; Michelsen, Leif M. «NT lærer ikke en dobbelt løfteoppfyllelse». *Dagen* 11. september 1982.

<sup>265</sup> Berg, Arthur. «Kristenfolket, profetiene og Israel». *Dagen* 10. august 1982.

<sup>266</sup> Berg, Arthur. «Kristenfolket, profetiene og Israel». *Dagen* 10. august 1982.

<sup>267</sup> Berg, Arthur. «Kristenfolket, profetiene og Israel». *Dagen* 10. august 1982.

argumentasjonsgrunnlag for den politiske vurderinga av staten Israels rett til eksistens. Om folk ikkje delte Berg sitt Israel-teologiske syn, vart ein til ein politisk fiende av Israel.<sup>268</sup> I Bergs neste innlegg skreiv han at han ikkje hørde til dei som bygga sine politiske kommentarar til Midtausten-konflikten på profetiane. Ei heller meinte han at teologien Michelsen fremja var ei vranglære. Derimot meinte Berg at ein kvar kristen, uavhengig av kva tolking av profetiane ein held seg til, er plikta til å kjempa for staten Israel sin eksistens. Berg grunngav dette med at denne staten er jødane sitt einaste alternativ til øydeleggingar og hat retta mot jødane sitt liv og eigedom.<sup>269</sup> Berg meinte at den auka kritikken mot Israel, både blant kristne og samfunnet elles, ville fyra opp om dei kreftane som kjempa mot staten Israel sin eksistens.<sup>270</sup>

Eit anna problem Arthur Berg hadde med teologien Leif M. Michelsen fremja var konsekvensen den fekk for den judeo-kristne arva. Jødane var dei som tok i mot Bibelen, og deretter vidareformidla den til andre folkeslag. Med dette meinte Berg at kristne hadde arva Bibelen og det kristne kulturgrunnlaget frå jødane. På same vis meinte Berg at «bedehuskulturen» var ein sektor i den judeo-kristne kulturen. Frå denne har bedehusfolket henta ei motstandskraft til å stå opp for dei kristne verdiane. I festskriftet i anledning Kåre Kristiansen sin 70-årsdag skreiv Berg at den motstandskraft bedehusrørsla har vore kjent for prega Kristiansen sitt virke som politikar. Berg meinte den kan ha vore ein grunn for at Kristiansen i 1994 trakk seg i protest frå Nobelkomiteen på grunn av tildelinga av fredprisen til Yassir Arafat.<sup>271</sup>

Det kan virke som at den bedehuskulturen som i følgje Arthur Berg hadde prega Kåre Kristiansen, stod i fare for å miste sitt fotfeste i Noreg. Før denne debatten mellom Leif M. Michelsen og Berg, hadde det norske samfunnet vore prega av debatten om ein ny abortlov. Når den nye abortlova tredde i kraft, vart dette for mange eit teikn på kor langt vekk

<sup>268</sup> Michelsen, Leif M. «Kirstenfolket og Israels-teologien». *Dagen*. 18. august 1982. Michelsen var ikkje åleine om å meine at *Dagen* var einsidig i sine innlegg om Israel-Palestina-konflikten. Våren 1983 fekk Berg tilsendt eit brev med eit vedlagt inserat til avisas. Innsendaren retta sterkt kritikk mot det han kalla «et skred av antipalestinske innlegg» og at den israelske ambasaden hadde fått plass i *Dagen* sine spaltar for «zionistpropagandainnlegg og -artikler». Han hevda det var ei vaksande misnøye blant kristne om det han kalla et misbruk av kristendommen for «zionistpropagandaøyemed». Innsendaren holdt med Michelsen i at det ikkje er bibelsk belegg for å seia at opprettinga av staten Israel var ei oppfylling av gamaltestamentlege profetiar. Lunde, Tjerand. «Til alle i *Dagens* redaksjon». Bergen Byarkiv. Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db 16, 5. mars 1983.

<sup>269</sup> Berg, Arthur. «Israels folk og Israels land (1)». *Dagen* 25. august 1982; Berg, Arthur. «Israels folk og Israels land (2)». *Dagen* 3. september 1982.

<sup>270</sup> Berg, Arthur. «Israels folk og Israels land (1)». *Dagen* 25. august 1982; Berg, Arthur. «Israels folk og Israels land (2)». *Dagen* 3. september 1982.

<sup>271</sup> Berg, «Bedehus-kulturen i norsk politikk»: 123-124.

politikarane hadde kome frå den judeo-kristne arva. 1970-talet vart som tidlegare nemnt ei brytningstid på fleire plan, og den pietistiske kristendommen sitt fotfestet byrja å miste taket i det norske samfunnet. Denne tendensen arbeidde Berg aktivt imot, noko som debatten med Michelsen blant anna synte. I følgje Svein Brurås skal Berg ha kjent seg i slekt med jødefolket.<sup>272</sup> Sett saman med ein tanke om at dei kristne hadde arva sin kultur frå jødefolket, og derav burde kjenna seg plikta til å forsvara sine slektningar, er det ikkje rart Berg ytra seg sterkt mot kritikarar av Israel.

I motsetnad til Arthur Berg, var ikkje Leif M. Michelsen av den same oppfatninga av at ein problemfritt kunnne likestille jødisk og kristen tru når det gjaldt gudstru, openberringssyn og forløysing.<sup>273</sup> Om ein gjorde det, var det ikkje rart Berg at «tenker så smått om Jesu sentrale plass i frelseshistorien», skreiv Michelsen. «For denne tanke truer den enhet mellom den jødiske og kristne arv som er et av hans hovedanliggender».<sup>274</sup>

Til dette svara Berg at «dersom nemleg kristendommen trur han greider seg like godt eller betre utan dei jødiske røtene, meiner eg tvertom at då synda Kyrkja. Kristus kalla G.T. for Skrifti og sa at ho ikkje kan gjerast om inkje.»<sup>275</sup> Vidare sa Berg at han ikkje vedkjenna seg den «enhet mellom den jødiske og kristne arv» som Michelsen skulda han for ved å gjera Jesus sin plass mindre i Guds frelsingsplan. Men at Jesus og hans soningsverk i NT skulle avløysa landlovnaden til Israel i GT og jødane, er noko Berg ikkje var samd i.<sup>276</sup> Denne samanføyninga av eit erstatningsteologisk bibelsyn og Israel-kritikk som Berg meinte Michelsen gjorde, strida mot det Berg sjølv såg på som ein «kristenplikt». Berg meinte kristne plikta å støtte opp om visse sakar i kall av å vere kristne. Dermed handla ikkje ein stønad til Israel om kva bibelsk overtyding kristne hadde, men om ei overordna plikt alle kristne hadde til å forsvara den judeo-kristne arva. Slik Berg la det fram, vil eg hevde fleire blant Israelvenene tenkte, og framleis tenker, om sitt forsvar av Israel. For å bruke Arthur Berg sine eigne ord; om kristne ikkje anerkjenner den jødisk-kristne arva og støttar opp om jødane og Israel, driv kristne med ættesvik.

---

<sup>272</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 117.

<sup>273</sup> Ordet *forløysing* er eit uttrykk brukt i Bibelen til å beskrive den endelege frelse og frigjering frå alt vondt; frå synd, død og vonde maktar. Store norske leksikon, «Forløsning». 2. juli 2019, henta frå <https://snl.no/forløsning - kristendom>.

<sup>274</sup> Michelsen, Leif M. «Farlig Kristosentrismen? (1)». *Dagen* 27. oktober 1985.

<sup>275</sup> Berg, Arthur. «Israel og landlovnadene (1)». *Dagen* 1. desember, 1982.

<sup>276</sup> Berg, Arthur. «Israel og landlovnadene (1)». *Dagen* 1. desember, 1982.

Debatten mellom Leif M. Michelsen og Arthur Berg førte ikkje til ei semje mellom dei to om kva som var den rette tolkinga av dei gamaltestamentlege profetiane. Gjennom denne debatten fekk ein sjå korleis dei, som representantar for to ulike leirar blant kristenfolket, tenkte om forholdet mellom staten Israel og Bibelen. Det kom tydeleg fram at Berg meinte Michelsen si tilnærming var farleg, og Michelsen visa versa. I følgje Berg plikta kristne, uavhengig av teologisk overtyding, å støtte Israel på eit moralsk grunnlag. Berg meinte at kristne skulda jødane si stønad, då kristne hadde arva Bibelen og den kristne kulturen frå jødane. Av den grunn måtte kristne taka seg i vare for å ikkje gjera seg skuldig i eit «ættessvik».

På denne tida var det norske samfunnet prega av mange nye kreftar som gjekk i opposisjon til den gamle kristne tradisjonen og den kristne kulturarva. Tendensen med at det norske samfunnet bevega seg vekk frå denne arva reagerte Arthur Berg ved fleire høve sterkt imot. I dette tilfelle var det Israel og jødane som skulle forsvarast. Berg hadde plikta seg til å vera lojal og trufast mot sine trusfrendar i bedehuset. Det kan tenkast at eit svik mot jødane var likestilt med eit svik mot både Berg sin far og bestefar, som begge i si tid hadde tala varmt om jødane. Eit svik mot jødane var i tillegg med dette òg eit svik mot bedehuskulturarva, noko Berg ikkje kunne tillata seg å gjere. Det som kunne virke som ei teologisk usemje, var frå Berg sitt perspektivet muleg heller eit spørjemål om å bevare den kristne identiteten til det norske samfunnet. I debatten mellom Leif M. Michelsen og Arthur Berg kan ein sjå at Berg i kristelege samanhengar var tydeleg på kvifor kristne burde støtte Israel. Det kjem òg fram at sjølv om Berg hadde eit bibelsk syn som kunne samsvara med Israelteologien, ville han ikkje legge dette til grunn for den politiske vurderinga av konflikten i Midtausten. Kva han la grunn for si politiske vurdering, er noko eg vil ta føre meg nå i neste del.

#### 4.3 «Den rettferdige krigen»

I debatten som gjekk føre seg i *Dagen* hausten 1982, hadde Leif M. Michelsen den oppfatninga av at Berg baserte si politiske vurdering av Midtausten-konflikten på landlovnadane i Bibelen. Sjølv om det er lite tvil om at engasjementet for saka stamma frå ei bibelsk overtyding, skreiv Berg sjølv at han ikkje la dette til grunn for dei politiske vurderingane. Han brukte ikkje mykje tid på greie ut om kva han la i dette, då dette hovudsakleg var ein teologisk debatt. Derimot viste Berg ved fleire anledningar til krigsetikken når han skulle forsvara Israel sin kamp. I kronikken frå 1. desember 1982 skriv Berg at «[...]for min del har eg meint at Israel har ført *rettferdig* krig. [...] Den rettferdige

forsvarskrigen har eg forsvara, og skjemmest ikkje over det».<sup>277</sup> I ein publikasjon utgjeven i forbindelse med den kristne skuleungdom- og studentorganisasjon Laget sitt 50-årsjubileum, skreiv Berg at i møte med ein krig, kan ein kristen etter «vår vedkjenning»<sup>278</sup> vera soldat om krigen er rettferdig.<sup>279</sup> Kva er så ein rettferdig krig? Ved fleire anledningar blir denne tradisjonen tatt opp og diskutert i *Dagen*, både frå leiarplass og frå spalteplass. Av den grunn meiner eg er det naudsynt å sjå nærmare på kva denne tradisjonen er, óg kvifor Berg meinte den var eit legitimt argumentasjonsgrunnlag for sin politiske vurdering av Midtaustenkonflikten.

Krigføring er noko som kan finnast døme på svært langt tilbake i historia. Statar, regentar og politiske aktørar har ofte sett på krig som ei løysing på konfliktar og spenningar med ein motpart. Parallelt med krigføringa som har funne stad opp gjennom historia har det òg vore diskusjon om etikk i møte med krig. Spørjemål ein har stilt seg har til dømes vore kva som skal til for at ein skal få fred, kva faktorar som skal ligge til grunn for at ein går ut i krig, korleis ein skal handle i krig og kva ein skal gjere når krigen er slutt. Feltpresten Nils Terje Lunde samanfattar det heile med eitt spørjemål; kan krig på nokon som helst måte legitimerast?<sup>280</sup> Det er i utgangspunktet ei handling som ikkje blir mindre galen, sjølv om ein prøvar å gjera den på ein mildare og omsynsfull måte. Likevel er krig det som, reint faktisk, eller empirisk om ein vil, blir løysinga på mange konfliktar, før som nå.

I debatten får ein ofte presentert to ytterpunkt når det gjeld krig. Nokre held fast på synet på krig som eintydig negativt, og meiner den står som kontrast til liv og fred. Her finn ein dei som blir kalla *pasifistar*. I motsett ende har ein dei som blir kalla *militaristar*, som ser på krig som eintydig positivt og ein del av det menneskelege liv og fellesskap.<sup>281</sup> Filosofen Henrik

---

<sup>277</sup> Berg, Arthur. «Israel og landlovnadene (1)». *Dagen*. 1. desember, 1982.

<sup>278</sup> Her siktar han til den lutherske vedkjenninga.

<sup>279</sup> Berg, Arthur. «Den kristnes politiske aktivitet». I *Vår tid og Bibelens tale*. Redigert av Michelsen, Leif. M., Arnfinn Skaaheim, Ove Conrad Hanssen, Carl Fr. Wisloff, Bjørn Willoch, Svein Helland, Ole Øystese, Arthur Berg og Einar Solli. *Vår tid og Bibelens tale*. (Oslo: Credo Forlag/Luther Forlag, 1974): 166.

<sup>280</sup> Lunde, Nils Terje., «Krigens legitimitet». I *Militærretikk*, redigert av Lunde, Nils Terje. & Bård Mæland. (Trondheim: Tapir Akademiske Forland, 2006): 71.

<sup>281</sup> Lunde, «Krigens legitimitet»: 73. Raag Rolfsen brukar óg desse som grunnlag for å sette opp eit motpolforhold når det gjeld syn på krig. Rolfsen, Raag. «Rettferdig krig i vår tid». I *Etikk og militärmakt*. Redigert av Lunde, Nils Terje & Janne Haaland Matlary. (Oslo: Gyldendal Akademisk, 2009): 163-164. Filosofen Henrik Syse brukar pasifisme og politisk realisme som motpolforhold. Han påpeikar, i motsetnad til Lunde, at det er ulike gradar innanfor desse to retningane. Eit døme på dette er at han kallar det pasifistiske ytterpunktet for *absolutt pasifisme*. Syse, Henrik. *Rettferdig krig? : Om militärmakt, etikk og idealer*. (Oslo: Aschehoug, 2003): 21-23. For denne oppgåva meiner eg at motpolane pasifisme og militarisme er mest hensiktsmessig å bruke, og vil derfor forholda meg til desse.

Syse skriv at i somme tilfelle må desse ytterpunktta bli utfordra. Til pasifisten spør han korleis det ville gått om Hitler ikkje vart kjempa mot. Likeeins spør han militaristen om det er slik at så lenge eigeninteressa blir bevart, så er alt i krig tillate.<sup>282</sup> I dette landskapet, midt mellom desse ytterpunktta, argumenterer Syse, Nils Terje Lunde og den tidlegare sjefen for Feltprestkorpssets fagavdeling, Raag Rolfsen, for at «rettferdig krig»-tradisjonen posisjonerer seg. Dei meiner den representerer ein middelweg desse ytterpunktta kan møtast på.<sup>283</sup>

Blant tradisjonar i krigsetikken er «rettferdig krig»-tradisjonen ein av dei eldste formane for korleis ein skal tenke om krig. Tradisjonen sin grunnleggjar blir ofte rekna for å vere kyrkjefaderen Augustin<sup>284</sup>, men andre tenkarar som Thomas av Aquinas og Hugo Grotius er òg rekna til å bidrige til å utvikle denne tradisjonen. I dag er det særleg, i internasjonal samanheng, Michael Walzer med boka *Just and Unjust Wars* som er blitt leiande for debatten for defineringa av rettferdig krig.<sup>285</sup> Her til lands aktualiserte debatten om krigen sin legitimitet seg ved NATO-aksjonen i Kosovo i 1999. Av denne vart det klart at det eksisterte eit behov for klargjering av krava som bør ligge til grunn for norsk deltaking i og bruk av militærmakt.<sup>286</sup> I kjølvatnet av dette kom blant anna boka *Rettferdig krig* av Henrik Syse. I norsk samanheng er det særleg han som har kome med viktige bidrag til forståinga av rettferdig krig, då særleg med nettopp denne boka frå 2003.

«Rettferdig krig»-tradisjonen bygger på eit sett med kriterier for kva som legitimerer retten til å gå i krig (*Jus ad bellum*), og eit sett kriteriar for kva som er moralsk rett krigføring når krigen er eit faktum (*Jus in bello*). Desse to omgrepene er dei ein som oftast omtalar når ein snakkar om denne tradisjonen. Ein har òg innlemma ein tredje kategori som omfattar kriterier for overgangen frå krig til fred (*Jus post bellum*). Den sistnemnte er noko Henrik Syse blant anna meiner at ein burde operera med i tillegg til dei to førstnemnte. Fleire katastrofale krigar

---

<sup>282</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 39-40.

<sup>283</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 39-40; Lunde, «Krigens legitimitet»: 73; Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 164.

<sup>284</sup> Sjølv om han blir kalla grunnleggjaren, presisere Reichberg, Syse og Begby at det er ein ganske enkel og generøs kreditering. Dei hevder Augustin berre bygga på tidlegare teoriar. Augustin skal heller aldri ha systematisert tankane sine om krig, fred og konflikt. Dette var det tenkarar etter han som gjorde. Derimot la Augustin grunnlaget for det mange etter han har bygd sin forståing av denne tradisjonen på, noko som gjere han særskilt viktig for arbeidet til seinare tids tenkarar. Reichberg, Gregory M., Henrik Syse & Endre Begby. *The ethics of war*. Blackwell Publishing, 2006: 70; Clark, Gillian. «Desires of the Hangman: Augustine on Legitimized Violence». I *Violence in late Antiquity: Preceptions and Practices*, redigert av Harold A. Drake (Aldershot: Ashgate, 2006): 137. Rettferdig krig-tradisjonen har over lang tid blitt utvikla og arbeidd med av fleire tenkarar. Dermed blir det å peika ut ein spesifikk grunnleggjar vanskeleg. Det er kanskje nettopp dette som gjere denne tradisjonen legitim og rettmessig for ein diskusjon om etikk rundt krig.

<sup>285</sup> Sagdahl, Mathias. «Rettferdig krig». *Store Norske Leksikon*. Henta 25.02.2020. frå

[https://snl.no/rettferdig\\_krig#-Litteratur](https://snl.no/rettferdig_krig#-Litteratur); Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 164

<sup>286</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 9.

kan seiast å ha sitt opphav i manglande rettferd etter ein tidlegare krig.<sup>287</sup> Derimot er ikkje Jus post bellum ein kategori som er like mykje arbeidd med som dei førstnemnte. Ei heller er det ei semje om kva prinsipp som skal ligge til grunn for å operasjonalisera han.<sup>288</sup> Av den grunn vil eg vil hovudsakleg forholda meg til dei to førstnemnte.

I *Rettferdig krig* har Henrik Syse seks kriterium som gjeld for *jus ad bellum* og to for *jus in bello*. For *ad bellum* er kriteria *legitim autoritet*, *rettferdig grunn*, *rett intensjon*, *proporsjonalitet*, *siste utveg* og *rimeleg håp om å lukkast*.<sup>289</sup> Dei to kriteria Syse opererer med for *jus in bello* er *proporsjonalitet* og *differensiering*.<sup>290</sup> Det har blitt fremja andre, men han har lagt hovudvekt på desse for dei to kategoriane, og eg vil følgje Syse sin definisjon i mi vidare drøfting av desse omgrepene.<sup>291</sup> Raag Rolfsen skriv at sjølv om det ikkje er total semje innanfor tradisjonen, eksisterer det likevel i stor grad semje om desse kriteria.<sup>292</sup> Både Nils Terje Lunde og han tek i sine kapittel i stor grad utgangspunkt i Syse sine definisjonar. Vidare vil eg også forholda meg til desse, då de gjer ei god avklaring av korleis «rettferdig krig»-tradisjonen blir brukt, og korleis Arthur Berg tala om desse.

Når det gjeld kriteria for *jus ad bellum*, vil Henrik Syse seie at *legitim autoritet*, *rettferdig grunn* og *rett intensjon* er dei viktigaste kriteria. Grunnen for dette er at Syse meiner at om ein ikkje kan utgreie for autoriteten til, grunnen for eller intensjonen med å ta i bruk militärmakt, er det meiningslaust å diskutere dei andre kriteria.<sup>293</sup> *Legitim autoritet* omhandlar kravet om at våpenbruk berre er legitimt om avgjersla blir gjort av staten sin øvste autoritet<sup>294</sup>. Syse skriv at militæret til dømes ikkje kan gripa til våpenmakt ved ein krigssituasjon på eiga hand. Likevel er ingen regel utan unntak. Om ein kommandant ved ei grensefestning ser at ein står i fare for invasjon, må han ikkje vente på autorisasjon frå statsleiinga for å agere på aggressjonen. Dette følgjer underforstått av situasjonen sitt prekære behov for ein rask

---

<sup>287</sup> Syse, *Rettferdig Krig*: 152. Eit døme han brukar er etterspelet og krigsoppgjeret etter første verdskrig, som var med og la grunnlaget for nasjonalistane sin auka tilslutnad.

<sup>288</sup> Sagdahl, Mathias. «Rettferdig krig». *Store Norske Leksikon*. Henta 24. februar 2020 frå [https://snl.no/rettferdig\\_krig#-Litteratur](https://snl.no/rettferdig_krig#-Litteratur); Bass, Gary J. "Jus Post Bellum." *Philosophy & Public Affairs* 32, no. 4 (2004): 384.

<sup>289</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 68.

<sup>290</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 131.

<sup>291</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 68.

<sup>292</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid?»: 164.

<sup>293</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 105.

<sup>294</sup> Syse, Henrik. «Legimitet og allianser – noen etiske etertanker». I *Selvstendig og beskyttet: Det stormaktsgarantere Norge fra Krimkrigen til NATO*, redigert av Roald Berg (Bergen: Fagbokforlaget, 2008): 153-154.

avgjersle.<sup>295</sup> Sett bort frå slike tilfelle, skal avgjersla om våpenbruk i følgje Syse takast av den øvste autoritet i staten som har ansvar for folket sitt ve og vel.<sup>296</sup>

Det neste kriteriet i *jus ad bellum*-kategorien er *rettferdig grunn*. For at ein skal kunne ta i bruk våpenmakt, krev det at ein har ein rett grunn.<sup>297</sup> Henrik Syse skriv at ein må kunne grunngje sine handlingar på anerkjente og forsvarbare premiss.<sup>298</sup> Det som dei fleste har kunne sagt seg samde i kan vere ein rettferdig grunn, er sjølvforsvar mot ein aggressiv part.<sup>299</sup> Likevel eksisterer det nokre dilemma ved dette punktet. Raag Rolfsen problematiserer skilja på kva som kan vere ein legitim rett grunn eller ikkje. Døme han trekkjer fram er når den eine part er eit urettferdig eller illegitimt regime. Kan ein utan ein rett og legitim autoritet ha ein rettferdig grunn til å forsvere seg, eller mobilisere befolkninga til krig mot ein fiende?<sup>300</sup> Satt i kontekst av Midtausten-konflikten, ville nokre hevde at PLO ikkje handla som ein legitim autoritet for det palestinske folk. Derav vart det sett spørjeteikn ved Israel sine sjølvforsvarsaksjonar mot PLO, då PLO i utgangspunktet ikkje handla som ein legitim autoritet.<sup>301</sup> Syse skriv at forutan om sjølvforsvar har ein òg operert med tre ytterlegare grunnar for legitim våpenbruk i internasjonal politikk; å hjelpe menneske som blir utsatt for urettferdige åtak, å straffe dei som har gjennomført desse åtaka på seg sjølv eller andre, og krig for religion.<sup>302</sup> Den første av desse er gjerne i moderne tid blitt kalla *humanitær*

---

<sup>295</sup> Syse, «Legitimitet og allianser»: 154.

<sup>296</sup> Ei anna side med definisjonen av autoritet som har blitt aktualisert i vår eiga tid er forholdet mellom stat og ein allianse. Noreg er til dømes medlem av forsvarsalliansen NATO. Gjennom denne alliansen er Noreg forplikta til å forsvara eit anna medlemsland om det blir angrepet. I dette møter ein utfordringa ved at autoriteten over militärmakta kan bli flytta utanfor landegrensene og ut av statsleiingas hender. Av dette kan ein anta to ting, meiner Syse. Den første er at autoriteten blir tredelt mellom den eller dei statar som skal bruke soldatane, staten som sjølv blir angrepet, og har interesse av å bruke soldatane og alliansen som heilheit. Den andre er at våpenmakta først og fremst skal brukast til sjølvforsvar og for statane sin felles interesse. Utfordringa her, skriv Syse, blir når den siste blir problematisert. Syse, «Legitimitet og allianser»: 154. I leiarkommentaren frå 30. juli 1970 skriv Berg om ein amerikansk løytntan som nekta å delta i konflikten i Vietnam. Han grunngav dette med at han såg på krigen som urettferdig, og ville dermed handle i strid med sitt samvit. Berg meiner denne saken syner Noreg sin ståstad. Spørjemålet om krigen er rettferdig eller ei, er noko NATO-politikarane skal avgjera «med bindende virkning for enhver individuell samvittighet». Berg meiner det er skammeleg at ein krigs rettferd eller urettferd ikkje blir avgjort av Noreg sjølv, men av NATO-politikarar. «Urettferdig Krig». *Dagen* 30. juli, 1970. Berg var klar over utfordringane med autoritetsomgrepene, og var ikkje begeistra for Noreg sitt NATO-medlemsskap. Slik som med EU-medlemsskapet, var dette noko som påverka Noreg sitt sjølvstende.

<sup>297</sup> Syse, «Legitimitet og allianser»: 155.

<sup>298</sup> Syse, «Legitimitet og allianser»: 155.

<sup>299</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 85-86; Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 173.

<sup>300</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 174.

<sup>301</sup> Berg hevda ved fleire høve at PLO heller misbrukte sivile i sin kamp mot Israel. Sentralstyret i KrF ba i 1976 Israel om å stoppe alle aksjonane mot dei palestinske flyktningeleirane i Libanon, då dei gjekk utover sivile. I tillegg ba KrF om PLO må slutte å drive militær eller anna terrorverksemد med leirane som utgangspunkt. Etter å ha blitt driven ut av Jordan hadde PLO etablert ny hovudbase i desse leirane. Berg var ikkje samd i KrF, og meinte at det først og fremst var «palestinerenes kyniske misbruk av flyktningeleirane» som var det som måtte stoppast. Om ein fekk slutt på dette misbruket, ville Israel sine aksjonar falle bort av seg sjølve. «Symptom-helbredelse». *Dagen* 1. september 1976.

<sup>302</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 86.

*intervensjon.* Humanitær intervension omhandlar eins legitime rett til å gripe inn i forsvar for andre der den lokale myndigkeit ikkje kan eller vil gripe inn.<sup>303</sup> Israels intervenering i Libanon vil nokre, deriblant Arthur Berg, hevde vart gjort av humanitære årsakar.<sup>304</sup> Den neste, straff som rettferdig grunn, meiner Henrik Syse har endra seg frå tidlegare tiders tanke om dette som grunn nok til å ta i bruk av våpenmakt. I dag kjem denne gjerne til uttrykk gjennom krigsrett i den internasjonale straffedomsstolen for statsleiarar og militære leiarar, kor straffa blir idømd den autoritet som utøvde krigsbrotsverket.<sup>305</sup>

Eit døme på straffeforfølgde og dømde overtredarar av dei internasjonale reglane for straff-fri krigføring, er islamske ekstremistsgruppars «heilag krig», òg kalla *jihad*. Målet med den krigføringa som det her gjeld, er å etablere ein islamisk stat, islamistisk politikk og religiøs autoritet gjennom væpna kamp på tvers av landegrensane.<sup>306</sup> Ser me tilbake til diskusjonen mellom Arthur Berg og Leif M. Michelsen, meinte Michelsen at mange Israel-forsvarar representerte ein «heilag-krig-ideologi». Han meinte at mange av desse godkjente alle (væpna) handlingar så lengte det tente Israels sak. Til desse høyrt ikkje Berg til.<sup>307</sup>

Til nå har eg gått gjennom rett autoritet og rettferdig grunn. Den siste av dei tre grunnleggjande *jus ad bellum*-kriteria Henrik Syse opererer med er *rett intension*. Dette punktet omfattar på eine sida kva hensikta med våpenbruk er, og på den andre sida kva som er

---

<sup>303</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 92.

<sup>304</sup> Berg reagerte på manglande vilje til å vise solidaritet til dei kristne i Libanon. Utan at Israel intervenerte, ville dei kristne bli utsatt for folkemord. Dette uttrykka han ved fleire høve. I ein leiarartikel frå juli 1978 seier han at amerikanarane rådar Israel til å ikkje intervenera, noko som tydar på at dei vil la syrerane meie ned den kristne libanesiske minoritet. Israel er einaste forsvaret dei har, meinte han. «Eit uinteressant folkemord». *Dagen* 27. juli 1978. Det same gjentek han 1. september, kor han meiner den norske opinonen er meir opptekne av dei kristne assyrarane og palestina-araberane enn dei kristne libanesarane. På denne tid fekk kristne assyrarar opphaldstillating grunna undertrykking i Tyrkia. Berg spør kvifor ikkje dei kristne libanesarane får det same, når dei er trua på livet. «Fra Assur til Libanon». *Dagen* 1. september 1978. Kritikken gjentek han óg i 1981, kor han meiner verdsopinonen er meir oppteken av å kritisera verjarane (Israel) enn utføraren (dei syriske [freds]troppane). Han siterer den israelske utanriksministeren Jitzhak Sjamir, som skal ha sagt at Israel ikkje lenger kan sitja med armane i kross og sjå på syriske troppar massakrere kristne libanessarar. «Libanon-konflikten testar moralen vår». *Dagen* 25. april 1981. Som ein kan sjå her, kan det sjå ut til at Israel sin intervenering er legitim ut frå eit prekært humanitært høve, grunna manglande lokal evne til å beskytte ein utsatt minoritet.

<sup>305</sup> Syse, *Rettferdig grunn*: 96.

<sup>306</sup> Leraand, Dag. «Jihadist». *Store Norske Leksikon*. Henta 26. februar 2020 frå <https://snl.no/jihadist>. Det er usemje om kva jihad omfatter. Krig er i utgangspunktet noko som er tillate mellom muslimar, og nokre få kan akseptere det i form av ein forsvarskrig. Vogt, Kari. «Jihad». *Store Norske Leksikon*. Henta 26. februar 2020 frå <https://snl.no/jihad>

<sup>307</sup> I ein leiar Berg skreiv om massakren i Sabra og Shatila, frigjorde han ikkje Israel for å ha medvirka i dette brotsverket. Han skreiv i denne leiaren at både Begin og den israelske hæren «kan kritisera dersom det kan påvisast at dei ikkje har gjort sitt beste for å hindra brotsverki». Han ville derimot ikkje fordøma Israel, slik store delar av verdsopinonen gjorde. Til det var for få detaljar kjende. Om Israel skulle visa seg å vere medansvarleg, ville han uttrykke streng kritikk mot Israel, men ikkje fordømme Israel. «Eit massedråp som verdi fordømer». *Dagen* 21. september 1982.

motivasjonen og sinnelaget til den som vil ta i bruk våpen.<sup>308</sup> Intensjonen bør vere tydeleg definert, seier Syse. Vidare seier han at den skal ikkje vere motivert av ein eigeninteresse som har eit aggressivt siktemål som går på kostnad av andre statar eller tryggleiken og fridomen til andre menneske.<sup>309</sup> Satt i forhold til rettferdig grunn, summerar Syse det slik; «Det skal være samsvar mellom årsaken til at man går til krig («rettferdig grunn»), og den hensikten man har med krigshandlingene («rett intensjon») – den sistnevnte skal ikke være i konflikt med den første.»<sup>310</sup> Sett at årsaken for krigen var å opprette ein varig fred, men at ein i tillegg hadde som hensikt å tilegne seg ressursrike områdar i prosessen, kjem desse to i konflikt. Sjølv om grunnen var rettmessig, er intensjonen noko som kan gå på kostnad av den andre part, og dermed ikkje rettvis.

Etter desse tre hovudpunktta, kjem kriteria som omhandle *proporsjonalitet, siste utveg* og *rimeleg håp om å lukkast*. Den første av desse seier noko om kor vidt krig som verkemiddel står i forhold til kva ein vil oppnå. Om øydeleggingane blir for store, eller om reaksjonen ikkje står i forhold til det ein reagerer mot, vil våpenbruk bli uproposjonalt.<sup>311</sup> Likevel er det nokon som vil hevda at ein involvering med uproposjonal våpenmakt kan vere verknadsfullt. Raag Rolfsen seier at i tilfelle kor ein vil stoppe ein krig, og dermed óg øydeleggingane, kan ein uproporsjonal våpenbruk vere hensiktsmessig. Sivilbefolkinga kan med dette bli skjerma frå lidingane ein langvarig krig ville påført.<sup>312</sup> Konsensusen om dette punktet er likevel at uproporsjonal våpenbruk er noko som bør bli unngått. Det same kan seiast om bruk av ikkje-konvensjonelle våpen som kjernefysiske, biologiske og kjemiske stridmidlar, ofte kalla ABC-våpen<sup>313</sup>. Slike våpen vil nok fleire med meg seie at det aldri er akseptabelt å bruke dei. Sjølv om proporsjonalitets-kriteriet til ein viss grad kan legitimere bruken av overdriven våpenmakt, blir utfordringa stor viss feil folk får tak i desse våpna. I ei tid kor det eksisterer fleire uavhengige militante grupperingar som opererer med heilt andre

---

<sup>308</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 96-97.

<sup>309</sup> Syse, «Legitimitet og allianser»: 158.

<sup>310</sup> Syse, «Legitimitet og allianser»: 158.

<sup>311</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 106-107.

<sup>312</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 179. Arthur Berg var ikkje tilbøyelag til å bruke uttrykket «rettferdig krig» om bruken av atomvåpen. «For den (atom-krig) er i prinsippet en krig som retter seg mot menneskeheten, og ikke bare mot urettferdigheten». «Rettferdig krig». Dagen 5. august 1966. Atomvåpen har ein kraft som er grenselaus, og som kan ramme «både venner og fiender». Konsekvensane ved bruk av desse våpna er for store, slik Berg ser det. Han meiner at dei som ikkje tek konsekvensane på alvor, har «en temmelig slepphendt intellektuell og etisk moralitet». Brurås, *Arthur Berg*: 107. Sjølv om Berg ikkje var nokon pasifist, gjekk det ein grense med bruk av ABC-våpen.

<sup>313</sup> ABC kjem av den engelske ekvivalenten av kjernefysisk, biologisk og kjemisk, som blir orda atomic, biological og chemical.

premiss og moralske og etiske vurderingar, må ein ta stilling til kor vidt slike våpen skal eksistere.<sup>314</sup>

For *siste utveg-kriteriet* ligg forklaring i namnet. Krig skal alltid vere siste alternativ. Beslutningstakaren skal ha vurdert alle tenkelege alternativ og metodar for å løyse opp den aktuelle konflikten før ein vel å gripe til våpenmakt.<sup>315</sup> Raag Rolfsen seier at dette kriteriet skal vere ein påminning om at konfliktar skal løysast på lågast mogleg konfliktnivå.<sup>316</sup> Likevel, slik som proporsjonalitet-kriteriet, kan ein argumentere for at krig eller våpenmakt i somme tilfelle burde blitt brukt på eit tidlegare tidspunkt. Her trekk Syse fram mellomkrigstida. Med første verdskrig friskt i minne, hevder han at ein insisterte på diplomati i møte med Hitler-Tyskland framfor våpenmakt. Denne strategien hadde mange tilhengjarar. I ettertid, skriv Syse, meiner mange dette gav Hitler rommet han trong til å byggje seg opp til å føre ein langvarig krig, noko som kunne ha blitt korta ned ved ein tidlegare intervenering.<sup>317</sup> Dette er ein slutning gjort i etterpåklokskapens namn. Det er lett å sjå tilbake i historia og å peike på det gale. Likevel kan dette vere eit døme på kor siste utveg-kriteriet kan utfordrast.

Det siste av *jus ad bellum*-kriteriar som Henrik Syse opererer med kallar han *rimeleg håp om å lukkast*. Det dette punktet skal vurdere om fred er mogleg å oppnå med våpenmakt. Viss det viser seg at det ikkje er mogleg, er det heller ikkje legitimt å ta i bruk våpenmakt. Raag Rolfsen argumenterer for at viss ein ikkje har håp om å lukkast, kan det hende at fred ikkje er hovudmotivasjonen til at ein ynskjer å gripe til våpenmakt.<sup>318</sup> Slik som Syse skriv, er ordet «rimeleg» eit ord som kan omfatte mangt, og som kan gjere det vanskeleg å definere kva som avgjere at handlinga var vellukka<sup>319</sup>. Av den grunn seier Rolfsen at dette kriteriet er vanskeleg å bruke, då krig er uføreseieleg, og ein kan ikkje med sikkerheit vite korleis den vil ende. I tillegg seier han at dette i grunnen er ei påminning om svakheitene med bruk av krig som eit middel i konfliktar.<sup>320</sup> Likevel er dette kriteriet med på å presisere alvoret av ei mogleg krigføring. Med tanke på kor katastrofale følgjer ein krig som regel får, må ein, saman med dei andre kriteria, tenkje nøye gjennom om ein vil lukkast med å gå til dette steget.

<sup>314</sup> I FN sitt arbeid for fred og sikkerheit i verda, er nedrusting av atomvåpen ein viktig del av arbeidet. Etter andre verdskrig har ein satt i verk fleire lovar mot utvikling og bruk av atomvåpen og andre masseøydeleggingsvåpen. FN-Sambandet, «Atomvåpen».

<sup>315</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 109; Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 179.

<sup>316</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 179.

<sup>317</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 109-110.

<sup>318</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 180.

<sup>319</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 114.

<sup>320</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 180.

Om krig viser seg å vere uunngåeleg og blir eit faktum, bevegar ein seg inn i *jus in bello*-kategorien. Som eg skreiv tidlegare, opererer Henrik Syse med to kriterier for denne kategorien; *proporsjonalitet* og *differensiering*. Proporsjonalitet-kriteriet blir gjenteke her med same premiss som i *jus ad bellum*. Raag Rolfsen formulerer det slik at det omhandlar «å legge til rette for en hensiktsmessig og legitim maktbruk uten at væpnet makt brukes unødig.»<sup>321</sup> På same måte som at ein gjer vurderingar før ein vel å gå i krig, må ein gjere vurderingar underveis i krigføringa rundt kor stor militærmakt ein skal gå inn med i dei ulike situasjonane. Differensiering<sup>322</sup> omhandlar at ein skal skilje mellom stridane og ikkje-stridande, og mellom sivile og militære mål.<sup>323</sup> Med dette punktet ynskjer ein å avgrense skadar og lidingar utanfor det naudsynte militære høvet. Desse to kriteriene seier i grunnen litt det same. Når ein tar slutning om at krig er einaste løysing, må den så langt det er mogleg avgrense bruk av unødig militærmakt.

Sjølv om hovudmålet her er å minimere bruken av militærmakt, eksisterer det tilfelle kor óg for liten bruk av militærmakt fører til større skade. Bård Mæland, som drøftar denne innfallsvinkelen, trekk fram massakren i Srebrenica i 1995, kor om lag 8000 bosniske menn vart drepne. Som eit døme på manglande maktbruk, kunne FN i dette tilfelle ha hindra denne massakren ved å intervenert med ein større styrke.<sup>324</sup> Ser ein på Midtausten-konflikten i lys av dette punktet, kan ein hevde at det var dette som skjedde i Sabra og Shatila-massakren i Libanon i 1982. Slik eg skreiv tidlegare måtte blant anna forsvarsminister Sharon fråtre sin stilling på grunn av det som vart oppfatta som manglande handlekraft og vilje til å stoppe falangistanes åtak. Her kunne ein tidlegare intervenering med våpenmakt gjort at dette vart unngått. Likevel er det viktig å presisere at det er enkelt å dra desse slutningane i ettertid, og desto vanskelegare å ta slike vurderingar i forkant av eit forsøk på å løyse konfliktar som står fram som uløyselege. Derimot er det nettopp slike tilfelle som får oss til å tenke nøyare gjennom korleis best mogleg skal handle i møte med liknande situasjonar i framtida.

---

<sup>321</sup> Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 182.

<sup>322</sup> Dette kriterier blir óg gjerne kalla *distinksjon*, *diskriminering* eller *skjelnekriteriet*.

<sup>323</sup> Syse, *Rettferdig krig*: 131; Rolfsen, «Rettferdig krig i vår tid»: 181. Mæland, Bård. «Militær maktanvendelse». I *Militæretikk*, redigert av Lunde, Nils Terje & Bård Mæland. (Trondheim: Tapir Akademiske Forland, 2006): 99.

<sup>324</sup> Mæland, «Militær maktanvendelse»: 100.

#### 4.4 Arthur Bergs tilnærming til Midtausten-konflikten

Gjennom oppgåva har eg til nå berre presentert brotstykke av Bergs tankesett rundt Israel og konflikten i Midtausten. Nå vil eg sjå nærmare på kva tankar som danna grunnlaget for hans argumentasjon i forsvar for Israel.

Som ei hjelp vil eg ta i bruk den tredelinga Svein Brurås gjorde då han skulle beskrive Arthur Berg sitt engasjement for Israel. Det første punktet omhandlar ein tanke om at den kristne vestlege kulturen har mykje å takke jødefolket for. Av dette folket har dei kristne fått sitt kulturgrunnlag, noko Berg ofte omtala som «den judeo-kristne (kultur)arva».<sup>325</sup> Dette var ein emne som blant anna vart teken opp i debatten mellom Berg og Michelsen. Som me såg der, åtvara Berg mot den forma for kritikk av Israel som Michelsen kom med. Berg meinte at kristne plikta til å støtte jødefolket, uavhengig av korleis ein tolka dei gamaltestamentlege profetiane. Berg meinte kritikken Michelsen la fram, og åtvaringa om å tolke dei gamaltestamentlege profetiane utifrå Israelteologien, kunne føre til at endå fleire kristne tok avstand frå jødane, og dermed den judeo-kristne arva. Kristenfolket burde, av respekt for det folket som gav Bibelen vidare til dei, støtta jødane. Om ein brukar krigen i Libanon som døme, meinte Berg at Vesten svika den judeo-kristne arva når dei ikkje støtta Israel sin sak. Her meinte han Vesten sin manglande vilje til å støtte dei kristne i Libanon, synte at Vesten var like lite villig til å forsvare kristendommen som den var i å forsvare jødedommen.<sup>326</sup>

Sett saman med samfunnsutviklinga særleg inn på 1980-talet, var Berg ikkje i tvil om at Vesten var i ferd med å forkaste den kristne tradisjonen, noko som spegla seg i kritikken mot Israel. «Frelsa, som vi vrakar, er komi frå jødane. Og Frelsaren var ein jøde. Difor er jødehatet i Europa ogso eit bilet på Europas rangsnudde tilhøve til Gud og til si eigi frelse,» skreiv Berg i 1980.<sup>327</sup> Utover 1970-talet, ei tid kor Berg i større grad vart ein aktiv Midtausten-kommentator i *Dagen*, var han ikkje tvil om at det norske samfunnet vart meir sekularisert. Til nå hadde konsensusen blant kristne vore at samfunnet framleis var kristent. Berg meinte kristne tok for gitt at politikarar haldt seg til «skrivne og uskrivne ‘kristendomsparagrafar’». Nå var det ei ny tid kor dette ikkje lenger gjekk ann, meinte Berg. Av den grunn burde kristne, og då kanskje særleg kristne politikarar, kjempa mot dei nye

<sup>325</sup> Brurås, *Arthur Berg*: 117.

<sup>326</sup> «Vestens vonde samvittighet». *Dagen* 8. mars 1981.

<sup>327</sup> «Men Ijoset skin i myrkret». *Dagen* 27. Desember 1980.

truande sekulære tendensane mot den kristne kulturen og det kristne verdigrunnlaget i Noreg.<sup>328</sup>

Det neste punktet Svein Brurås har i si oppdeling glir litt saman med det første. Gjennom historia har jødane opplevd mykje hat og forfølging, med Holocaust som det mest framtredande døme frå nyare tid. På grunn av dette meinte Arthur Berg at verda skulda jødane å gjera opp for vondskapen dei hadde blitt påført. Berg meinte at verda skulda jødane å kunne leva innanfor trygge grenser i sitt eige land. Denne oppfatninga hadde fleire i den norske opinionen, deriblant Ap-høvdingen Haakon Lie.

Men da krigen var slutt, fortalte vår følelse for rettferdighet oss at det jødiske folket måtte få et hjem hvor det ikke mer skulle være utsatt for ydmykelser, forfølgeser, pogromer og massakrer. Hitlers utryddelse av 6 millioner jøder – også hundrer av våre landsmenn av jødisk herkomst – gjorde at det ikke fantes tvil i vår sjel: Jødenes sak var vår sak.<sup>329</sup>

Med krigen så tett opptil, var ikkje sympatién liten her i Noreg. Berg gjekk ved fleire høve så langt at han hevde at det var ein *kristenplikt* å hjelpe jødefolket, noko debatten med Michelsen synte. Sjølv om mange sa at det ikkje var ei kristenplikt å velge side med Israel i Midtaustenkonflikten, ville Berg hevda at det alltid var ei kristenplikt å koma den som var i nød og vart forfølgd til hjelp. «At dette no gjeld det folk som frelsa kom frå, gjer ikkje plikti mindre aktuell. Men burde gjera henne meire kjær.»<sup>330</sup> Berg gjentok ofte at arabarane kunne tapa mange kampar, men at Israel berre kunne tapa ein. Det å sletta ut Israel som stat var jamngodt med å trua jødane med folkemord.<sup>331</sup> Difor meinte han at kristne, og folk elles, skulda å forsvare jødane mot eit nytt folkemord. Slik såg, og slik ser framleis mange situasjonen, særleg mange blant det vestlandske bedehusfolk og andre lågkyrkjelege krinsar.

Når det gjeld dei gamaltestamentlege profetiane, var Arthur Berg av dei som tolka dei dit hen at jødane skulle få vende heim til sitt gamle land – der kor Israel er i dag. Derav var han nok ikkje i tvil om at opprettinga av staten Israel var ei oppfylling av desse. Lik mange andre, var dette noko som kristne hadde venta på skulle skje. Denne begeistringa var ikkje kristenfolket i

<sup>328</sup> Arthur Berg meinte at kristne politikarar ikkje kunne engasjera seg i eit parti med ein ateistisk og/eller materialistisk filosofi. I det politiske miljøet måtte kristne politikarar la den kristne etikk vere leiande for sitt virke, og ikkje lata seg påverka av sekulære ideologiar. Berg, «Den kristnes politiske aktivitet»: 161-168.

<sup>329</sup> Lie, ...slik jeg ser det: 118.

<sup>330</sup> «Anti-judaismen breider seg». *Dagen* 18. februar 1976.

<sup>331</sup> «Israel». *Dagen* 3. januar 1970; «Hva nå i Midt-Østen?». *Dagen* 21. juli 1972.

Noreg sameina om, noko som kom til uttrykk i debatten mellom Berg og Michelsen. Gjennom den fekk me presentert eit konkurrerande bibelsk syn frå Michelsen på dei gamaltestamentlege profetiane, eit syn som Pål Repstad vil hevde dei fleste kristne i dag held seg til. Repstad hevder nemleg at kristne, med ei ukritisk tru på at politikken Israel fører er ei avspeglung av Guds plan, ikkje lenger er eit felles tankegods blant aktive kristne. Oppfatninga Michelsen representerte var at i mange bedehus tala ein om Israel sine handlingar som ein «heilag-krigs-ideologi». Dette speglar Repstad si beskriving av dei mest solidariske Israel-venane. I dette miljøet meinte dei Bibelen tala om framtidige krigar som ville finne stad i samsvar med Guds frelsingsplan, og at krigane i Midtausten nok var desse profeterete krigane. Sjølv om Berg hadde eit Israelteologisk syn, var han ikkje tilhengar at denne måten å lesa Bibelen på. Han åtvara om å «fin-lese» profetiane med det mål å kunne innbille seg at ein kjente til «dag og time» for når profetiane skulle gå i oppfylling. Ingen kan vite når dei ville gå i oppfylling, sa Berg, noko som igjen gjer det vanskeleg å tolke samtidas krigshandlingar utifrå Bibelen.<sup>332</sup> I ei innsending vart Berg spurt om kvifor *Dagen* i større grad ikkje argumenterte bibelsk om Midtausten-situasjonen. Til dette svara Berg at den bibelske argumentasjonen høyrt heime i åndelege og oppbyggelege samanhengar, og at kristne ikkje burde blande det profetiske saman med det politiske når det gjaldt Midtausten-konflikten.<sup>333</sup>

Når kristne tala i politiske samanhengar, var Arthur Berg av den oppfatninga at dei måtte tale på bakgrunn av anerkjente etiske og moralske tradisjonar. Dette leder meg over på det tredje og siste hovudpunkt. For sin politiske vurdering av Midtausten-konflikten argumenterte Berg utifrå rettferdig krig-tradisjonen. Dette er noko han har påpeika ved fleire høve, blant anna i ein diskusjon med Oddvar Skre i 1973. Her vart eit krast innlegg Skre sendte inn gjenstand for diskusjon. Skre meinte her at *Dagen* hadde gått tilbake til ein særskilt konservativ ståstad, kor særleg tilnærminga til Midtausten hadde mange skremmande trekk. Skre kunne ikkje lenger halda ei avis med ein slik ståstad, og sa opp sitt abonnement.<sup>334</sup> Arthur Berg tilbakeviste dette

---

<sup>332</sup> «Bibelen og Israel». *Dagen* 28. januar 1974. Her er det særleg boka Esekiel i Bibelen, og kapitla 38-39, ein siktar til. Desse talar om ein eskatologisk krig – «Gog-kriegen», som skal vere ein endeleg krig. I samtale med Odd Sverre Hove sa han at mange såg på Yom Kippur-kriegen slik, og sa at dette «må vera Gog-kriegen...». Dette var ei tankefelle Berg skal ha styrt unna, då desse tekstane er tvetydige. Denne «applikerings-vilja av tolkingsmessig krevjande tekstar» var noko Berg såg på som uheldig, skriv Hove. Personleg kommunikasjon i e-post frå Odd Sverre Hove, 18. september 2019.

<sup>333</sup> Berg, Arthur. «Svar til Alsaker». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 2, 29. januar, 1970.

<sup>334</sup> Skre skriv i sitt inserat at Ber ikkje er av dei som meinte at Israel har «ein guddomeleg rett» til å overta alt av arabisk land kor det tidlegare har vore busett jødar. Derimot meinte Skre at avisas hadde gått tilbake til sitt gamle konservative syn. Særleg synest han kampanjen «La Israel Leve», som har blitt driven redaksjonelt har nokre skremmande trekk. Han meiner *Dagen* har misbrukt Bibelen ved å visa til at jødane er «Guds folk», og «at det

i ein leiarartikkel, og sa at *Dagen* aldri har vurdert Midtausten-krigen på bibelske premiss. Uavhengig av korleis du tolka Bibelen, omhandla Midtausten-krigen politisk og moralsk folkerett, meinte Berg. Berg skreiv at *Dagen* baserte seg på at FN sitt delingsvedtak frå 1947 var eit rettferdig vedtak. Difor kunne Israel sin krig førast som ein forsvarskrig, altså rettferdig krig.<sup>335</sup> Eit kvart sjølvstendig og fritt land har, slik som Israel, ein rett til å kunne leva i fred bak trygge grensar, meinte Berg. Slik situasjonen var for Israel meinte Arthur Berg at landet var kringsett av fiendar med eitt mål om auge; å utslette staten Israel. I tillegg er jødane i stort mindretal mot omlanda. Når situasjonen var slik, forstod ikkje Berg korleis verdsopinionen kunne gå mot Israel. Jødane hadde berre dette landet, medan arabarane hadde fleire i Midtausten, meinte Berg.<sup>336</sup>

I enkelte kristne miljø eksisterer det ein tendens til at kvar enkelt bibelske overtyding i stor grad pregar haldninga ein har til Israel. På eine sida står dei kristne som meiner det profetiske perspektivet er utan betyding i den utanrikspolitiske samanhengen. Blant desse står gjerne dei som held seg til kyrkjetolkinga, kor ein meiner jødefolket og Israel ikkje har nokon særstilling i Guds sin frelsingsplan. I motsatt ende finn ein dei som meiner Israel står i ein særstilling, og har ein guddommeleg rett som står over folkeretten. For dei blir politisk stønad til Israel og åndskampen ein og same sak, meiner Bjørn Øyvind Fjeld. I dei mest radikale miljøa blir motstandarar av Israel ikkje berre sett på som politiske motstandarar, men òg motstandarar av Gud.<sup>337</sup> Fjeld seier at mange kristne Israelsvener ynskjer å posisjonerer seg mellom desse to ytterpunktta. Dei anerkjenner at opprettinga av staten Israel er ei oppfylling av profetiske løfter, at jødane framleis er Guds utvalde folk og at både Israel og jødane framleis har ein sentral rolle i Guds frelsingsplan.<sup>338</sup> Samstundes må ein vere klar over at det er ein politisk dimensjon over det heile, kor ein utifrå eit politisk perspektiv må vere forsiktig med å trekke konsekvensar. Fjeld grunngjev dette med utgangspunkt i tre forhold. Det første han trekk frem er den avgrensa innsikta kristne har i det profetiske ordet. Ein kan ikkje vere fullstendig sikker på kva som er dei geografiske grensene for Israel si storleik. For det andre kjenner ingen til Guds timeplan, og derav kva tid profeterte hendingar vil skje. Det siste forholdet Fjeld løftar

---

ikkje «nyttar» å kjempa mot dei». Han er kristen og ikkje sionist. Ei heller var han tilhengar av Israelteologien. Med dette sa han opp sitt abbonement, då han ikkje ynskja å bli hjernevaska. Skre, Oddvar. «Teologi og politikk». *Dagen* 31. desember 1973; «Sionisme i Dagen». *Dagen*. 8. desember 1973. Oddvar Skre skriv her at avisar

<sup>335</sup> «Teologi og krigsmoral». *Dagen* 11. desember 1973.

<sup>336</sup> Brurås, Arthur Berg: 117.

<sup>337</sup> Fjeld, Bjørn Ø. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 61.

<sup>338</sup> Fjeld, Bjørn Ø. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 61-62.

fram er at det er viktig å skilje mellom Guds frelsingsplan og den aktuelle politikken dei ulike israelske regjeringane fører.<sup>339</sup> På grunnlag av usikkerheita som desse forholda fører med seg, bør det vere eit skilje mellom det teologiske og kvar enkelt kristen si politiske vurdering.

Arthur Berg meinte sjølv det gjekk eit skilje mellom å diskutere Midtausten-konflikten i ein oppbyggeleg samanheng og å diskutera Midtausten-konflikten politisk samanheng. Sjølve Midtausten-krigen var eit spørjemål om politisk og moralsk folkerett. Denne skulle vurderast utan omsyn til kva fortolking av dei bibelske profetiane ein opererte med. Bergs vurdering av den politiske situasjonen og Midtausten-konflikten var at Israel førte ein rettvis krig i samsvar med rettferdig krig-tradisjonen. I møte med dei konfliktane Israel har stått i, meiner han at motreaksjonane har kome i form av sjølvforsvar, eit sjølvforsvar som kan legitimerast utifrå rettferdig krig-tradisjonen. Han var ikkje fullstendig blind for at Israel kunne handle feil, men han var kritisk til korleis Verdsopinionen etter kvart behandla landet. Det same kan seiast om kristne som fordømte Israel, eller ytra seg kritisk til Israel. Han meinte dei kritiske røystene ikkje forstod kor alvorleg situasjonen for Israel var. Berg meinte fiendane av Israel berre ville vere nøgd med eit senario der Israel ikkje lenger var til.<sup>340</sup> I løpet av tida han som sjefredaktør kan det virke som han synest kristne mista dette perspektivet, noko han stadig minte sine leesarar om.

Sjølv om Arthur Berg var tydeleg på sin stønad til Israel, og ikkje var tvil om at Bibelen tala om spesifikke løftar gjeve av Gud til jødefolket, var han ikkje samd i at Gud utsteder konkrete krigs-etiske karakteristikkar av dei krigane som måtte oppstå i jødefolkets frelsingsplan. Berg meinte det ikkje var grunnlag for å seia noko konkret om kvar enkelt moderne krig i Midtausten utifrå profeti-tekstane.<sup>341</sup> Her møter ein noko av problemet Berg

<sup>339</sup> Fjeld, Bjørn Ø. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 62. Fjeld skriv det slik at «profetordet skal hjelpe oss til en rett orientering i samtiden når løftene oppfylles. Det skal hjelpe oss til å tolke historien. Men profetordet er ikke gitt oss for at vi skal skape historie». Med dette virkar som at Fjeld meiner at profetiane skal hjelpe kristne til å forstå historia. Profetiane skal derimot ikkje bli brukt som middel for at kristne skal kunne ta saken ut av «Guds hender». Fjeld, Bjørn Ø. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge»: 64. I samanheng med eit mogleg norsk EEC-medlemskap, skal Arthur Berg ha skreve «det er ikke helt riktig at jeg går imot EEC-medlemskap på grunn av de bibelske profetier [...] [men] naturligvis må også Bibelens profetier rádspørres.» Det var element frå Berg sin religiøse overtyding som tala for hans EEC-motstand, men han begrunna sin EEC-motstand i omsyn til nasjonal suverentitet, og skepsis til tap av kontroll over utanriks- og forsvars-politikk. Berg, Arthur. «Svar til Øen om EEC». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 2, 3. desember, 1970.

<sup>340</sup> «Fred i Mid-Austen». *Dagen* 25. mai 1981; «Vi og den verden vi lever i». *Dagen* 1. april 1981. Det same kunne seiast om dei som allierte seg med til dømes PLO. I ein leiar frå september 1980 skriv Berg om LO sin kontakt med PLO. Her meiner han om Noreg blir vikla inn i LO sine samtalar og venskapsbyggjing med PLO, godkjenner ein PLO sitt politiske mål om å utslette Israel. «Problemfrei innbyding?». *Dagen* 17. september 1980.

<sup>341</sup> I ein e-postutveksling med Odd Sverre Hove seier Hove at Berg var godt kjent med dei gamalt testamentlege tekstane om «Herrens krigar», ein slags «heilag-krigs-ideologi». Ved ulike krigar som Israel har vore involvert i, har kristne applisert denne tanken om «Herrens krigar» på samtidas krigshandlinger. I følgje Hove meinte Berg

påpeika om å ta i bruk bibelske profetiar om aktuelle politiske hendingar i Midtausten. Sjølv om han var overtyda om at Bibelen tala om framtidige hendingar som ville koma til og skje, påpeika han at ingen kunne vite for visst når tid desse ville finne stad. Berre Gud veit tid og sted for desse hendingane, meinte han. Av den grunn burde ikkje kristne la seg rive for lett med på denne forma Bibel-bruk. Samstundes var han ikkje samd i den forkastinga av ei bokstavtolking av profetiane slik Leif M. Michelsen stod for. Berg ville hevde at uavhengig av bibelfortolking, så var det bibelske prinsipp som tala for at ein med klar rygg kunne støtte Israel. Om eit folk vart forfølgd, plikta kristne å hjelpa dei. Når det i dette tilfelle var jødane, burde kristne verkeleg kjenne si vitjingstid, då det var dette folket som hadde gjeve kristne Bibelen og heile dei sin kultur og tradisjon, altså den judeo-kristne-kulturarva.

---

at dette var ein fallgruve for naive bibellesarar om ein problemfritt overførte «Herrens krigar» på dei moderne krigane, då det herskar stor usikkerheit om Bibelen talar om framtidige krigar. Av den grunn burde dette bli unngått. Personleg kommunikasjon i e-post frå Odd Sverre Hove, 18. september 2019.

## 5 Avslutning

Forholdet mellom tru og politikk er ein tematikk som i dei seinare år har vore relativt fråverande i samfunns- og historieforskinga. Det emosjonelle sin påverknad på folks politiske vurdering er ein faktor som må bli tatt på alvor. Roald Berg hevder at den manglande interessa for trua og det ikkje-rasjonelle har ført til at samfunnsforskjarar har blitt akterutsegla i ei verd religionen openbart har forklaringskraft.<sup>342</sup> I denne avhandlinga har eg sett på korleis trua har spela inn på nordmenns tilnærming til Midtausten-konflikten. Dette er eit tema som kan omfatte mykje, noko som krav ei innsnevring. Av den grunn såg eg nærmare på kva rolle trua har hatt for den vestlandske bedehuskulturens politiske tilnærming til Midtausten-konflikten.

Kristin Norseth, teologiprofessor ved Menighetsfakultetet, vart intervjua av NRK i anledning ei reportasje om bedehuskulturen i Noreg. Norseth meinte bedehuskulturen «har vært svært viktig. Ikke bare i norsk kirkeliv, men i norsk kulturliv og historie».<sup>343</sup> Med den sentrale plassen bedehuskulturen har hatt i Noreg, meiner eg det er viktig å sjå på korleis denne kulturen tilnærma seg samtidsaktuelle spørjemål. I dette er det religiøse aspektet ikkje til å koma unna, då det i stor grad dannar grunnlaget for korleis kulturen vurderer samtidas politikk. For mitt tilfelle vart innfallsvinkelen korleis bedehuskulturen tilnærma seg Midtausten-konflikten.

I denne avhandlinga tok eg utgangspunkt i den kristne avisa *Dagen*, og då den tidlegare sjefredaktøren Arthur Bergs tid i avisa. Ved i stor grad å vere det vestlandske kristenfolkets avis, vil eg hevde at *Dagen* var eit godt utgangspunkt for å få tak i forholdet mellom tru og politikk i den vestlandske bedehuskulturens tilnærming til Midtausten-konflikten. Arthur Berg var, som me har sett, ein toneangjevande redaktør for *Dagens* sterke forsvar av Israel. Under hans sjefredaktørtid vart grunnlaget lagt for *Dagens* solidaritet til Israel. Historisk sett har avisa stått nær den kristne lekmannsrørsla på Vestlandet. Med dette, i kraft av å vere Vestlandets kristenavis, har *Dagen* nok påverka mange kristnes haldningar og meininger i samtidsaktuelle tema. Eg vil hevde at *Dagens* haldning i stor grad har spegla det vestlandske bedehusfolkets haldning til Israel og Midtausten-konflikten, kanskje særleg under Arthur Bergs sjefredaktørtid. Av den grunn ville eg finne ut korleis Berg meinte kristne, utifrå eit politiske perspektiv og eit bibelsk perspektiv, burde tilnærma seg Midtausten-konflikten.

---

<sup>342</sup> Berg, «Misjonshistorie og samfunnsforskning»: 323.

<sup>343</sup> Johannessen, Marthe Synnøve Susort. «I bedehusland». NRK 5. november 2017. <https://www.nrk.no/rogaland/xl/i-bedehusland-1.13715434>.

Arthur Bergs inngang i *Dagen* skulle i første omgang vise seg å bli brokete. Kort tid etter at Berg byrja som redaktør for den kristelege avdeling i *Dagen* oppstod det ein konflikt mellom den sitjande sjefredaktøren Odd Strand og Berg. Denne konflikten skulle bli eit skilje for kva ideologisk veg *Dagen* skulle ta vidare. *Dagen*-styret greidde ikkje å få Strand og Berg til å einast, noko som resulterte i at begge to sa opp sine stillingar. Etter dette skal Berg ha sagt at han ikkje ville tilbake til *Dagen*. Styret skal likevel ha greidd å få han til å vurdera å venda tilbake til avisa, og lukkas til slutt å få han tilbake til avisa, nå som sjefredaktør.

Berg var frå tidleg alder kjent med den teologiske læra om at jødane på eit tidspunkt skulle få att sitt land i det dåverande mandatområdet Palestina. Dette var ei overtyding som skulle følgje han resten av livet og få påverke *Dagens* tilnærming til Midtausten-konflikten. Då staten Israel vart til, var det fleire kristne som hevda at dette var ei oppfylling av landlovande Gud hadde gjeve Abraham i det gamle testamentet. Særleg blant lågkyrkjelege og bedehusfolket stod denne overtydinga sterkt. Israel hausta stor sympati frå denne gruppa. Staten Israel skulle i tillegg få ein sterk tilhengar i den norske arbeidarrørsbla. Det skal likevel seiast at sjølv om sympati til Israel nok var sterkest blant arbeidarrørsbla og kristenfolket i Noreg, var haldninga blant den norske opinionen frå starten av generelt svært pro-israelsk.

Kvífor sympati til Israel frå byrjing var stor i Noreg vil eg hevda kom av særleg to grunnar. Den eine var mange nordmenns oppleving av og medkjensle for lidingane jødane opplevde under andre verdskrig. Dette skapa ei trøng hjå mange for å retta opp mistaka dei meinte hadde blitt gjort mot jødane. Den andre var påverknaden den sterke kristne tradisjonen i Noreg og det lågkyrkjelege engasjementet hadde hatt på folks oppfatning av jødane og Israel. Samanlikna med i dag, var bibelmedvitet blant nordmenn som fekk så godt opprettinga av Israel generelt høgt. Kristendommen hadde vore ein stor del av deira oppseding. Dette førte til at det ikkje berre var ein tendens blant kristne å sjå Midtausten-konflikten med religiøse briller. Eg vil hevde at det var ein meir allmenn tendens blant den norske befolkninga å assosiere utviklinga i Midtausten med Bibelen. Fleire trakk parallellear mellom det bibelske Israel og samtidas Israel, og blanda i dette saman religiøse, historiske, humanitære og politiske trådar med dei moralske.

Den svært pro-israelske haldninga i Noreg og blant Verdsopinionen var noko som derimot skulle endra seg. Etterkvart byrja fleire å heva ei kritisk røyst mot Israel si framferd. Særleg utover 1970-talet kom dette til syne. I tillegg moderte fleire land seg i møte med Midtausten-

konflikten etter Yom Kippur-krigen i frykt for å miste tilgangen på arabisk olje. Forutan om det, byrja folk i større grad å få auga opp for det palestinske folket. Til nå hadde konflikten vore mellom Israel og dei arabiske nabolanda, men utover 1970-talet blei den i større grad ein konflikt mellom Israel og palestinarnane.

For Arthur Berg skulle 1970-talet bli ei tid kor han i større grad engasjerte seg som Midtausten-kommentator. I møte med eit norsk samfunn som var påverka av sekulære bølgjer som kom innover landet, såg Berg seg nøydd til å bli meir klarrøysta i forsvar for dei kristne verdiane. Ungdommen blei særleg prega av ein ny kommersialisert tenåringskultur med antiautoritære og antireligiøse haldningar som medførte eit kulturelt oppbrot. Dette medførte eit tydeleg generasjonsskifte i Noreg, noko som òg kom til syne i haldninga nordmenn hadde til Israel. I den politiske sfären auka kontakten med palestinske leiarar, noko fleire av dei norske Israelsvenane reagerte sterkt imot. Dette var noko *Dagen* òg merka, som Arthur Berg kjente eit sterk høve for å tale imot. Samstundes frykta Arthur Berg at det gryande haldningsskifte til Israel kunne vere med og styrke ein ny global antisemittisme. Dette vart blant anna for Berg bekrefta av resolusjonen FN vedtok i 1975 som stempla sionismen som rasistisk. Med dette intensiverte Berg sitt forsvar av Israel i *Dagen*.

Blant dei mest trufaste Israelsvenane har nok dei fleste tradisjonelt sett vore å finne blant kristenfolket. Særleg innføre bedehuskulturen har solidariteten til Israel tradisjonelt vore sterkt. Likevel er det viktig å påpeike at ikkje alle kristne var samd i at opprettinga av staten Israel hadde ein særeigen bibelsk dimensjon over seg. Mange vil hevde at det ikkje var nokon samanheng mellom dei gamaltestamentlege profetiane i Bibelen og samtidas Israel. Dette danna blant anna grunnlaget for debatten mellom Leif M. Michelsen og Arthur Berg. Michelsen hevda at det ikkje var ei samanheng mellom profetiane og samtidas Israel, medan Berg hevda at det nettopp var ein klar samanheng mellom dei gamaltestamentlege profetiane og Israel.

Det eksisterte ei usemjø om korleis kristne skulle vurdera det politiske Israel sine handlingar i Midtausten-konflikten. I debatten mellom Leif M. Michelsen og Arthur Berg oppfatta Michelsen at Berg baserte si politiske vurdering av Midtausten-konflikten på landlovnadane i Bibelen. Til dette svara Berg at han ikkje la dei bibelske landlovnadane til grunn for si politiske vurdering av situasjonen i Midtausten. Berg meinte at kristne burde vere forsiktig med å blande sine bibelske og politiske vurdering saman i møte med Midtausten-konflikten. Tendensen, som Michelsen blant anna påpeika, var at ein del kristne las dei gamaltestamentlege krigsprofetiar inn i samtidas hendingar i Midtausten. Han meinte dette

var ein farleg tendens, då desse kristne i stor grad gjekk god for nærmast alt det Israel føretok seg. Berg var samd i at denne teologien desse kristne handla etter ikkje var god. Etter hans vurdering var det for stor usikkerheit rundt krigsprofetiane til at kristne kunne ta desse aktivt i bruk som argument i si vurdering av den politiske utviklinga i Midtausten.

Arthur Berg baserte på sin side si politiske vurdering av Midtausten-konflikten først og fremst på «rettferdig krig»-tradisjonen. For denne tradisjonen er det i hovudsak to sett kriterier som dannar grunnlaget for korleis spørjemålet om krig skal behandlast. Det eine settet omhandlar kva som legitimerer retten til å gå i krig (*Jus ad bello*), medan det andre settet omhandlar kva som er moralsk rett krigsføring når krigen er eit faktum (*Jus in bello*). Hovudmålet med denne tradisjonen er å så langt som det er råd å unngå at ein krig tar til. Likevel er det i visse tilfelle krig som blir utfallet på ein konflikt. Dei fleste som har arbeidd med denne tradisjonen vil seie seg eining i at den einaste grunnen for at krig kan rettferdigjera, er viss den skjer i sjølvforsvar mot ein aggressiv motpart. Slik Arthur Berg såg på Israel sine krigshandlingar, meinte han at desse vart gjort i sjølvforsvar for Israels eksistens. Ofte gjentok Berg at dei arabiske nabostatane kunne risikera å tapa fleire kampar, medan Israel, i kraft av å vere den einaste jødiske staten i verda, berre kunne tapa ein. Difor var situasjonen til Israel alltid prekær for Berg når ein krig var i emning. Han hevda med fleire høve at «Israels fortsatte eksistens som stat er og blir alternativet til folkemord».<sup>344</sup>

Dette leiar meg inn på kva grunnlag Arthur Berg meinte at kristne burde støtte opp om Israel. Som nemnt har det teologisk sett herska ei usemjø rundt dei gamaltestamentlege profetiane og korleis kristne, med utgangspunkt i desse, skal forholda seg til staten Israel. Framleis er det stor usemjø rundt dette. Teologen Bjørn Øyvind Fjeld hevda at kor kristne teologisk stilte seg til desse profetiane, kan ha spegla korleis kristne i politiske samanhengar stilte seg til Israel. Den største kritikken var oftast å høyra blant kristne som ikkje såg samanheng mellom profetiane og samtidas Israel. Likeeins var den sterkeste stønaden å finne blant dei som såg ein klar samanheng mellom profetiane og samtidas Israel. Teologisk sett ser me at det var ei usemjø rundt korleis kristne skulle tolke dei bibelske profetiane opp mot situasjonen i Midtausten.

Arthur Berg meinte likevel at denne teologiske usemjø ikkje skulle vere eit hinder for kristnes stønad til Israel. Uavhengig av kva teologisk overtyding kristne hadde av profetiane, meinte Berg at det var nokre overordna grunnar for kvifor kristne burde støtta Israel. For det

---

<sup>344</sup> Sjå til dømes i leiarartiklane «Hva nå i Midt-Østen?», *Dagen* 31. juli 1972; «Israels kamp for livet», *Dagen* 11. oktober 1973 og «Israel i trengsel», *Dagen* 5. september 1978.

første plikta ein kvar kristen å hjelpa eit folk under forfølging. Når det nå gjaldt jødane, burde pliktkjensla verkeleg melde seg. For det andre tala Berg tala om det han kalla den «judeo-kristne arva». Frå jødane fekk dei kristne sin Bibel, sin kultur og sine tradisjonar. Av den grunn burde kristne vere evig taksame for jødefolket, og vise dette arvefolket respekt, med å solidarisera seg til deira sak. Det at nokre teologar i følgje Berg ikkje let seg engasjera og interessera i jødefolkets og Israels sak, hevde han var eit bevis på korleis teologien deira vart til eit teologisk alibi for ikkje å stille seg bak Israel. Korleis kristne kunne la jødehatet gro, og ikkje stå opp i mot det, var for han uforståeleg.<sup>345</sup> Ved at kristne avstod frå å solidarisera seg med Israel, kan med dette tyde på at dei i følgje Berg ikkje var villige til å forsvara eit folk som vart forfølgd. For slik situasjonen var for Berg var jødefolket framleis under forfølging, der Israel var jødefolkets einaste trygge hamn. Han meinte kristne historisk sett har stått bak mange forfølgingar av jødefolket, med korstoga som det beste døme. Når så samtidas kristne fordømte Israel, og i visse tilfelle meinte at staten burde opphøyra å eksistera, meinte Berg at dei etter ein gong ville bli skuldig i jødeforfølgingar. Av den grunn burde kristne i følgje Berg kjenna seg plikta til å ikkje la dette repetera seg, og heller forsvara folket som gav dei kristne Bibelen, den kristne kulturen og dei kristne tradisjonane.

Kor vidt Arthur Berg fekk gjennomslag for sine tankar, er ikkje godt å seia. Nokre vil nok hevde at Berg sitt sterke engasjement heller svekka Israels sak. Det er døme på folk som fann *Dagen* for einsidig og meinte avis mangla omsyn til den andre part i Midtaustenkonflikten.<sup>346</sup> Linn Normand, historieprofessor ved Universitetet i Stavanger, kom i 2016 med boka *Demonization in International Politics*, der ho tek føre seg fenomenet *demonisering*. Ho definerer demonisering som «*ein talehandling som blir brukt til å skape eit bilete av fienden som vond eller i liga med djevelen*».<sup>347</sup> Blant dei kritiske røystene av *Dagens* dekning av

---

<sup>345</sup> Berg, Arthur. «Har Gud støytt Israel frå seg?» *Dagen* 18. januar 1982.

<sup>346</sup> I 1979 skreiv Svein Kippersund i eit inserat i *Dagen* at avisat stod for ei einsidig fanatisme, der avisat i følgje han ikkje makta å sjå saka utifrå nokon annan synsstad enn sin eigen. Han skriv at *Dagen* skal ha lov til ikkje å vere objektiv, men meinte at ei viss nyansering burde vere mogleg å oppnå. Kippersund, Svein. «Dagen og Midtausten-synet». *Dagen* 5. februar 1979. Berg fekk tilsendt eit inserat med eit innlegg som ein innsendar ynskja publisert. I dette inseratet hevda innsendaren at *Dagen* ikkje hadde vist noko solidaritet til dei forfulgte kristne palestiniane. Innsendaren rettar krass kritikk mot *Dagen*, og meinte avisat dreiv med «ukristelig, ensidig og rasitisk hets mot de kristne og muslimske palestinerne». Lunde, Tjerand. «Sionist-rasismen skaper fremmedhat». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 17, 15. september 1983. Berg val å sende innlegget i retur, då han fann innlegget rasistisk og svært urenleg mot «sionistar» og «Judas-kristne». Berg, Arthur. «Kjære Tjerand Lunde». Bergen Byarkiv, Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db. 17, 5. oktober 1983.

<sup>347</sup> Normand, Linn. *Demonization in International Politics : A Barrier to Peace in the Israeli-Palestinian Conflict.* (New York: Palgrave Macmillan US, 2016): 2.

Midtausten, vil nok fleire hevde at applikeringa av omgrepet *demonisering* er høveleg for å beskrive *Dagens* omtale av Israels fiendar. Kor vidt dette skjedde, er noko eg ikkje kan slå fast. For å ha gjeve svar på dette, ville det ha drege avhandlinga i ein retning som ikkje var tiltenkt. Dette er nok heller ei problemstilling som kan vere interessant for ei framtidig avhandling å prøve.

Sjølv om *Dagen* møtte kritiske røyster, var det mange som støtta *Dagens* syn. I tillegg vil eg meine at mange av standpunktene Berg handla utifrå framleis står sterkt blant det vestlandske bedehusfolk i dag. Blant bedehusfolk er det ikkje til å koma unna at deira politiske vurdering i stor grad blir påverka av deira tru. Dette forholdet er noko eg, saman med fleire, meiner ikkje bør settast til side. Me veit at frå dette folket har det vore rekruttert sentrale politikarar både til Stortinget og til den norske regjeringar. Lars Korvald, tidlegare utanriksminister og formann i KrF og Kåre Kristiansen, tidlegare formann og Stortingsrepresentant for KrF, er døme på dette.<sup>348</sup> Av den grunn er det viktig i akademisk forsking å ta truas betyding på alvor, noko som eg i denne avhandlinga har prøvd å gjera.

Når det gjeld Arthur Berg og den vestlandske bedehuskulturen, meiner eg dette er ei relativt upløgd mark når det gjeld akademisk forsking. I denne oppgåva val eg å fokusera på Israel-spørjemålet, men det er fleire andre sakar eg meiner bør vere aktuelle for forsking. Eg kan trekke fram Berg sitt engasjement i EEC-saken, eit engasjement som synte korleis nordmenn inngjekk ideologiske kompromiss for å kjempa i mot ein felles sak. Likevel håpar eg dette bidraget kan å vore med og gjeve eit større innsyn i den vestlandske bedehuskulturen, og då særleg i *Dagen* og Arthur Bergs tilnærming til Midtausten-konflikten.

---

<sup>348</sup> Roald Berg skriv at «troens generelle innflytelse i politikken er historien om en ubrutt kontinuitet gjennom 1800-talet – og senere.» Av markante rikspolitikarar frå 1800-talet trekk Berg fram Lars Oftedal og Jakob Sverdrup, som begge hadde ei tilhørsle til lekmannsrørsla i Noreg. Frå nyare tid trekk Berg fram det samla norske politiske leiarskapet sin hyllest av den norske evangelisten og misjonsleder frå pinseørsla, Aril Edvardsen, ved hans bortgang i 2009. Dette meiner Berg syner det nære forholdet trua og politikken har hatt både for den norske historia og for norsk samtidspolitikk. Berg, «Misjonshistorie og samfunnsforskning»: 330–331.

## **Kjelder**

### **Arkivmateriale**

Bergen Byarkiv:

- Redaktør Arthur Bergs korrespondanse, Db 1-20

### **Aviser**

*Bergens Tidende*: 2015

*Dagbladet*: 2020

*Dagen*: 1957-1985, 2016, 2018, 2020

*Vårt Land*: 2014, 2018

### **Nettstader**

*Medier24*: 2020

*NRK*: 2017

## Litteratur

Andersen, Ole. *Hva med Israel?: Bibelens profetier og verdenshistorien*. Oslo: Lunde forlag, 2018.

Aagedal, Olaf. *Bedehusfolket: Ein studie av bedehuskultur i tre bygder på 1980- og 1990-talet*. Trondheim: Tapir akademiske forlag, 2003.

Bakkevig, Trond & Tomm Kristiansen, *Da Gud skiftet meining : Femti år som forandret kirken*, Oslo: Cappelen Damm, 2018.

Bass, Gary J. "Jus Post Bellum." *Philosophy & Public Affairs* 32, no. 4 (2004): 384-412.

Berg, Arthur. «Bedehus-kulturen i norsk politikk». I *Livssyn og politikk: Kåre Kristiansen 75 år*. Redigert av Grimsmo, Ivar, Guttorm Hansen, Henrik Bargem, Per Magnar Arnstad, Anne Johanne Kvale, Bjørn Øyvind Fjeld, Kristian Rambjør, et al. Oslo: Chr. Schibsteds Forlag, 1995: 123-126.

Berg, Arthur. «Den kristnes politiske aktivitet». I *Vår tid og Bibelens tale*. Redigert av Michelsen, Leif. M., Arnfin Skaaheim, Ove Conrad Hanssen, Carl Fr. Wisløff, Bjørn Willoch, Svein Helland, Ole Øystese, Arthur Berg og Einar Solli. *Vår tid og Bibelens tale*. Oslo: Credo Forlag/Luther Forlag, 1974: 161-168.

Berg, Arthur. *Med Israel i kamp for fred*. Oslo: Lunde forlag, 1979.

Berg, Arthur, red. *Per Faye-Hansen 70 år*. Hermon Forlag, 1986.

Berg, Arthur. *Vi er alle prestar*. Oslo: Indremisjonsforlaget, 1953.

Berg, Roald. «Misjonshistorie og samfunnsforskning». *Nytt Norsk Tidsskrift* 25, no. 3-4 (2009): 322-333.

Botvar, Pål Ketil. «Kristen tro i Norden. Privatisering og svekkelse av religiøse dogmer». I *Folkkyrkor och religiös pluralism – den nordiska religiösa modellen*. Redigert av Gustafsson & Thorleif Pettersson. Stockholm: Verbun Förlag, 2000: 74-96.

Botvar, Pål Ketil & Sunniva E. Holberg. «Religion i politikken – gammelt tema, nye konflikter». I *Religionens tilbakekomst i offentligheten? : Religion, politikk, medier, stat og sivilsamfunn i Norge siden 1980-tallet*. Redigert av Inger Furseth. Oslo: Universitetsforlaget, 2015: 38-68.

Brurås, Svein. *Arthur Berg*. Oslo: Nye Luther Forlag, 1987.

Brurås, Svein. «Arthur Berg: Urvestøendingen fra Østlandet». *Svein Brurås* (blogg). 25. april 2013. [https://bruraas.wordpress.com/foredrag-presentasjoner/arthur-berg-urvestlendingen-fra-ostlandet/#\\_ednref3](https://bruraas.wordpress.com/foredrag-presentasjoner/arthur-berg-urvestlendingen-fra-ostlandet/#_ednref3).

Clark, Gillian. «Desires of the Hangman: Augustine on Legitimized Violence». I *Violence in late Antiquity: Preceptions and Practices*, redigert av Harold A. Drake Aldershot: Ashgate, 2006: 159-168.

Cleveland, William L. *A History of the Modern Middle East* (2. utg.). Boulder, Colo: Westview Press, 2000.

Danielsen, Helge. «USA og den kalde krigen». I *Krig og fred i det lange 20. århundre*. Redigert av Waage, Hilde Henriksen, Rolf Tamnes og Hanne Hagtvedt. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2013: 43-64

Det norske akademiske ordbok, *festschrift*, henta 4. mars 2020 frå <https://www.naub.no/ordbok/festschrift>.

Egeland, Marianne. «Biografi og historieskrivning». *Historisk Tidsskrift* 81, nr. 2-3 (2002): 253-272.

Eide, Martin. *Den redigerende makt : Redaktørrollens norske historie*. Kristiansand: Høyskoleforlaget/IJ-forlaget/Norsk redaktørforening, 2000.

Elstad, Hallgeir. «Frå bibelgruppe til kyrkjeakademi : Då Norsk Kirkeakademi vart til». I *Kirke, protestantisme og samfunn : Festschrift til Professor Dr. Ingun M. Montgomery.* Redigert av Thorkildsen, Dag, Aud V. Tønnessen, Roger Jensen & Ingun Montgomery. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2006: 195-210.

Engstad, Paul. *Statsmann i storm og stille: Trygve Bratteli 1965-1984.* Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1987.

Eriksen, Knut Einar & Helge Øystein Pharo. *Kald Krig Og Internasjonalisering : 1949-1965.* vol. 5, Norsk utenrikspolitikk historie: 1-6. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.

Eriksen, Trond Berg, Andreas Hompland & Eivind Tjønneland. *Et lite land i verden*, vol. 6, Norsk idéhistorie: 1-6. (Oslo: Aschehoug, 2003):

Fjeld, Bjørn Øyvind. «Politisk engasjement og Israel-spørsmålet i Frikirke-Norge». I *Livssyn og politikk: Kåre Kristiansen 70 år.* Redigert av Grimsmo, Ivar, Guttorm Hansen, Henrik Bargem, Per Magnar Arnstad, Anne Johanne Kvale, Bjørn Øyvind Fjeld, Kristian Rambjør, et al. Oslo: Schibsted Forlag, 1995: 53-64.

Fox, Jonathan, *An Introduction to Religion and Politics: Theory and Practice* (2. Utg). Abingdon: Routledge, 2018.

Furre, Berge. *Soga om Lars Oftedal : 1.* Oslo: Samlaget, 1990.

Furuset, Inger. «Religionens tilbakekomst, nedgang eller økende kompleksitet?». I *Religionens tilbakekomst i offentligheten? : Religion, politikk, medier, stat og sivilsamfunn i Norge siden 1980-tallet.* Redigert av Inger Furseth. Oslo: Universitetsforlaget, 2015: 169-182.

Grung, Anne Hege. «Profetier, projeksjoner og fakta på bakken: - Produksjon av håp og håpløsthet i religiøse diskurser om konflikten mellom Israel og palestinerne». *Norsk Teologisk Tidsskrift* 112, nr 1 (2011): 34-51.

Hirsch, Silje Marie. «Mellom bibel og menneskerettigheter : En studie av *Vårt Land* og *Dagens vinkling* av Palestina/Israel-konflikten.» Mastergradsavhandling, Universitetet i Oslo, 2005.

Hjeltnes, Guri. *Imperiet vakler : 1945-2010*, vol 3, Norsk presses historie: 1-4 (1660-2010). Oslo: Universitetsforlaget, 2010.

Jensen, Dag. «Noen trekk i den historiske biografien landskap»: *Historisk Tidsskrift* 81, nr. 2-3 (2002): 273-295

Johansen, Karl Egil. *Jødefolket inntar en særstilling*. Kristiansand: Portal forlag, 2008.

Jølle, Harald Dag. *Innledning til en historiefaglig biografi: Tillegg til Nansen. Oppdageren*. Norges Arktiske Universitet, 2013.

Kjeldstadli, Knut, *Fortiden er ikke hva den en gang var: En innføring i historiefaget* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget, 2013.

Kleppa, Johannes & Paul Odland. *Ordets Folk: Cet Vestlandske Indremisjons forbund 1898-1998*. Straume: Sambåndet, 1998.

Kullerud, Dag. *Dagen: 1919-2019: Kulturett motstemme i hundre år*. Oslo: Cappelen Damm, 2019.

Lie, Haakon. ...*slik jeg ser det: 2: 1975-1983*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1983.

Lunde, Nils Terje. «Krigens legitimitet». I *Militærretikk*, redigert av Lunde, Nils Terje & Bård Mæland. Trondheim: Tapir Akademiske Forland, 2006: 67-92.

Lægreid, Erling. *Nærgående skisser*. Oslo: Samlaget, 2011.

Meital, Yoram. «The Khartoum Conference and Egyptian Policy after the 1967 War : A Reexamination». *Middle East Journal* 64, nr. 1 (2000): 64-82.

Mæland, Bård. «Militær maktanvendelse». I *Militærretikk*, redigert av Lunde, Nils Terje & Bård Mæland. Trondheim: Tapir Akademiske Forland, 2006: 93-114.

Normand, Linn. *Demonization in International Politics : A Barrier to Peace in the Israeli-Palestinian Conflict*. New York: Palgrave Macmillan US, 2016.

Paulsen Reidar, Finn Jarle Sæle, Odd Sverre Hove & Erling Severinsen. «*Bygg Jerusalems murer*»: *Festskrift til Arthur Berg*. Bergen: Visjon, *udatert*.

Reichberg, Gregory M., Henrik Syse & Endre Begby. *The ethics of war*. Blackwell Publishing, 2006.

Repstad, Pål. *Dype, stille, sterke, milde: Religiøs makt i dagens Norge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2002.

Riiser, Sigvart. «Bidrag til portrettet av en god venn». I «*Bygg Jerusalems murer*»: *Festskrift til Arthur Berg*. Redigert av Paulsen Reidar, Finn Jarle Sæle, Odd Sverre Hove & Erling Severinsen. Bergen: Visjon, *udatert*: 13-16

Rolfsen, Raag. «Rettferdig krig i vår tid». I *Etikk og militærmakt*. Redigert av Lunde, Nils Terje & Janne Haaland Matlary. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2009: 163-188.

Seip, Jens Arup. *Problemer og metode i historieforskningen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1983.

Seland, Bjørg. *Religion på det fire marked : Folkelig pietisme og bedehuskultur*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2006.

Seland, Bjørg. «Revolusjon i bygda – vekkingskristendommen som endringsprosjekt». I *Mellom gammalt og nytt: Kristendom i Norge på 1800- og 1900-talet*. Redigert av Dørum, Knut og Helje Kringlebotn Sødal. Bergen: Fagbokforlaget, 2016: 171-188.

Seland, Bjørg & Olaf Aagedal. *Vekkelsesvind: Den norske vekkingskristendommen*. Det Norske Samlaget, 2008.

Skarsaune, Oskar. «Staten Israel i lys av Bibelens landløfter». I *Israel 50 år*, redigert av Nils Jacob Tønnessen. Oslo: Luther Forlag, 1998: 149-172.

Slagstad, Rune. *De nasjonale strateger*. Pax Forlag, 1998.

Smith-Meyer, Trond & Kristin S. Orgeret. «Avis». *Store Norske Leksikon*. 3. juni 2020. Henta frå <https://snl.no/avis>.

Solberg, Tarjei. *Stort sprang, små steg: Kåre Willochs og Høyres endrede syn på Israel-Palestina-konflikten 1965-1990*. Mastergradsavhandling. Universitetet i Oslo, 2013.

Strandå, Tom Rune. *Arbeidernes Ungdomsfylking og Midt-østen-konflikten, 1948-1996*. Mastergradsavhandling. Universitetet i Oslo, 2010.

Syse, Henrik. «Legitimitet og allianser – noen etiske ettertanker». I *Selvstendig og beskyttet: Det stormaktsgarantere Norge fra Krimkrigen til NATO*, redigert av Roald Berg. Bergen: Fagbokforlaget, 2008: 152-161.

Syse, Henrik. *Rettferdig krig? : Om militærmakt, etikk og idealer*. Oslo: Aschehoug, 2003.

Sødal, Helje Kringlebotn. «Skolens vekst og fall som kirkelig institusjon». I *Mellan gammelt og nytt: Kristendom i Norge på 1800- og 1900-tallet*. Redigert av Dørum, Knut & Helje K. Sødal. Bergen: Fagbokforlaget, 2014: 59-74.

Tamnes, Rolf. *Oljealder : 1965-1995*. vol. 6, Norsk utenrikspolitikks historie: 1-6. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.

Tveit, Odd Karsten. *Alt for Israel : Oslo – Jerusalem 1948-78*. Oslo: Cappelens Forlag, 1996.

Tveit, Odd Karsten. *Krig og Diplomati : Oslo – Jerusalem 1978-96*. Oslo: Aschehoug, 2005.

Øidne, Gabriel. «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet». *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Redigert av Aagedal, Olav. Oslo: Den Norske Samlaget, 1986: 40-58.

Waage, Hilde Henriksen. *Da staten Israel ble til : et stridsstridssørsmål i norsk politikk 1945-1949*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1989.

Waage, Hilde Henriksen. «How Norway Became One of Israel's Best Friends.» *Journal og Peace Research* 37, nr. 2 (2000): 189-211

Waage, Hilde Henriksen. *Konflikt og stormaktspolitikk i Midtøsten*. Kristiansand: Cappelen Damm Akademisk, 2013.

Waage, Hilde Henriksen. «Midtøsten – konfliktenes region». I *Krig og fred i det lange 20. århundre*. Redigert av Waage, Hilde Henriksen, Rolf Tamnes og Hanne Hagtvædt. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2013: 115-136.

Waage, Hilde Henriksen. *Norge – Israels beste venn : norsk Midtøsten-politikk 1949-1956*. Oslo: Universitetsforlaget, 1996.

Waage, Hilde Henriksen. “*Peacemaking Is a Risky Business*”: *Norway’s Role in the Peace Process in the Middle East, 1993-1996*. Oslo: International Peace Research Institute (PRIO), 2004.